

# **Årsrapport 2013**

**Fylkesmannen i Sogn og Fjordane**

## Innhold

<b>Kapittel 1 - Om embetet</b>	Side 4
<b>Kapittel 2 - Sentrale politiske føringer</b>	Side 12
<b>Kapittel 3 - Resultatområder</b>	Side 18
Kongehuset	Side 18
Miljøverndepartementet	Side 18
Landbruks- og matdepartementet	Side 25
Kunnskapsdepartementet	Side 35
Statens Helsetilsyn	Side 53
Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet	Side 56
Justis- og beredskapsdepartementet	Side 62
Kommunal- og regionaldepartementet	Side 67
Arbeidsdepartementet	Side 71
Helse- og omsorgsdepartementet	Side 74
Samferdselsdepartementet	Side 83
Utenriksdepartementet	Side 83
Kulturdepartementet	Side 83
Fomyings-, administrasjons- og kirke departementet	Side 84
Andre	Side 88
Endringer i årsrapporten	Side 89

Embete:

## Vi helsar jakta på tidstjuvar velkomen

Regjeringa har pålagt alle statlege verksemder å fjerne tidstjuvar i eiga verksemd til neste år, og å rapportere innan 1. september 2014 kva vi sjølve har tenkt å gjere. Dette er eit godt initiativ. Vi ser fram til å halde fram med å bidra til forenkla og fornye offentleg sektor.

I [Difi-rapporten 2013:11](#) om direktorata si rolle i gjennomføringa av nasjonal politikk, vert det synt til at direktorata i perioden 2003-13 har hatt ein vekst i talet på tilsette med 23 prosent, og departementa 16 prosent. Fylkesmennene har lege stabilt, trass i fleire oppgåver og auka forventningar. Difor har effektivisering og fornying lenge vore ein naudsynt del av kvardagen vår. Fylkesmennene har samarbeidd om å utvikle digitale løysingar, til dømes elektronisk løysing for fritt rettsråd og partistøtte. I desember 2012 vart nye fylkesmannen.no lansert, og 18 embete fekk nye heimesider til ein total prosjektkostnad av 3,7 mill. kroner. Eg trur ein skal leite lenge for å finne ei portalløysing for så mange verksemder til ein slik pris. Samstundes er det viktig å utvikle fylkesmannsportalen med fleire og betre løysingar for brukarane våre, t.d. elektroniske skjema.

På oppdrag frå Fornyingsdepartementet (FAD) koordinerte vi i 2011 ei kartlegging og vurdering av nye elektroniske tenester som kan utviklast for fylkesmennene, både for å effektivisere eiga verksemd og levere betre tenester. Vi håpar Kommunal- og moderniseringsdepartement snart set av ressursar slik at vi kjem i gang med dette viktige arbeidet.

Oppdraget om å fjerne tidstjuvar gir òg rom for å peike på pålegg og regelverk som gjer oppgåveløysinga meir tungvint. Vi håpar at kommunane får same høve til å gje tilbakemelding. Det held ikkje å spørje statlege styresmakter enkeltvis om kva føringar og rapporteringskrav som kan kuttast for å frigjere ressursar til den eigentlege jobben med å yte gode tenester til innbyggjarane. Eit departement eller direktorat ser ikkje kvar for seg summen av krav og forventningar som vert stilt.

Etter eit møte med Forskingsrådet om forskingsbasert innovasjon i offentleg sektor, har vi, i samarbeid med KS, fylkeskommunen og Nav, teke initiativ til eit prosjekt for å kartleggje statlege rapporteringskrav til kommunesektoren. Hausten 2013 fekk vi tildelt midlar frå regionalt forskingsfond Vestlandet til forprosjektet [Rapporteringskrav mot kommunane: eit nedanfrå-og-opp-prosjekt](#). Høgskulen i Sogn og Fjordane og Vestlandsforskning skal gjennomføre forprosjektet, som skal munne ut i eit offentleg innovasjonsprosjekt som har til siktemål å føreslå enklare og betre rapporteringsordningar mellom staten og kommunesektoren.

Vi ser fram til å føreslå kva tidstjuvar som kan kuttast. Eg kan nemne at vi i 2008 sende eit brev til FAD om store ressursar til rapportering, der vi la ved eit samla oversyn over rapporteringskrava frå dei ulike oppdragsgjevarane våre. Eg vil tru det meste av innhaldet stadig er aktuelt. Difor vil eg gjere merksam på at jakta på tidstjuvar skaper store forventningar om at det faktisk skjer endringar, ikkje minst for føringar, pålegg og krav som kjem frå den sentrale statsforvaltninga.

Leikanger, 26.02.2014

Anne Karin Hamre

# Kapittel 1 - Om embetet

## 1.1 Tilstanden i embetet og fylket generelt

### Innleiing

To indre prosessar har prega Fylkesmannen i 2013. Vi gjennomført ein organisasjonsgjennomgang som førte til at vi oppretta ei ny avdeling, juridisk avdeling. Dernest har vi vedteke ny strategiplan.

### Heilskapleg og strategisk leiing

Den nye strategiplanen gjeld for perioden 2014 til 2017. Vi har gjennom året opplevd eit stort engasjement frå dei tilsette både i utarbeidinga og i starten av gjennomføringa av den nye strategiplanen.

I den nye strategiplanen har vi kome fram til seks hovudmål:

- Fylkesmannen har ein kompetent kriseorganisasjon med god kunnskap om risikoar for samfunnet. Vi er pådrivar og koordinator overfor kommunane og andre etatar for å gjere fylket så trygt som mogleg.
- Gjennom rettleiing, tilsyn og klagebehandling skal Fylkesmannen sjå til at innbyggjarane får dei rettane dei har krav på, og vere ein medspelar i å sikre god kvalitet på kommunale tenester.
- Fylkesmannen skal på eige initiativ hjelpe kommunane med å lage oppdaterte planar for samfunnsutvikling og arealbruk, tilpassa utfordringane.
- Fylkesmannen vil gjennom samhandling med nasjonale styresmakter, nabofylka og andre regionale etatar i fylket bidra til ei positiv utvikling i Sogn og Fjordane.
- Fylkesmannen er synleg, tilgjengeleg og løysingsorientert. Bodskapen vår skal nå fram til dei som treng han.
- Fylkesmannen har kompetente medarbeidarar som trivst på jobben.

Til kvart mål har vi utarbeidd meir konkrete strategiar, som skal hjelpe oss til å nå måla.

I 2013 gjennomførte vi to samlingar for nyttilsette med informasjon om rollene og oppgåvene våre. Vi har òg gjennomført to samlingar med leiaropplæring for avdelingsleiarar og mellomleiarar. I den første såg vi på overordna føringar, rolleforståing og personalhandtering i praksis, mellom anna med gjennomgang av interne retningslinjer. I den andre leigde vi inn konsulent frå AFF der temaet var kommunikasjon og rettleiing. I etterkant av leiaropplæringa har vi bestemt oss for å ha felles leiarmøte tre gonger i året mellom avdelingsleiarane og mellomleiarane, der vi legg vekt på saker som gjeld budsjett, personal og årsplanlegging. Elles har vi faste møte for leiargruppa annankvar måndag.

### Risikovurderingar

I 2013 har vi risikovurdert den nye strategiplanen og alle embets- og avdelingsprosjekt. Faktorar med høg risiko er følgde opp kvartalsvis. Vi har avklara dei verksemdskritiske områda, men er ikkje heilt ferdige med risikovurderinga. Dette vert gjort i første kvartal i 2014.

Vi ser at risikovurderingar kan vere eit nyttig verktøy for å avdekkje kritiske faktorar i konkrete arbeidsoppgåver. Likevel krev dette verktøyet i seg sjølv ressursar. Vi er opptekne av å ha ein rett balanse mellom tidsbruk og nytteverdi. Samstundes opplever vi at Riksrevisjonen etterspør dokumentasjon av risikovurderingar på stadig fleire område, med tilvising til reglementet om økonomistyring i staten. Oppdraget vårt på området er generelt formulert i tildelingsbrevet. Vi meiner det vil vere føremålstenleg om oppdraget vert meir konkret.

Vi vil leggje til at vi sjølv sagt alltid har eit blick både på korleis vi løyser oppgåvene våre og kva som fungerer bra og mindre bra i organisasjonen, utan at vi brukar den meir omfattande systematikken for risikovurderingar.

### Organisasjonsgjennomgang og ny juridisk avdeling

I organisasjonsgjennomgangen såg vi spesielt på organiseringa av planarbeid, beredskap og juridisk kompetanse. Konklusjonen vart at vi oppretta ei ny juridisk avdeling, medan beredskap vart verande i staben. Det vart heller ingen endringar i planarbeidet. Der ligg koordineringsfunksjonen i miljøvernavdelinga, medan andre avdelingar kjem med innspel til planar på eigne fagområde.

Viktigaste grunnen til at vi oppretta den nye avdelinga, er at juridisk kompetanse er ein knapp ressurs vi ønskjer å

styre meir målretta, og dessutan at vi lettare kan få dobbelkompetanse på viktige juridiske fagområde samanlikna med at somme avdelingar før hadde berre ein jurist. I den nye organiseringa legg vi vekt på at juridisk kompetanse skal støtte annan fagkompetanse i embetet. Dette er streka under av at somme juristar skal ha kontor saman med andre fagavdelingar, sjølv om dei er ein del av juridisk avdeling.

Opprettinga av ny avdeling gav også støyten til omorganisering av kontorplassar. Vi innsåg til dømes at utdanningsavdelinga og helse- og sosialavdelinga har tilgrensande ansvarsområde, og at dei difor bør sitje saman.

No har vi desse avdelingane: Administrasjon (og IKT), utdanning, miljøvern (med plankoordinatorar), helse- og sosial, juridisk og landbruk. I tillegg har vi ein stab der beredskapseininga går inn. Landbruksavdelinga og to av juristane held til i Førde, og dei andre avdelingane på Leikanger. Utstrekt bruk av videomøte er eit viktig hjelpemiddel når vi har to kontorstadar.

Organisasjonsgjennomgangen avdekte òg at somme tilsette på ulike avdelingar har hatt lite kunnskap om kvarandre. I haust har vi lagt endå meir vekt på å auke kunnskapen om andre avdelingar, og å avdekkje fleire område på tvers av avdelingane som det er naturleg å samarbeide om. Tiltak er til dømes:

- Vi gjennomfører med jamne mellomrom lunsjmøte der alle tilsette vert inviterte til å få informasjon om viktige satsingar. Tema i 2013 har vore mellom anna miljøfyrtårn, verjemål, godt språk, IKT-tryggleik og helse, miljø og tryggleik.
- Frå 2013 har vi gjennomført felles møte mellom fleire avdelingar, to gonger i året. Tilbakemeldingane frå dei tilsette er gode.
- Vi har faste nettverk for å auke læringa på tvers i embetet. Døme er kommunegruppa, som mellom anna arbeider med kommunebilete, og tilsynsgruppa, som samordnar tilsyna våre.
- Vi gjennomfører kvart år det vi kallar embetsprosjekt, som går ut på at alle avdelingar arbeider saman om å nå felles mål. Tidlegare har vi til dømes hatt embetsprosjekta kommunedialog, samfunnstryggleik i kvardagen, samhandling og læring, elektronisk sakshandsaming, grøn stat og planløftet. I 2013 har vi arbeidd med to embetsprosjekt; sjumilssteget og rettstryggleiksløftet. Etter mønster frå Fylkesmannen i Troms handlar sjumilssteget om å gjennomføre barnekonvensjonen i kommunane slik at rettane til born vert sikra på tvers av fagetatar. Rettstryggleiksløftet går ut på heve kunnskapsnivået om og etterlevinga av grunnleggjande sakshandsamingsreglar både hjå oss og i kommunane. Begge embetsprosjekta har vorte tekne godt imot av kommunane.

## Rekruttere og behalde kompetanse

Det er framleis ei utfordring at aktuelle kandidatar til stillingar hjå oss ofte har høgare løn enn våre eigne erfarne medarbeidarar. Dermed må vi stadig oftare tilby høgare løn enn vi planla då vi lyste ut stillinga, og det skapar forventningar til lønsutviklinga for heile embetet. Vi har også i år mista erfarne og viktige medarbeidarar til andre offentlege verksemdar. Likevel var det berre fem tilsette som slutta i 2013, av om lag 130 medarbeidarar.

## Samarbeid

I samsvar med oppdrag frå departement og direktorat held vi jamlege fagsamlingar for kommunetilsette med opplæring innanfor til dømes plan- og bygg, helse- og sosial, utdanning og beredskap.

Vi har også, som ledd i satsinga vår på samhandling og læring, halde fram med ulike nettverk på område der vi meiner det er særleg viktig med erfaringsutveksling, til dømes helse, folkehelse og omsorg, kommunal planlegging, landbruk- og miljøforvaltning og kommuneøkonomi.

I tillegg har vi som regel seks drøftingsmøte i året med leiinga i fylkeskommunen, to med KS og eitt med Nav. Vi har òg eit årleg møte med UDI, IMDi, Nav og KS der vi drøftar problemstillingar på asyl- og flyktningområdet.

Vi planlegg kommunekonferansen på våren og rådmannssamlinga på hausten i samråd med KS. Samlingane er viktige møtepunkt for å informere om statleg politikk, få innspel til sentrale styresmakter og å skape eit godt samarbeidsklima.

Vi har fått sær gode tilbakemeldingar frå kommunane på korleis vi arbeider med det vi etter mønster frå Rogaland kallar «læringstilsyn» med kommunar på utdannings- og helse- og sosialområdet. Læringstilsyn går ut på at medan vi utfører systemrevisjon med utvalt tilsynskommune, utfører nabokommunane «eigentilsyn» etter rettleiing om same mal. Til slutt går vi gjennom erfaringane saman med alle kommunane og peikar på kva som må forbetrast. På denne måten femner vi om fleire kommunar, medan kommunane sjølve gjev uttrykk for at dei lærer meir av «eigentilsyn» enn at Fylkesmannen fører tilsyn. Dei få tilsyna vi så langt har gjennomført med kommunar som kort tid før har vore gjennom «eigentilsyn», viser uvanleg få avvik.

Ved jamlege kommunemøte har vi teke eit anna grep, som går ut på at vi møter tre til fire kommunar saman. På den måten kan vi møte kommunane to gonger kvar valperiode, og samstundes får både vi og kommunane høve til å sjå utfordringane i eit større perspektiv. Vi har møtt alle kommunane ein gong denne valperioden, og har så langt gode erfaringar. Vi byrjar neste runde når prosessen for kommunereforma er klarlagt. I tillegg dei jamlege møta kjem sjølvsagt møte med einskilde kommunar ved spesielle behov. Kommuneøkonomi og ressurskrevjande brukarar er gjennomgåande tema i slike møte.

### **Utoverretta verksemd mot publikum**

For å nå meir ut med informasjon til publikum, har vi sidan 2009 har vi stått bak fylkesmannsbloggen. Der tek vi opp allmenne problemstillingar, stort sett annankvar veke. I 2013 har vi mellom anna teke opp barnevern, verjemålsreform, rettstryggleik for folk flest, verdiskaping og utvikling i landbruket, rettane til born, mobbing, jordvern, beredskap, røysterettsjubileet, nasjonalparkane, trafikkdøden, Ivar-Aasen-jubileet, demens, kommuneøkonomi og dessutan fylkesjubileet og framtida til fylket. Somme av bloggane er også trykte som innlegg i avisene i fylket. I 2013 hadde bloggen i gjennomsnitt 3800 treff kvar månad fordelt på 900 unike gjester.

Vi har også skrive kronikkar som er sende rundt til avisene i fylket, og lagt ut mange informasjonssaker på nettsidene våre, både aktuelle klage- og tilsynssaker og generell informasjon.

### **Verjemålsreform**

Ansvar for verjemålsområdet i førsteinstans vart ei ny oppgåve for oss då vi overtok oppgåva frå kommunane 1. juli 2013. Sjølve overføringa av saksopplysningar frå kommunane gjekk bra i vårt fylke. Som andre fylkesmenn har vi likevel hatt store utfordringar med å handtere saksfeltet i og med at den sentrale sakshandsamingsløysinga for verjemål ikkje har fungert. Vi valde å handsame saker ved hjelp av eigne arkivrutinar, i staden for å nytte den sentrale løysinga. Fordelen har vore at vi har unngått mykje frustrasjon og forseinkingar med eit saktegåande og ustabil system. Ulempa er at vi har måtta lage og halde ved like alternative arkivrutinar, og at vi etter kvart har mange brev og saksopplysningar som før eller sidan må inn i den sentrale løysinga om ho byrjar å fungere etter planen.

### **Kriser og beredskap**

I 2013 vart fylket råka av tre hendingar som prega arbeidet vårt på beredskapsområdet. Den første var tunnelbrannen Gudvangatunnelen i Aurland, der det heldigvis ikkje gjekk med menneskeliv. Den andre var ulukka i Fardal i Sogndal der to bussar krasja og to passasjerar døydde. Den siste var då ein asylsøkjjar drap tre passasjerar på bussen i Årdal. Særleg i den første har vi vore aktivt med i evalueringsarbeidet, medan vi i dei andre har kome med råd og tilbod til kommunen.

Då storbrannen råka Lærdalsøyri 19. januar 2014 tok vi del i kriseleiinga til kommunen i tillegg til at vi samla fylkesberedskapsrådet og formidla vidare behova frå kommunen. Vi reknar med at vi i 2014 vil nytte mykje ressursar på å følgje opp brannen, både på beredskap og på kommuneøkonomi.

Hovudkonklusjonane frå hendingane har vore at den lokale beredskapen har fungert bra, men evalueringane har òg avdekt at det stadig er behov for å betre samhandlinga mellom dei involverte etatane.

Vi er glade for signala som har kome frå Justis- og beredskapsdepartementet siste tida, om at organisering av beredskapsetatar skal vurderast samla. Som nemnt i føreordet i årsrapporten for 2012, meiner vi at ei sektortenkning som går ut på å organisere kvar beredskapsetat utan omsyn til heilskapen, kan svekkje samhandlinga. Vi har i fleire høyringsfråsegner framheva at samhandlinga ofte kan fremjast ved å byggje på fylkesstrukturen.

### **Oppgåver innanfor informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT)**

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane ligg langt framme med nasjonale oppgåver innanfor IKT. I IKT-seksjonen arbeider det 15 personar, med oppgåver knytt til drift, forvaltning og utvikling av nasjonale IKT-løysingar for fylkesmennene.

I 2013 har vi på oppdrag Fornyings- og administrasjonsdepartementet oppgradert sakshandsamingsløysinga for partistøtte og partilovnemnda. Vi har også arbeidd vidare med trippelnett, altså forbetringar av nettsidene til fylkesmennene, nye nettsider for informasjon og oppdrag til fylkesmennene (FM-nett) og nye intranettsider for fylkesmennene. I arbeidet med trippelnett opplever vi ei særskilt utfordring med at det er eit mishøve mellom forventningane frå andre fylkesmenn og kva ressursar vi har fått til rådvelde.

For Justis- og beredskapsdepartementet hadde vi stor aktivitet første halvår 2013 med datafangstportalen, der kommunane i forkant av verjemålsreforma la inn dokument og opplysningar for pågåande verjemål. Datafangstportalen vart også nytta som eit utgangspunkt for ei forenkla sakshandsamingsløysing sommaren 2013 då det viste seg at den nye løysinga for verjemål ikkje fungerte. I tillegg har vi marknadsført og drive opplæring på den oppgraderte fri rettshjelp-løysinga vi lanserte hausten 2012, og vi har utarbeidd eit framlegg til utviding.

For Miljødirektoratet har vi oppgradert sjøfangst- og lakseregisteret.

Vi ønskjer å ta del i satsinga frå Regjeringa om å redusere tidstjuvar og å digitalisere forvaltninga. Nærare bestemt ønskjer vi å vere med på å identifisere tenester som eignar seg for å digitaliserast, stå for utviklingsoppdrag av mindre omfang, og å vere rådgjevar i større prosjekt, slik at vi er ein ressurs for både for sentralforvaltninga og for andre fylkesmenn. Vi viser i den samanhengen til prosjekta våre frå 2009 til 2011 med kartlegging av tenester som kan digitaliserast, og til dei konkrete initiativa vi i 2013 tok for å digitalisere førarkortsaker, saker om tilskot og saker om separasjon og skilsmål.

## **Stat-næring**

Etter vårt initiativ vart samarbeidsprosjektet stat – næringsliv Sogn og Fjordane etablert i juni 2012. Prosjektet vil halde fram ut 2014, og har som hovudmål å betre dialogen mellom statsetatar og næringslivet i fylket. Fem statlege etatar tek del i prosjektet: Fylkesmannen, Nav, Høgskulen i Sogn og Fjordane, Innovasjon Noreg og Skatt Vest, i tillegg til NHO og LO. Leiarane i fylkesledda utgjer styringsgruppa. Ein prosjektleiar i halv stilling står for den daglege drifta. Prosjektet skal arbeide med konkrete problemstillingar som skal tilfredsstillere behov i næringslivet, til dømes ved å fange opp forskings- og utviklingsbehov, eller å leggje betre til rette for arbeidsinnvandring og integrering.

## **Sakshandsaming og innsyn**

I 2013 registrerte vi 13 981 inngåande journalpostar, ein auke med 358 frå året før. Talet på utgåande journalpostar var 8 425, ein nedgang med 1 032 frå året før.

I 2013 fekk vi dessutan 3 428 innsynskrav, 129 færre enn i 2012. Talet på innsynskrav har dermed stabilisert seg, etter den store auken som kom då offentleg elektronisk postjournal vart innført i 2010. Vi gav i 2013 heilt eller delvis avslag på 219 innsynskrav, mot 235 i 2012, 100 i 2011 og 4 i 2010. I 2013 fekk vi 17 klager på avslag, mot 40 året før.

## **Prioriteringar**

Ressurstilgangen for fylkesmennene gjer at vi må prioritere tøffare mellom arbeidsoppgåvene våre. Arbeidsoppgåver vi har prioritert ned dei siste åra er til dømes:

### Helse- og sosial

Fylkesmannsembeta har hatt stor oppgåveauke innan helseområdet siste åra utan å ha fått tilført meir ressursar. Departementet har bede oss prioritere lovpålagde oppgåver, særleg dei som gjeld rettane til enkeltpersonar. I tråd med dette prioriterte vi i 2013 ned læringsnettverk (bortsett frå på beredskap) og dialogmøte med kommunane om forbetningsarbeid. Helsetilsynet har også gitt klar prioriteringsinstruks for tilsyn.

### Beredskap

Vi har i 2013 prioritert ned å følge opp at fylkeskommunen tek omsyn til samfunnstryggleik i mål og strategiar for regional planlegging. Vidare har vi prioritert ned oppgåver som gjeld atomberedskap, og å kome med informasjon til NVE om fareområde for flaum og skred.

### Landbruk

På skogbruksområdet har vi dei siste par åra omprioritert oppgåvene for å rydde opp etter orkanen Dagmar i desember 2011. Vi har derfor til dømes ikkje hatt kapasitet til å følge opp arbeidet i kommunane med hovudplanar for skogsvegar.

### Utdanning

Departement har gjeve oppdrag om å føre tilsyn med introduksjonsordninga, og forventar omdisponering av ressursar frå tilskotsforvaltning som er overført til IMDi. Vi meiner tilsyn krev meir ressursar enn tilskotsforvaltning, og vi kan ikkje nytte same personar fordi det trengst andre faglege eigenskapar. Vi har

gjennomført tilsyna, men ser at vi ikkje har ressursar til å rettleie kommunane om krava i introduksjonsordninga i det omfanget det er behov for.

### Plan- og miljøvern

Vi har prioritert ned oppgåver der det er delt ansvar med andre etatar, og der vi meiner vi har eit uklart oppdrag. Døme er områda fylkeskommunane har fått ansvar for; klima, friluftsliv, tettstadsproblematikk, kommunal planstrategi og samfunnsdelen til kommuneplanen. Av same grunn prioriterer vi ned vassforskrifta og akvakultur, der fiskeristyresmaktene har eit ansvar. Etter opprettinga av verneområdestyre for nasjonalparkar og landskapsvernområde avgrensar vi vår innsats på området til tilrettelegging og personaloppfølging av verneområdeforvaltarane. I tillegg prioriterer vi bevisst ned deltaking på sentrale samlingar og konferansar. Dersom det ligg til rette for det, deltar vi helst via videokonferanse eller telefon.

### **Sogn og Fjordane fylke 250 år og stemmerettsjubileet**

Fylket vårt fylte 250 år 19. september 2013, og dette vart markert med ulike tilskipingar heile året over det meste av fylket. Vi samarbeidde med fylkeskommunen, KS og Bjørgvin bispedømmeråd om hovudprogrammet. Nokre høgdepunkt frå feiringa var historieseminar, jubileumsgudstenester, turskirenn og turløp, konsert med lokale artistar og Kringkastingsorkesteret, framtidskonferanse med vekt på ungdom, og ikkje minst folkefesten 19. september, der eit vidt spenn av lokale artistar opptredde.

Vi bidrog òg til å markere stemmerettsjubileet i 2013. Vi heldt føredrag på ungdommens fylkesting, var med fylkestinget og andre på hovudarrangementet på Sunnfjord Museum 11. juni, og vi tok del i markeringa av jubileumsprosjektet Kvinnestemmer frå Sogn og Fjordane, ei vandretstilling med portrett av kvinner frå alle kommunane i fylket som på ulike måtar har sett spor etter seg.

### **Kommunereform**

Vi helsar velkommen ei kommunereform. Dei mange samarbeidsstrukturane mellom kommunane som ofte er naudsynte for å få gode tenester, er ei utfordring for lokaldemokratiet.

Dersom ei kommunereform skal bli vellukka, er vårt syn at det må formulerast klare og tydelege målsetnader for kva som skal oppnåast, som blir førande for reforma. Vi håpar dessutan at reforma ikkje berre ser på kommunestrukturen, men også at oppgåvefordelinga blir vurdert med sikte på å få best mogleg tenester for innbyggjarane. Dessutan vil det for våre kommunar vere ein fordel dersom tilskot til utgreiing ikkje vert tekne frå den eksisterande skjønssramma som er meint å kome kommunar med spesielle økonomiske utfordringar til gode. Elles minner vi om at det for spreiddbygde fylke som vårt, nøye bør vurderast korleis ein eventuell ny kommunestruktur kan stå for gode tenester for dei som bur langt unna eit nytt kommunesenter.

### **Kommuneøkonomi**

Ved utgangen av 2013 var fire av dei 26 kommunane i fylket i Robek-registeret, Vik, Lærdal, Årdal og Bremanger. Flora kommune vart meldt ut i 2013, medan Lærdal og Årdal kom inn. I statsbudsjettet for 2013 var det i gjennomsnitt for kommunane her lagt opp til ein realvekst i frie inntekter på 0,1 prosent, landsgjennomsnittet var 0,8 prosent. Samla sett fekk kommunane meir skatteinntekter enn prognosen i statsbudsjettet, men utviklinga for våre kommunar vart noko lågare enn for landet. I sum får kommunane i fylket frie inntekter på nivå med det som opphavleg var lagt inn i statsbudsjettet. Førøelse tal for utgiftsveksten ligg under det som var lagt til grunn i statsbudsjettet. Langsiktig gjeld målt mot inntektene ligg over landsgjennomsnittet. Lågt rentenivå har bidrege positivt til kommuneøkonomien. Kommunane som har plasseringar i verdipapirmarknaden, kan bokføre ein verdiauke i drifta for 2013.

### **Folketalet veks, men mindre enn elles i landet**

I 2013 hadde Sogn og Fjordane folkeauke for sjuande året på rad. Auken var på 265 personar, til 108 965 innbyggjarar. Den prosentvise auken var på 0.2 prosent, medan auken på landsbasis var 1,1 prosent. Målt mot andre fylke hadde vi den prosentvis lågaste auken. Frå 1994 til 2014 har fylket hatt ein folkeauke på 1,3 prosent, som er tredje lågaste av fylka. Hovudårsakene til auken er netto innvandring frå utlandet med 982 personar og fødselsoverskot med 120 personar. Innanlands var det ei netto utflytting frå fylket med 841 personar.

Av dei 26 kommunane hadde halvparten i 2013 vekst i folketalet. Naustdal (+2,3 prosent), Sogndal (+2,0 prosent), Førde og Luster (+1,0 prosent) hadde prosentvis høgast vekst, og Solund (-3,2 prosent), Hyllestad (-2,6 prosent) og Balestrand (-2,3 prosent) størst nedgang.



## Sysseting og næringsliv

Sogn og Fjordane hadde, saman med Rogaland, lågast arbeidsløyse i landet i 2013. I gjennomsnitt var 1,9 prosent av arbeidsstyrken registrert som heilt utan arbeid, mot 2,6 prosent på landsbasis. I tillegg var 0,3 prosent av arbeidsstyrken på arbeidsmarknadstiltak, mot 0,6 prosent på landsnivå.

I fjerde kvartal 2013 var det 55 000 personar sysselsette i fylket, det same som i fjerde kvartal 2012. Ved årsskiftet var det ein sysselsettingsprosent på 69 i aldersgruppa 15 til 74 år (tal frå arbeidskraftundersøkinga), ein nedgang frå 70 ved førre årsskifte.

Ifølgje Næringsbarometeret har verksemdene i Sogn og Fjordane von om vekst i sysselsettinga i 2014. Mange verksemdar har vanskar med å skaffe kvalifisert arbeidskraft. Mangelen er størst på sjåførar, handverkarar eller fagarbeidarar og omsorgsarbeidarar eller sjukepleiarar.

## Utdanningssektoren

Elevane i Sogn og Fjordane ligg år etter år i landstoppen både målt ut frå nasjonale prøvar, standpunkt- og eksamenskarakterar og grunnskulepoeng. Berre Oslo og Akershus ligg jamt over høgare. Vanlegvis vert gode resultat hjå elevar forklart med høgt utdanningsnivå hjå foreldra. For Sogn og Fjordane slår ikkje dette til.

Høgskulen i Sogn og Fjordane har fått tildelt midlar frå Forskringsrådet til eit omfattande forskingsprosjekt for å finne ut kvifor elevane våre får gode resultat. Forskringsprosjektet går over tre-fire år, og inneber mellom anna ei samanlikning med Nord-Trøndelag, Oppland og Aust-Agder.

Ved Høgskulen i Sogn og Fjordane var det hausten 2013 i alt 3 678 studentar, ein nedgang på 153 studentar frå året før. Sidan 2006 har det vore ein samla auke på 838 studentar, i gjennomsnitt litt over fire prosent årleg.

Vi ser på høgskulen som særskild viktig for rekruttering av personell til tenesteproduksjon i kommunane, til dømes lærarar, barnehagelærarar, sjukepleiarar, vernepleiarar og barnevernspedagogar. All erfaring tilseier at ein stor del av dei som har studert ved høgskulen i fylket, søker seg arbeid i fylket. Dersom høgskulestrukturen skal opp til vurdering, må dette momentet vere med. I tillegg er høgskulen ein viktig premisseleverandør for næringslivet i fylket. Vi ser difor med glede på at høgskulen frå 2013 har oppretta eit ingeniørstudium i elkraft, etter initiativ frå og med økonomisk støtte frå kraftbransjen.

## 1.2 Ressursbruk og andre økonomiske forhold

Rekneskapsrapporten viser eit overskot på kr 959.923,- for 2013, dersom vi held portalprosjektet utanfor. Årsaka til overskotet er at vi fleire stillingar som delvis skulle prosjektfinsierast, vart budsjettert på kapittel 1510.01. Dette vart gjort slik fordi graden av prosjektfinsiering ikkje var avklara. Endring i plassering av avdelingar i Statens hus har også ført med seg eit behov for mindre ombyggingar. Desse var planlagt gjennomførte i 2013, men nokre forskyvingar gjorde at delar av kostnaden kjem i 2014. Vi ser også at vi nyttar mykje midlar til reiser som er kostbare og tidkrevjande. For å klare å halde reisebudsjettet må avdelingane i større grad prioritere enn tidlegare. Tala under inneheld også portalprosjektet.

	Tildeling*)2013 Rekneskapsresultat 2013 Avvik**)		
Kapittel 1510 post 01	74 961	77317	
Kapittel 4510 post 15, 16, 18 og 02	3425	3868	
<b>Netto</b>			1512
Kapittel 1510 post 21	9997	12 363	-2366
Kapittel 4510 post 01	9997	15456	-5459
<b>Netto</b>			3092

Vi har mange årsverk som er finansierte via prosjektmidlar. Økonomien vert krevjande for oss dersom prosjektfinsiering fell vekk. Vi er difor positive til rammeoverføring av midlar frå fagdepartementa på faste oppgåver. Det er viktig at overføringa er i tråd med finansieringsordninga for Fylkesmannen med tilhøyrande retningslinje.

Vi har ikkje vesentlege avvik på ressursrapporteringa.

Resultatområde	Kapittel 1510	Fagdep.
Miljøverndepartementet	kr 8 936 853,95	kr 5 239 275,08
Landbruks- og matdepartementet	kr 10 773 619,20	kr 0,00
Kunnskapsdepartementet	kr 5 155 579,43	kr 1 959 956,38
Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet	kr 1 569 491,54	kr 616 226,76
Justis- og beredskapsdepartementet	kr 2 793 089,21	kr 2 441 754,89
Kommunal- og regionaldepartementet	kr 3 765 110,17	kr 0,00
Arbeidsdepartementet	kr 956 495,26	kr 1 078 776,55
Helse- og omsorgsdepartementet	kr 7 309 045,73	kr 2 477 962,16
Andre	kr 32 430 611,46	kr 0,00
Sum:	kr 73 689 895,00	kr 13 813 951,00

## 1.3 Andre forhold

### Informasjonstryggleik

I oktober 2013 reviderte vi strategien for informasjonstryggleik. I tillegg gjennomfører vi årleg risikovurderingar på IKT-området med konkrete oppfølgingstiltak. Vi meiner at vi har god informasjonstryggleik, og at tilsette representerer den største risikoen. Tilsette vert informerte på ein god måte, og vi har også i år markert den internasjonale tryggleiksmånaden mellom anna med eit føredrag for alle tilsette om IT-tryggleik med spesiell vekt på sosial manipulasjon. Alle tilsette deltok dessutan i eit e-læringsprogram som la vekt på vanlege tryggleiksrisikoar og moglege tiltak. Sjølv om vi legg vekt på god informasjon til brukarane, kan det likevel oppstå uønskte hendingar. Vår vurdering er at brukarane har auka kompetansen sin på IKT-tryggleik i 2013. Vi viser og til rapport sendt FAD i oktober 2013 om IKT-tryggleik.

Vi tek omsyn til arkitekturprinsippa i staten i IKT-arbeidet vårt, og nyttar fellesløysingar for elektronisk ID.

### Innkjøp og miljøeiing

Vi har eigen innkjøpskoordinator i embetet og er framleis medlem av innkjøpssamarbeidet til Sogn og Fjordane fylkeskommune (SFFI). I 2013 gjennomførte vi fleire anbodskonkurransar der vi hadde god nytte av innkjøpskompetansen hos SFFI.

### Miljøtiltak

Vi vart resertifisert som Miljøfyrtårnverksemd i 2012. I 2013 har vi arbeidd med å redusere energibruken vår, mellom anna har huseigaren knytt til seg energirådgjevar som skal følgje opp energibruken i Statens hus. Dette skal på sikt gje reduserte energikostnader. Vi har revidert reinhaldsrutinane i samband med ny avfallsleverandør. Vi har per i dag ein kjeldesorteringsgrad på 70 prosent og har gode rutinar for handtering og deklareringsplanen er å planlegge reiseaktiviteten vår, og slik kunne bruke videokonferanse der det er muleg.

### Læringar

Vi har hatt ein læring på IKT-drift. Per i dag vurderer vi ikkje andre lærefag som aktuelle.

### Inkluderande arbeidsliv

Sjukefråværet ved embetet var 4,12 prosent i 2013, ein nedgang frå 4,91 prosent i 2012. Vi har avtale om bedriftshelseteneste og brukar tenesta aktivt, både ved førebygging og i oppfølging av sjukemelde.

Vi har mål om å opne for arbeidspraksis og utprøving av arbeidsevne for to til tre personar kvart år. I 2013 nådde vi dette målet.

Vi viser elles til rapportering på punkt 98.1 og 98.4.

### Klarspråk

Vi arbeider kontinuerleg med å forbetre språket vårt. Vi språktestar jobbsøkjjarar som er på intervju, og vi sender alle nyttilsette på eit dagskurs i godt språk. Vi arrangerer språkkurs kvart år eller annakvart år, alt etter kor mange nyttilsette vi har. I fjor vart det ikkje halde eit slikt kurs, men til gjengjeld tok fire av medarbeidarane våre til på

høgskulekurset "Ta pulsen på språket". Kurset gir 15 studiepoeng. For nokre år sidan sende vi tolv personar på det same kurset, og erfaringa er at tilsette som tek dette kurset, blir gode språkambassadørar i avdelingane sine.

## Kapittel 2 - Sentrale politiske føringer

### 2.1 Generellesamordningsoppgaver. Fornyning av offentlig sektor

Fornyning og omstilling er eit prioritert område. Det vart løyvd skjønnsmidlar til 19 fornyingsprosjekt i 2013. Dei fleste prosjekta er samarbeid mellom fleire kommunar eller prosjekt der alle kommunane i fylket deltek. I møte med kommunar informerer vi om prosjekt som er finansierte med skjønnsmidlar.

Vi har sidan 2007 samarbeidd med fylkeskommunen og KS om utlysing og tildeling av fornyingsmidlar til kommunane. Totalt har vi i denne tida gjeve tilskot til 150 prosjekt, med i alt 65 millionar kr., der 45 mill kr. er frå Fylkesmannen og resten frå fylkeskommunen. Fylkeskommunen har frå 2014 trekt seg ut av samarbeidet etter at rammene til regional utvikling vart vesentleg reduserte i statsbudsjettet. Fylkesmannen held fram med ordninga, med KS som rådgjevar.

### 2.2 Velferd,helse og personlig tjenesteyting

Fylkesmannen fører tilsyn med at innbyggjarane får helse- og omsorgstenester som dei har krav på etter lov og forskrift.

Vi har i 2013 ført tilsyn med korleis kommunane arbeider med kvalifiseringsprogrammet (KVP). Fylkesmannen arrangerte to samlingar med KVP som tema for alle Nav-kontora. Fylkesmannen har også gitt alle kontora i fylket tilbod om rettleiing og gjennomgang av saker. Vi har gitt råd og rettleiing og har følgd opp Nav-kontor i samsvar med nytt rundskriv om sosiale tenester i Nav. Arbeidet er samordna med Nav fylke.

Gjennom prosjektet sjumilssteget tar vi sikte på å gi koordinert innsats for barn og unge i fylket. Dette er eit samarbeidsprosjekt der kommunane i 2013 har kartlagt eigne tenester for barn og unge med sikte på å identifisere eventuelle svikt i tenestene. Prosjektgruppa vår er tverfagleg og har fagpersonar frå fleire område.

Vi har i 2013 gjennomført landsomfattande tilsyn med helsestasjonstenesta for barn 0-6 år i seks kommunar. Regionalt tilsynsteam gjennomførte tilsyn med ein barne- og ungdomspsykiatrisk poliklinikk i fylket mens dei to andre vart kontrollert med eigentilsyn.

Vi legg vekt på å sikre forsvarleg behandling av klage på tvangsmedisinering etter psykisk helsevernlova.

Ved fleire høve har vi bidrege til at Omsorgsplan 2015, Demensplan 2015, Kompetanseløftet 2015 og Nevroplan 2015 er på dagsordenen. Vi har peikt på positive og negative erfaringar frå inn- og utland når det gjeld bruk av nyskapande teknologi til å løyse framtidens utfordringar innan helse- og omsorg.

Fylkesmannen har også informert kommunane om ny turnusordning for legar. Vi har delteke saman med Helse Førde HF og KS i utarbeiding av ny samarbeidsavtale om turnusteneste for nyutdanna legar. Vi har to samlingar kvart halvår med grupperettleiing for turnuslegar.

Samhandlingsreforma femner om førebyggjande og kurativ helse, omsorg, sosiale tenester og utdanning. Folkehelsesatsinga dannar grunnlaget for reforma.

Folkehelsearbeidet og folkehelselova har vore tema i Forum for helse, omsorg og folkehelse og ei rad andre forum. Helseomsyn i samfunnsplanlegginga er eit sentralt tema, eit anna er koordinerte tiltak for barn og unge som er i utsette situasjonar.

Kommunane viser at dei er i stand til å ta i mot utskrivingsklare pasientar frå sjukehus. Mange kommunar er godt i gang med å planleggje akutt plassar i eigen kommune eller i samarbeid med nabokommunar i interkommunale lokalmedisinske senter. To kommunar har etablert eige tilbod. Fem kommunar i Nordfjord har gått saman om fem felles akutt plassar, legevakt, legevaktformidling og kreftkoordinator, alt lokalisert ved Nordfjord sjukehus. I Indre Sogn er fleire kommunar i ferd med å organisere eit liknande tilbod lokalisert ved Lærdal sjukehus. Kommunane står fritt til å etablere løysingar som dei meiner er tenlege. Fylkesmannen har av faglege grunnar tilrådd at etableringa skjer i samarbeid med andre kommunar der det ligg til rette for det.

Vi har ambisjonar om at tilsynsmetodane våre innan helse- og sosialområdet skal bidra til læring både i kommunane og i eigen organisasjon. Målet er å få betre tenesteyting. Vi introduserte metoden læringstilsyn i

2012 og vi held fram med å utvikle og evaluere denne metoden. Tema for læringstilsyn i 2013 var rehabilitering i sjukeheim og kvalifiseringsprogrammet.

Helse- og omsorgsdepartementet er kjent med at fylkesmannsembeta har hatt ein stor auke i tal oppdrag innan helseområdet utan at vi har fått tilført tilsvarende fleire ressursar. Departementet ber Fylkesmannen prioritere innanfor oppdraga, slik at lovpålagde oppdrag, særleg dei som gjeld rettane til enkeltpersonar, har førsteprioritet. Fylkesmannen skal ikkje finansiere slike oppgåver ved å overføre midlar frå ansvarsområda til andre departement. I 2013 førte dette til at vi ikkje dreiv læringsnettverk (anna enn på beredskap) og at vi heller ikkje heldt dialogmøte med kommunane om forbetningsarbeid. Helsetilsynet har gitt klar prioriteringsinstruks for tilsynsarbeidet.

## 2.3 Oppvekst, barnehager og opplæring

Vi meiner vi i stor grad lukkast med å oppfylle sentrale politiske føringar på området. Ein av grunnane til dette er at vi har eit tett og forpliktande samarbeid med andre sentrale aktørar i fylket. Vi har mange faste møtepunkt med kommunane og fylkeskommunen, og har lagt vekt på ein god dialog med desse og med KS. Vi har også samarbeidsorgan som inkluderer Nav, fylkeskommunen, Høgskulen i Sogn og Fjordane, helseføretaket, fagforeiningar og frivillige organisasjonar.

### Sjumilssteget

I strategiplanen vår seier vi at «vi samordnar vår eigen innsats overfor kommunane og styrkjer evna til tverrfagleg samhandling i kommunane». For å lukkast med dette arbeider vi m.a. med sjumilssteget som embetsprosjekt etter modell frå, og i samarbeid med Fylkesmannen i Troms. Arbeidet vårt involverer alle avdelingane i embetet, og vi har analysert i kva grad dei ulike avdelingane lukkast med å etterleve krava i barnekonvensjonen. Vi vil halde fram med å vektleggje oppvekst- og levekåra for barn og unge innanfor alle fagområda våre. Vi har også gjort endringar i organiseringa av eigen organisasjon for å styrke samhandlinga og koordineringa innanfor fagfelte barnevern, helse og utdanning.

I alt 25 av 26 kommunar i fylket har kartlagt tenestene sine for barn og unge ved å bruke eit verktøy som konkretiserer sentrale paragrafar i barnekonvensjonen. Prosjektet varer ut 2014, og fleire kommunar har sett i verk tiltak for å arbeide betre på tvers av tenestene i kommunen. Vi arrangerte ein sjumilsstegskonferanse i mars med stor oppslutnad og brei deltaking frå kommunane. Vi presenterte her ei oppsummering av kartlegginga og gjorde funna tilgjengelege for kommunane og andre aktørar. Fylkesmannen har i 2013 tildelt skjønsmidlar til eit prosjekt som involverte tre kommunar. Prosjektet skal styrkje foreldrerettleiing på tvers av tenester. Vi vil også i 2014 tildele midlar til ulike prosjekt, basert på søknader frå kommunane.

Det er ikkje avsett eigne midlar til sjumilssteget, noko som gjer at vi er avhengige av at alle avdelingane bidreg frå sine midlar. Vi skulle gjerne sett at det var mogleg å søkje om midlar til sjumilssteget frå dei ulike oppdragsdepartementa til Fylkesmannen.

### Barnevern

I 2013 utførte Fylkesmannen 20 individtilsyn på barnevernsinstitusjonane i fylket, og vi har dermed oppfylt forventningane til lovpålagde tilsyn. Halvparten av tilsyna var umelde. Tilsyna vart gjennomførte på ettermiddagar og kveldstid, slik at flest moglege av barna og ungdomane var tilstades.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane gjennomførte systemrevisjon på Stiftelsen Klokkergården i 2013.

Det har vore gjennomført tilsyn med tre kommunale barnevernstenester i 2013. Dette er i tråd med lovkravet for landsomfattande tilsyn med kommunalt barnevern og i tråd med temaet som var initiert av Statens helsetilsyn. Resultatet av tilsyna er nærare omtala under Statens helsetilsyn i denne rapporten.

Fylkesmannen har tildelt midlar til fem kommunale barnevernstillinger i 2013. I tillegg vart dei 8,9 stillingane frå 2011 og 2012 vidareførte. I 2014 vert desse 13,9 stillingane framleis vidareførte, og i tillegg vert det ei ytterlegare styrking med 2,9 stillingar i 2013. Fylkesmannen tildelte også midlar til kompetansehevande tiltak, der ein kommune søkte på vegne av alle barnevernstenestene i fylket. Vi følgjer opp satsinga gjennom rapportering og fortløpande kontakt med kommunane.

### Barnehageområdet

Kommunane i fylket kan tilby barnehageplass til alle barn som oppfyller retten til plass, og Fylkesmannen er i dialog med kommunane om kravet til å oppretthalde tilbodet om full barnehagedekning. Alle kommunar har fått midlar til lokale utviklingstiltak, og desse kjem alle barnehagane til gode. Midlane er forvalta i tråd med kompetansesatsinga, og vi har også følgd opp temaet i fleire møte med kommunane som barnehagemyndigheit og i konferansar for tilsette i sektoren. Like eins har vi arbeidd aktivt med rekrutterings- og kompetansehevingstiltak, i tett samarbeid med tilsette i sektoren, Høgskulen i Sogn og Fjordane, kommunane og fylkeskommunen og Utdanningsforbundet.

Vi har ført tilsyn etter barnehageleva med nesten ein tredel av kommunane, og hatt omfattande rettleiing om kommunen sine plikter og oppgåver som barnehagemyndigheit. Vi har faste møte med kommunane fleire gonger i året der vi informerer og rettleiar om regelverket. I tillegg har vi hatt konferansar for offentlege og private barnehageeigarar der vi særleg har vore opptekne av å informere om forskrifta om likeverdig behandling ved tildeling av tilskot til ikkje-offentlege barnehagar.

## **Utdanning**

På utdanningsområdet er det gjennomført tilsyn i tråd med planane frå Utdanningsdirektoratet. Vi har gjennomført tilsyn på prioriterte område i tillegg til eigeninitierte tilsyn. Vi har og lagt vekt på at lovbrøt blir retta. For å styrkje effekten av tilsyna og etterleving av regelverket, har vi og lagt opp til ulike informasjonstiltak og opplæring. Vi har vidareført felles nasjonalt tilsyn med elevane sitt psykososiale miljø og hatt oppfølgingstilsyn. Vi har også gjennomført "læringstilsyn" ved at kommunar som ikkje er ein del av tilsynet kan delta og lære av tilsyn med andre kommunar. Alle får då høve til ein gjennomgang av regelverket og får kunnskap om korleis lovkrava må vere oppfylte. Metoden blir ein reiskap som kommunane kan nytte til eigenkontroll. Kommunane som deltek møtest så til evaluering i lag med tilsynskommunen når sluttrapporten frå oss er klar. Vi meiner at dette er eit eigna tiltak som styrkjer regeletterlevinga.

Fylkesmannen arrangerer, saman med KS, Høgskulen i Sogn og Fjordane, Utdanningsforbundet og Skolelederforbundet, tre årlege møte i samarbeidsorganet "Forum for skule og barnehageutvikling". Saman med KS arrangerer vi tre samlingar for kommuneansvarlege på skule- og barnehageområdet. Partnerskapet i forumet (KS, kommunane, fylkeskommunen, Utdanningsforbundet, høgskulen og Fylkesmannen) arrangerer fem årlege konferansar for skuleeigarar, skuleleiarar, barnehagestyrarar og barnehageutsette med mål om auka kvalitet i barnehage og grunnopplæring.

## **Integrering av flyktningar**

Fylkesmannen har i ulike møte med kommunane i fylket teke opp målet om rask busetjing av flyktningar. Vi deltek også i eit forpliktande samarbeid med KS, fylkeskommunen og Nav for å styrke integreringa gjennom tiltak for språkopplæring, arbeid og busetjing. Vi har gitt rettleiing til kommunane om innhaldet i introduksjonslova, og vi har ført tilsyn med to kommunar i tråd med oppdraget frå Inkluderings- og mangfaldsdirektoratet. Vi har i samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane og VOX gjennomført etterutdanningskurs for lærarar, og vi har fullført ei stor satsing på vidareutdanning for lærarar som underviser vaksne innvandrarar.

Det er ikkje lett å omdisponere frigjorte ressursar frå tilskotsforvaltning til tilsyn, når fleire avdelingar har vore involverte i oppgåvene. Erfaringar frå tilsyn viser at det er eit stort behov for rettleiing dersom kommunane skal oppfylle krava i introduksjonslova, men embetet har ikkje ressursar til å drive ytterlegare rettleiingsarbeid.

## **2.4 Arealdisponering, byggesaker og universell utforming**

### **Kommunal planlegging**

I 2013 har vi i endå sterkare grad prioritert rettleiing, informasjonsarbeid og kompetanseheving for kommunane. Mange kommunar starta arbeidet med å revidere kommuneplanen (samfunnsdel og arealdel), og vi har hatt stor innsats og eit vesentleg meirarbeid knytt til dette.

I 2013 fremja vi motsegn til totalt 18 kommunale planar. Dette er færre enn i 2012 då vi hadde motsegn til 22 planar. Motsegnene har i hovudsak hatt bakgrunn i arealbruk i konflikt med strandvern, vassdrag, biologisk mangfald eller manglande risiko- og sårbarheitsvurderingar. Fylkesmannen sende i 2013 ingen plansaker vidare til avgjerd i Miljøverndepartementet (jf. at det frå 2014 er Kommunal- og moderniseringsdepartementet som tar avgjerder i motsegnsakene).

Miljøvernvedtaka har i 2013 totalt klaga på tolv kommunale dispensasjonsvedtak. Bakgrunn for klagen er konflikt med strandsonevernet, vassdragsnatur og viktige naturtypar.

Vi har vidareutvikla samarbeidet med fylkeskommunen innan planområdet. Det regionale planforumet har i 2013 fungert betre enn tidlegare år. Kommunane er no langt meir aktive med å melde inn plansaker tidleg i planprosessen. Vi brukar difor mykje tid på å spele inn nasjonale og regionale interesser i møta i planforum. I tillegg bidrar vi med planfaglege og planjuridiske råd til kommunane. I 2013 har mange av møta i planforum handla om revisjon av arealdel og samfunnsdel til kommuneplanane.

Fleire av kommunane i fylket manglar framleis oppdaterte kommuneplanar. Ei utfordring framover for oss vil vere å stimulere dei kommunane som heng etter til å starte opp revisjon av dei overordna planane.

### **Jordvern og utvalde kulturlandskap**

Året 2012 er det siste der vi har oppdatert arealstatistikk. Då vart det omdisponert 225 dekar dyrka jord i fylket, og det er under målsetjinga om maksimalt 250 dekar per år som er fastsett i jordvernstrategien vår. Slik sett ser dette bra ut, men på grunn av store byggjeprojekt og veganlegg kan det vere store årlege variasjonar.

Generelt sett er dialogen med kommunane god, og vi har svært få saker siste åra der konflikten har vore så stor at det har vore naudsynt å bringe saka inn for sentralt hald gjennom motsegn. Vi tek det som eit teikn på at både vi og kommunane har prøvd å finne akseptable kompromissløyser, men vi vil også hevde at tydelege politiske signal frå sentralt hald om å ta vare på jordbruksareal, kulturlandskap og biologisk mangfald, har gjeve oss god hjelp i dette arbeidet.

I 2013 hadde vi berre éi plansak der vi reiste motsegn av omsyn til jordvern, men her kom vi etterpå fram til eit kompromiss saman med kommunen. Det var difor ikkje nødvendig med mekling.

Vi har to område som er med i dei nasjonalt utvalda kulturlandskapa: Hoddevik – Liset i Selje og Grindsdalen i Leikanger. Tiltaka som inngår i skjøtselsavtalane har i stor grad vore utført også i 2013. Dette har positive effektar på vegetasjonsutviklinga i dei mest biologisk verdifulle områda og på areala der det er gjort tiltak mot attgroing og for restaurering av gamal kulturmark. Utfordringane er framleis å få ei sterkare lokal forankring av satsinga i kommunane, og få fleire grunneigarar til å delta. I tillegg har dei aktive bøndene i områda utfordringar med å få langsiktige leigearreal og å finansiere nybygg. Desse utfordringane gjer at det har vore lite lokalt engasjement kring tilleggsaktivitetar, til dømes tilrettelegging for ferdsle, oppleving og formidling.

Vi har generelt inntrykk av at kommunane har ei forsvarleg handtering av sektorlovene i landbruket, og vi har til no ikkje funne grunn til å be kommunar om å sende inn alle vedtak etter jordlova og konsesjonslova slik det er heimel til i jordlova § 3.

## **2.5 Landbruksbasertforvaltning og næringsutvikling, naturressursforvaltning og miljøvern**

Vi gir ein kort, overordna omtale av oppgåveutføringa, og viser elles til kapittel 3 (Landbruks- og matdepartementet og Miljøverndepartementet) der det står meir detaljert om alle desse temaa.

### **Næringsutvikling og FoU i landbruket**

2013 var det første året for det nye regionale bygdeutviklingsprogrammet, eit strategisk dokument for arbeidet med næringsutvikling, klima- og miljøtiltak i landbruket. Dokumentet vart utarbeidd i godt samarbeid med fylkeskommunen, Innovasjon Norge, kommunane og næringsorganisasjonane i landbruket. Dette dokumentet vil også inngå som ein del av regional plan for verdiskaping som Sogn og Fjordane fylkeskommune er i ferd med å utarbeide i samarbeid med heile den regionale partnerskapen.

Det er svært viktig med forskning og utviklingsarbeid for å nå målsettingane i landbrukspolitikken. Denne forskinga må også vere tilgjengeleg for næringa, og det må vere eit godt samarbeid om prioritering av FoU-opppdrag. Vi har teke dette opp i lag med Fylkesmannen i Hordaland og faglaga i desse to fylka, og vi prøver å bidra til at FoU-arbeidet i endå større grad tek omsyn til behov i næringa. Lokale FoU-miljø er også viktige i dette arbeidet, til dømes Bioforsk, Njøs næringsutvikling og Vestlandsforskning, og det har også vore nyttig å få finansiert prosjekt i det regionale forskingsfondet for Vestlandet.

Vi har mange konkrete utviklingsprosjekt der vi er direkte engasjert med eigen innsats eller har delfinansiert

prosjekt med BU-midler. Det gjeld til dømes ei vidare satsing på utvikling av det tradisjonelle jord- og hagebruket, lokal mat og reiseliv, tilrettelegging for tenesteproduksjon på gardsbruk under paraplyen Inn på tunet, foredling av trevirke gjennom ei eiga prosjektstilling, og framhald av arbeidet med økologisk mat saman med Hordaland. Felles for desse er at vi søker samarbeid med aktuelle aktørar og med produsentar i næringa.

Vi viser elles til rapporten på resultatområda 21 - 24 under Landbruks- og matdepartementet.

### **Naturmangfald**

Vi har i 2013 følgd opp mange prioriterte satsingsområde innan naturmangfald. Vi har spesielt arbeidd med utarbeiding av forvaltningsplanar for små verneområde, opplæring i naturmangfaldlova, slutføring av handlingsplan for framande artar og oppfølging av utvalde naturtypar og prioriterte artar. Gjennom dei fire nasjonalpark- eller verneområdeforvaltarane våre har vi arbeidd med oppfølging av forvaltningsordninga for dei store verneområda.

Som del av fylkesjubileumet "Sogn og Fjordane 250 år" utarbeidde vi eit fylkeskart med temainformasjon om naturarven i Sogn og Fjordane.

Sogn og Fjordane er blant dei fylka som har flest søknader om utbygging av vasskraft. I 2013 har vi gitt høyringsfråsegn til fleire "pakkar" av søknader om utbygging av små kraftverk. Totalt fekk vi på høyring 23 konsesjonsøknader og seks søknader eller meldingar om konsesjonsplikt i 2013. Vi legg spesielt vekt på nasjonale og regionale interesser knytt til naturmangfald og friluftsliv i innspela våre.

### **Ureiningstilsyn**

Innan miljøvernområdet fører vi tilsyn med ureiningsfare, kjemikaliebruk og avfallshandtering. I 2013 deltok vi i kontrollaksjonar innan reine brensel, mottak av farleg avfall og galvanoverksemdar. Vi gjennomførde i tillegg tre revisjonar og 28 ordinære tilsyn. Vi nytta nær tre årsverk til gebyrbelagt ureiningsarbeid, og av dette 2,1 årsverk direkte på tilsyn.

Vi viser elles til rapporten under Miljøverndepartementet (spesielt resultatområde 01-06 og 12.2-12.3).

## **2.6 Samfunnssikkerhet og beredskap**

Det er større forventningar til at Fylkesmannen skal ha ei aktiv rolle under handteringa av uønskte hendingar og kriser. Vi skal samordne krisehandteringa, og til dømes syte for samordna rapportering til nasjonale styresmakter. Terskelen er senka for at nasjonale styresmakter ber om rapportar.

Året 2013 har vore prega av mange store hendingar. Brannen i Gudvangatunnelen, bussulukka i Sogndal og trippeldrapet i Årdal har utfordra både naudetatane, kommunane og oss. Vi har vore tungt inne i desse sakene; både i sjølve handteringa og i evalueringane i ettertid. Arbeidet er enno ikkje avslutta. Fylket vart råka av uvêret Hilde i november. Det var flaumar og mange lausmasseskred, fleire av dei svært store. Dette førte til at mange vegar vart stengde, og med det store utfordringar for ambulansetenesta.

I 2013 har vi gjennomført eit læringsnettverk for beredskapsplanlegging, der ti kommunar, Helse Førde og Sogn og Fjordane Røde Kors var med. Hovudmålet var å heve kvaliteten på samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet i kommunane. Vi meiner at nettverket har bidrege til eit fagleg løft for kommunane på området, og sett dei i stand til å lage ROS-analysar og beredskapsplanar av god kvalitet. I tillegg var det eit viktig mål å få til betre samarbeid mellom kommunane og spesialisthelsetenesta på beredskapsområdet. Nettverket var eit samarbeid mellom beredskapseininga og helse- og sosialavdelinga.

På hausten 2012 starta vi opp med tilsyn med kommunal beredskapsplikt. I 2013 gjennomførte vi tilsyn med sju kommunar, der det vart gitt avvik i seks av dei.

Vi var i 2013 med på fleire øvingar. Mest omfattande arbeid var med planlegginga og gjennomføringa av Politidirektoratets "Øvelse Tyr 2013". Vi deltok tungt i planlegginga, særleg med tanke på at dei deltakande kommunane skulle få eit godt utbyte av øvinga. Vi øvde vår eigen kriseorganisasjon. Vi hadde òg fleire personar ute for å evaluere andre deltakarar, og vi deltok i øvingsstaben.

På grunn av store utfordringar for politidistriktet, har Politidirektoratet avgjort at den planlagde



evalueringskonferansen ikkje skal haldast. Vi forstår at politidistriktet har utfordringar, men vi vil likevel peike på at læringsutbyttet blir avgrensa på denne måten. Når så mange instansar legg ned store ressursar i ei øving, er det etter vårt syn viktig å gjennomføre ei evaluering som gjev best mogleg læringsutbyte.

Vi har hatt fleire møte og anna kontakt med Direktoratet for nødkommunikasjon om utbygginga av naudnett i fylket. Vi har og i 2013 hatt merksemd på manglande dekning i tunnelar og sårbarheit for bortfall av den ordinære straumforsyninga.

Omfanget av oppgåver på ansvarsområdet til Justis- og beredskapsdepartementet har auka dei siste åra. Vi trur at det er både nødvendig og rett at dette fagfeltet har fått auka merksemd, men det er eit problem at det ikkje følgjer med tilsvarande auke i ressursar.

Innføringa av kommunal beredskapsplikt med tilsynsansvar for fylkesmennene, har også i 2013 gjort det nødvendig med opplæring og rettleiing for kommunane.

Vi laga den siste versjonen av fylkes-ROS i 2013, og har jobba med oppfølginga av tiltaksplanen.

Innføringa av CIM i embeta og kommunane har vore eit viktig framsteg. Vi har brukt mykje tid på å drive opplæring, både for kommunane og interne brukarar. Det viser seg at kommunane er avhengige av støtte frå Fylkesmannen til opplæring og rettleiing, og dette er ei ressurskrevjande oppgåve for oss.

## Kapittel 3 - Resultatområder

### Kongehuset

#### 00.1 Kongelige besøk

Fylket hadde ikkje besøk frå Kongehuset i 2013.

#### 00.2 Saksforberedelse av tildeling av ordener og medaljer

Vi har behandla ti søknader om Kongens fortjenestmedalje i 2013.

### Miljøverndepartementet

#### Resultatområde 01 – 06 Naturmangfold, vannforvaltning og vannforurensning

##### Generell status

Vi har i 2013 hatt god hjelp av ekstratildelingar frå Miljødirektoratet (Mdir) for å gjennomføre prioriterte satsingar innan naturmangfold, ny forvaltningsordning for nasjonalparker, forvaltningsplanar for små verneområde og innsats mot framande artar. Samstundes har nivået på slike ekstramidlar gått ned. Vi har derfor justert ned ambisjonsnivået.

Vi heng noko etter med tidkrevjande oppgåver som t.d. kvalitetssikring av filer til Naturbase (naturtypar og verneområde), men situasjonen har betra seg i løpet av 2012 og 2013.

Vi opplever ekstraløyvingane frå Mdir som nødvendige, kjærkomne og samstundes svært krevjande å nytte på best måte. Grunnen til dette er at tildelingane er svært varierende og har kort tidshorisont for bruk, medan problema som skal løysast er fleirårige eller varige.

**Skogvern.** Sakene om frivillig vern av skog er få og dreg ut i tid, og tilbodsareala utgjer ufullstendige delar av verneverdige område. Det er ikkje aktuelt med saker knytt til Opplysningsvesenets fond (OVF-skogvern) i Sogn og Fjordane. Vi har ikkje kapasitet til å ta initiativ til frivilleg vern av bekkekløfter.

**Nasjonal marin verneplan.** I kandidatområdet Sognefjorden er det ein viss pågang om dumping av utsprengd masse frå tunnelboring til kraftverk. Det er uråd for oss å vurdere om denne aktiviteten kan ha noko å seie for eventuelle verneverdiar i kandidatområdet. Vi ventar framleis på signal frå sentralt hald om når det vil vere aktuelt å starte opp arbeid med marint vern i Sogn og Fjordane.

**Forvaltning og naturoppsyn i verneområde.** Mykje av identifiseringa av feil på vernegrenser i Naturbase vart utført i 2013.

**Forvaltningsplanane for små verneområde** er, m.a. grunna skifte i personale, ikkje i rute:

**Movatna:** Arbeidet har ikkje vorte teke opp att sidan vi utarbeidde eit utkast for fleire år sidan, og vedtak er neppe realistisk før tidlegast i andre halvår 2014.

**Gåsvær og Sakrisøy:** Planframlegg er framleis ikkje sendt på høyring; vedtak kjem såleis tidlegast i andre halvår 2014.

**Gåsøy og Nærøyane:** Planframlegg skal sendast på høyring i februar 2014, men vedtak er ikkje realistisk før i andre halvår 2014.

**Eikevolltjønmyra:** Eit framlegg skal straks sendast på høyring, og vonleg kjem vedtak i 2014.

**Sørværet:** På høyring i vår/sommar, og vonleg kjem vedtak i 2014.

**Nigardsbreen** Framlegg til revidert plan er sendt på høyring. Vedtak kjem truleg i første halvår 2014.

**Bøyaøyri og Vetlefjordøyri :** Oppstartmelding vart sendt ut i 2013, og vedtak er realistisk i 2014.

**Rønset, Digernesvatnet, Mallasvika, Fimreiteholmane, Storholmen og Askvika :** Oppstartmelding ikkje sendt, og arbeidet vil truleg ikkje starte før i 2015.

**Forvaltning av utvalde naturtypar, prioriterte artar og trua artar.** Handlingsplan for purpurmarihand (vi koordinerer for alle embeta): Det står att kartlegging av dei siste, manglande lokalitetane (alle kjente lokalitetar er no dekte).

**Hole eiker:** Avsluttande kartleggingsrunde er gjennomført i 2013.

**Hubro:** Kartleggingsarbeid vart gjennomført i hekketida, men resultatane er ikkje summerte enno. Eit planlagt samarbeid med nettselskap om tilpassingar i utsette område, er heller ikkje kome i gang enno.

**Kulturlandskap.** Dei supplerande kartleggingane av verdifulle kulturlandskap er lagde inn i Naturbase.

**Villrein.** Vi deltek aktivt i arbeidet med regional plan for Nordfjella, spesielt sidan vi har fagansvar for dette villreinområdet. Vi har ikkje hatt kapasitet til å delta i planarbeidet for Ottadalen villreinområde.

**Rovvilt.** Vi la 29.08.2013 ut eit skadefellingsløyve på jerv på Sharepoint. Rovbase er oppdatert, m.a. gjer Statens naturoppsyn ein god jobb.

**Framande organismar.** Handlingsplanen mot skadelege, framande artar i Sogn og Fjordane vart slutført. Vi gav m.a. tilskot til fjerning av gran på Frønningen i Lærdal kommune.

### **Heilskapleg vassforvaltning**

**Overvåkingsprogram:** Under arbeid. Vi har bedt om å få innspel frå sektormynde, kommunar og forskingsinstitusjonar. Fiskeridirektoratet ønskjer ikkje å bidra før det vert ei sentral avklaring.

Arbeidet er delvis starta opp fleire gonger – og vi observerer innspel frå fleire aktørar. Arbeidet har til no gitt få konkrete resultat– så lenge det ikkje ser ut til å verte avklaring på omfang og nivå av finansiering.

Vi har samla inn om lag 60 vassprøver til årleg eutrofiovervaking i fylket (del av basisovervakinga vår). Vi har synfart alle prøvetekne vassdrag, og områda ved prøvetakingsstadene er vurderte for anna ureining eller landskapsendring.

**Kvalitetssikre, karakterisere og risikovurdere vassførekomstar.** Vi imøtekom fristen til 1. mai så langt som råd. Uavklarte problemstillingar vart lagde inn så langt vi kunne. Det står att noko arbeid med regulerte vassdrag, medan påverknad av fiskesjukdomar og rømt fisk er uavklart og vert opplevd som konfliktfylt.

**Miljøtiltak i pilotvassområda.** Vi har utført noko overvaking, jf. tiltaksprogrammet. Generelt er det nemnt aktuelle tiltak innan landbruksutslepp, mindre avløpsanlegg og fysiske inngrep. Ingen av tiltaka ser ut å vere fullt ut vurderte med omsyn til kostnader, høve til finansiering eller samfunnsnytte ved manglande tiltak.

**Miljøtiltak til tiltaksanalysar i vassområda.** Vi er i gang med arbeidet. Innan fagområda våre vurderer vi tiltak i kvar sak som ein del av den ordinære saksbehandlingen.

**Regulerte vassdrag/oppfølging av naturforvaltningsvilkår.** Etter ein rolegare periode ser vi nok ein gong ein stor auke i tal saker. Det er eit vedvarande og høgt press på vassressursane, og vi er på veg mot eit vassdragslandskap med få urørde vassstrengar av noko storleik att. Vi har m.a. delteke på møte/seminar med tema utvikling og strategi i Miljøverndepartementet og Miljødirektoratet, og på dialogmøte med NVE. Vidare har vi delteke på prosjektmøte om kompensasjonstiltak i Årdalsvassdraget, Fortunselvi og Vikja.

I alt 18 magasin/vatn og seks elvar er prøvofiska i prosjektet «Fisk i regulerte vassdrag i Sogn og Fjordane» i 2013. Resultatane av prøvofiske kan gje grunnlag for justering av pålegga om utsetjing av fisk, eller eventuelt nye pålegg.

**Drift og vedlikehald av vannportalen.** Arbeidet er utført.

**Forvaltning av anadrom laksefisk og innlandsfisk.** Vi har hjelpt Miljødirektoratet i arbeidet med revisjon av fiskereguleringane.

**Tilskotsmidlar fra Statens fiskefond.** Midlar frå fiskefondet er fordelte på ti mottakarar. Mottakarane var fem lokale lag, to organisasjonar, ei privat verksemd og to forskingsinstitusjonar. Midlane har mellom anna gått til å styrkje Osenvassdraget, aktivisere barn og unge med fiskeinteresser og regionalt fagmøte for organisasjonen Norske lakseelver.

**Kalking.** Vi stansa den eine kalkdoseraren i Flekkevassdraget. Vi starta opp doseraren igjen i oktober. Periodestans og lite nedbør har gitt noko innsparing i kalkforbruket i 2013.

**Registrere kalkforbruk i ny kalkingsdatabase, og kvalitetssikre data som er overført frå vanninfodatabasen.** Arbeidet er ikkje gjennomført. Vi ventar på eventuelle oppdrag, men dette bør kunne gjerast felles (sentralt) for alle kalkingsfylka.

Vi har gjennomført overvaking av lokale kalkingsprosjekt. Det er teke om lag 60 vasskjemiske prøvar, med full ionepakke.

**Gyro.** Vi har følgd opp lokalt etter behov. Oppdrag, finansiering og kontakt går stort sett direkte frå Mdir til NIVA og lokalt, og frå lokalt og NIVA direkte til Mdir.

**Rømt oppdrettsfisk.** Fylkesmannen og rettshavarane finansierer skjellovervaking i mange lakseførande vassdrag. I tillegg opna vi for utfisking/uttak av oppdrettslaks der tilhøva låg til rette og det vart vurdert å vere biologisk forsvarleg. Dette gav god informasjon om mengda av rømd laks i sportsfiskefangstane.

**Akvakultur.** Vi registrerer at arealbrukskonfliktar aukar når anlegga blir forsøkt plasserte innover i fjordane. Arealbehovet blir ei stor utfordring ved ein eventuell ytterlegare auke i tal anlegg. Oppdrettsnæringa er generelt prega av manglande forståing for at rømming og lakselus er eller kan vere problem for laks og sjøaure. Næringa snakkar om "nullvisjonar" til rømming, men talfestar resultat i prosent av totalproduksjon – så når produksjon går opp, vil tala kunne presenterast som høgare måloppnåing, jamvel om tal rømte fisk og tal individ lakselus går opp. Vi opplever ikkje samarbeidvilje frå Fiskeridirektoratet om overvaking av og tiltak mot rømt oppdrettslaks i elvane. Tvert om opplever vi at overvaking og gjenfangst som fiskerettshavarar og vi har gjort, ikkje blir teke omsyn til av direktoratet som skal ha sektoransvar innan oppdrett.

**Frårådingar.** I alle saker i Sognefjorden har vi f.o.m. 2010 i fråsegna vår til fylkeskommunen gjeve fråråding av søknaden, og vi har bedt om at det blir sett vilkår som tek omsyn til vill anadrom fisk dersom det likevel vert gjeve løyve etter akvakulturlova. For 2013 gjeld dette to saker. Fylkeskommunen har i tidlegare saker sett eit slikt vilkår, t.d. frå 2012: *«Fylkeskommunen set i denne saka som vilkår at xx AS, bidreg til auka overvaking av lakselus på villfisk i området. Dette må vere bidrag utover dei to målestasjonane som Havforskningsinstituttet(HI) og Norsk institutt for naturforvaltning (NINA) i dag drifter, der ein tek ut villfisk og overvakar graden av påverknad av lakselus. Dette vilkåret er sett for å kunne dokumentere at drifta av akvakulturanlegget er miljømessig forsvarleg i høve til dei ville anadrome bestandane i Sognefjorden. Det er ynskjeleg at akvakulturnæringa i Sognefjorden samordnar seg i dette arbeidet.»* Det er usikkert om vilkåret har nokon verknad sidan Fiskeridirektoratet har oppheva vilkåret i to tidlegare saker.

**Ikkje-rapportert rømming.** Ingen tilfelle av urapportert rømming i 2013.

**Avløp.** Vi har ikkje nokon spesiell oppfølging av kommunane innan deira ansvarsområde, men registrerer ei aukande mengde spørsmål om grunnleggjande kap12-regelverk – kva mynde kommunen har og ikkje har. Kommunale sakshandsamarar treng meir kursing og rettleiing.

Vi har framleis ikkje gjort vedtak om kap14-løyve til for Florelandet/Brandsøy i Flora kommune. Stryn kommune har i dag eit kap13-løyve, men nylege målingar frå Loen kan tyde på at dette bør bli eit kap14-anlegg frå Fylkesmannen på grunn av utsleppa frå slakteriet.

Status akkreditert prøvetaking, avvik og pålegg: Dette har ikkje vore følgd opp i 2013. Byrkjelo i Gloppen og Førde by har, etter det vi kjenner til frå tidlegare, tilfredsstillande prøvetaking, medan Florelandet/Brandsøy i Flora slit med å finne gode metodar for å ta akkrediterte prøver frå slamavskiljarane sine.

**Akutt ureining.** Data til MOB-sjø er oppdatert, men det er enno ikkje laga oppdatert kart, med unntak for dei nordlege delane av fylket der Det norske veritas og lokalt interkommunalt oljevernval (IUA) ønskte ei ajourføring i samband med Gjøa-utbygginga. Ingen større utsleppshendingar har funne stad det siste året.

## Resultatområde 07 Godt bymiljø

Innsats frå Fylkesmannen skjer vesentleg gjennom innspel i plansaker.

Hovudansvaret for by- og tettstadutforming er, etter avtale mellom Fylkesmannen og fylkeskommunen, lagt til fylkeskommunen.

Vi har ingen større bymiljø i fylket, men Førde opplever tiltakande utfordringar med vegtrafikk og utfordringar med plassering av industri og bustader.

Det vert arbeidd med planar for heilt nytt gjennomkøyringsmønster i Førde.

## Resultatområde 08 Aktivt friluftsliv

Friluftsliv er eit nedprioritert saksfelt etter at fleire av oppgåvene våre innan friluftsliv vart overførte til fylkeskommunen i 2010 (forvaltningsreforma). Vi vurderer saker som naturleg er ein del av plansak eller høyrer til i eit naturvernområde. Det er dei nasjonale og viktige regionale friluftsiinteressene vi først og fremst ivaretek i plan- og inngrepssaker.

### Areal der staten er grunneigar.

Moldøen i Vågsøy kommune: Vi har inngått avtale med kommunen om utvida bruk av området.

Vestkapp i Selje kommune: Vi er i dialog med kommunen om tilrettelegging og utarbeiding av forvaltningsplan for framtidig statleg sikra friluftsområde.

**Tilrettelegging for jakt og fiske.** Vi følgjer opp arbeidet med jegerprøven og refusjonskrav frå kommunane. Jegerprøvesystemet ser ut til å fungere godt. Vi prioriterer ikkje arbeid med anna tilrettelegging for jakt etter at fylkeskommunen som del av forvaltningsreforma overtok ansvaret i 2010.

## Resultatområde 09 Giftfritt miljø

Dette er eit generelt høgt prioritert saksområde innan tilgjengelege ressursar.

**Skipsverftprosjektet:** Eigarskifte ved to av verfta og sjukdomsfråvær hjå sakshandsamar har forseinka oppfølginga av tiltaksplanane.

Westcon yard Florø AS har starta med supplerande miljøtekniske undersøkingar av Gaddevågen. Tiltaksplan for Hovedsundet er klar for å sendast på høyring.

Ankerløyken eigedom har fått varsel om pålegg om tiltak på land.

Solund verft – har gjennomført tiltak på land.

I samband med aukande utbygging av kraftverk i fylket ser vi ein auke i tal søknader om løyve til dumping av massar i både sjø og ferskvatn

**Mudring/dumping.** Vi gav 13 løyve etter ureiningslova til mudring/dumping, der seks løyve er gitt i samband med kraftutbygging. Eitt løyve gjeld utfylling i sjø for å vinne areal til å utvide produksjonslokale, og eitt løyve gjeld mudring/dumping for å utdjupe eit hamneområde.

**Ureina grunn.** Fylkesmannen gjennomførte kurs for kommunane, der m.a. grunnureining og bruk av grunnureiningsdatabasen var tema. I alt 11 av 26 kommunar deltok. Presentasjonane vart lagde ut på heimesidene.

**Skytebaner.** Arbeidet har vore lite prioritert dei siste åra. Førebels grunnundersøking av planlagt nedlagt skytebane på Mardal sør for Sandane i Gloppen kommune, har ført til mange spørsmål og ein viss aktivitet i ettertid.

Vi har teke opp spørsmålet om grunnureining frå skytebana ved Litlevatnet (nær sentrum i Florø). Skytebana skal etter planen leggjast ned.

Vi har for tida tre saker om utsleppsløyve til skytebaner til vurdering, og vi ser det er store manglar i tidlegare løyve når det gjeld omtale av grunnureining. *Miljøvernavdelinga deltek gjerne i eit arbeid med å modernisere og konkretisere krav til oppfølging av grunnureining for nye eller oppdaterte løyve.*

**Avfall og gjenvinning.** Vi gav eitt nytt og to endra løyve etter ureiningslova til mellomlagring av farleg avfall.

Vi gav fire løyve etter ureiningslova til mottak og lagring av ordinært og farleg avfall ved etablerte avfallsstasjonar.

Vi gjennomførde eit stort informasjonsmøte med alle kommunane der Mdir var til stades, og fleire tema handla om avfall.

Vi merkar at politiet for tida har vanskar med å prioritere miljøkrimsaker. Alvorlege saker har hatt svært lang etterforskingstid. Dette er uheldig av almenpreventive omsyn. Skal reglane i ureiningslova bli respekterte av flest mogleg, set det føre at politiet følgjer opp sakene.

**Deponi.** Eitt anlegg søkte om utviding utan dobbel botnsikring. Vi gav ei førebels vurdering om avslag. Eitt anlegg kom med plan for avslutting, og vi har tre anlegg som er prioriterte for overgang til etterdriftskrav.

**Forbrenningsanlegg.** Eitt anlegg er i drift. Dette anlegget har store problem med å halde seg under målekravgrensene. Etter varsel om nedstenging vart det gjennomført mange tiltak, men anlegget har framleis nokre manglar.

**Forsøpling.** Vi gjennomførde eit pilotprosjekt der vi i samarbeid med ein kommune og det lokale brannvernet arrangerte eit felles informasjonsmøte om avfallshandtering for verksemdene på eit industriområde. Som oppfølging av informasjonsmøtet hadde vi ein felles tilsynsaksjon mot utvalde verksemdar på dette industriområdet (jf. 12.2. Tilsyn og konsesjonsbehandling). Som eit resultat av dette har ein annan kommune teke kontakt og ønskjer å gjere tilsvarande. Informasjonsmøtet er planlagt i første halvår 2014.

**Hamner og avfall.** Vi har i 2013 motteke fem reviderte avfallsplanar.

**Sigevanns- og deponigassdata.** Ingen spesielle tiltak i 2013. Vi har fått inn årsrapporter frå verksemdene.

## Resultatområde 10 Rein luft

Støy er tema ved gjennomgang av kommunale planar.

Lokal luftureining er eller kan vere ei utfordring i tettstadene i dei tunge industrikommunane Årdal (Øvre Årdal og Årdalstangen), Høyanger og Bremanger (Svelgen). Svært mykje er gjort for å redusere utslepp frå industrikjeldene.

Det var i 2013 ein del uro over utslepp frå cruisetrafikken i Aurland (spesielt i Flåm). Skipstrafikken er høg og aukande. Vi har ikkje noko rettsleg grunnlag for å setje grenser for slike utslepp.

**Støy.** Talet på personar som tek kontakt med oss aukar, og vi ser ofte at støy som eit problem får medieomtale. Problemstillingane er ofte komplekse og samansette.

Statens vegvesen har levert handlingsplan mot vegtrafikkstøy for perioden 2014-2018. Kartlegginga viste at elleve bygningar, fordelt på fire kommunar, kan vere utsette for støynivå over gjeldande tiltaksgrense (42 dB). Elles er vegtrafikkstøy eit mindre problem i fylket.

**Skytebanar.** Vi merkar ein viss auke i tal klagar på støy frå skytebanar. Fleire skyttarlag slår seg saman, og dermed blir nokre baner lagde ned. Vi klarer ikkje med dagens tilsyn å fange opp endra bruk av baner før eventuelt i ettertid eller gjennom medieomtale. Ved planinnspel er vi no meir aktive i å minne om ansvaret for å få endringar vurderte etter ureiningslova.

## Resultatområde 11 Stabilt klima

Vi er med i styringsgruppa for oppfølging av regional plan for klima. Internt har vi eit godt samarbeid mellom miljøvern, beredskap og landbruk, men opplever tidvis uklare signal frå departement og direktorat.

Ved handsaminga av kommunale planar kontrollerer vi at kommunane tek klimaomsyn. Vi er særleg aktive med peike på tilpassingar til endra klima og sikre at nye område for utbygging tar omsyn til ras- og flaumfare.

Vi har starta opp eit klimaprojekt for restaurering av myr (i Sætremyrane naturreservat i Hornindal). Prosjektet er finansiert ved hjelp av fylkeskommunale klimamidlar.

## Resultatområde 12 Resultatkrav knyttet til Tverrgående virkemidler

Vi har generelt stor aktivitet innan desse høgt prioriterte områda (plan, tilsyn og løyvehandsaming etter ureiningslova).

### 12.1 Planlegging for en bærekraftig utvikling

#### Kommunale plan- og dispensasjonssaker - rettleiing og innspel

Totalt gav vi i 2013 fråsegn til 576 plan- og dispensasjonssaker, mot 641 i 2012. Talet på saker ligg difor noko under nivået dei siste åra. I 2013 har vi i enda sterkare grad prioritert rettleiing, informasjonsarbeid og kompetanseheving for kommunane. Mange kommunar har starta arbeidet med å revidere kommuneplanen, og vi har hatt stor innsats og eit vesentleg meirarbeid knytt til dette.

I 2013 fremja vi motsegn til totalt 18 planar. Dette er færre enn året før då vi hadde motsegn til 22 planar. Motsegnene har i hovudsak hatt bakgrunn i arealbruk i konflikt med strandvern, vassdrag, biologisk mangfald og/eller manglande risiko- og sårbarheitsvurderingar. Det var ingen plansaker som vart sende vidare til avgjerd i Miljøverndepartementet i 2013 (jf. at det frå 2014 er Kommunal- og moderniseringsdepartementet som tar avgjerder i motsegnsakene).

Miljøvernavdelinga har totalt klaga på tolv dispensasjonsvedtak i 2013. Bakgrunn for klagen er konflikt med strandsonevernet, vassdragsnatur og viktige naturtypar. I dei sakene som er sende til setjefylkesmann og er ferdig handsama, har vi fått medhald i fire saker, i tre saker har setjefylkesmannen oppheva vedtaket grunna manglande grunngjeving frå kommunen, og i ei klagesak fekk vi ikkje medhald frå setjefylkesmannen.

Mange av kommunane har starta opp revisjon av kommuneplanen. Vi har difor hatt fleire møte og auka innsats i planforum enn tidlegare år. Samarbeidet med fylkeskommunen er også vidareutvikla.

Fleire av kommunane i fylket manglar oppdaterte kommuneplanar. Ei utfordring framover vil difor vere å stimulere desse kommunane å starte opp revisjonsarbeidet på dei overordna planane.

#### Fylkesmannen som styringsmessig bindeledd og rettstryggleiksgarantist

**Klagesaker som gjeld dispensasjon.** Fylkesmannen i Sogn og Fjordane er fast setjefylkesmann for Fylkesmannen i Hordaland i saker etter plan- og bygningslova. Dei fleste sakene gjeld klage over dispensasjonsvedtak. I 2013, på same måte som i 2012, har talet på setjesaker blitt kraftig redusert. Vi fekk inn 34 setjesaker i 2013, mot 72 i 2012. Til samanlikning fekk vi inn 82 byggjesaker frå eige fylke i 2013. I syssamrapporteringa har vi samla rapportert setjesaker og byggjesaker frå eige fylke. I 2013 hadde vi 45 saker som gjekk over fristen på tre månader. Ved årsskiftet hadde vi ein restanse på 30 saker, fordelt på setjesaker og saker frå eige fylke.

**Klagesaker som gjeld reguleringsplan.** Ved årsskiftet 2012/2013 hadde vi ein restanse på seks saker som gjaldt klage over reguleringsplan. I 2013 fekk vi inn 21 slike saker. Det er ofte fleire klager i kvar sak, men dei vert til vanleg handsama under eitt. I 2013 har vi handsama 19 saker, medrekna restansane frå 2011. Vi hadde såleis ein restanse på åtte saker ved årsskiftet 2012/2013. For sakene vi har avslutta i 2013, var sakshandsamingstida i snitt 91 dagar. Elleve av sakene vart ikkje handsama innan fristen på tre månader, mot seks i 2012.

### 12.2 Tilsyn og konsesjonsbehandling

Vi sende inn to tvangsmulkter til innkrevjing. Varsel om tvangsmulkt er eit effektivt verkemiddel som vi nyttar mykje for å få fram ønskt handling.

Vi melde ingen verksemder til politiet i 2013. Erfaringa vår er at ureinings- og avfallskriminalitetssaker tar svært lang tid hos påtalemakta. Ei mindre sak vart avgjort med førelegg.

I samband med galvanoaksjonen kontrollerte vi fire verksemder som fell inn under kap. 28 og 29 i ureiningslova. Ingen av desse treng særskilt løyve.

Fiskeindustri, kap 26: Tre oppdrettsslakteri fekk nye løyve i 2013 (IPPC). Det står att IPPC-løyveoppdatering for fire store fiskeforedlingsbedrifter og litt rydding av oppheva løyve i ureiningsdatabasen "Forurensning".

Vi deltok i kontrollaksjon retta mot reine brensel- og mottaksanlegg for farleg avfall. Vi har gjennomført 25 tilsyn i samband med kontrollaksjonen for mottaksanlegg for farleg avfall.

Alle tilsyna blir registrerte i "Forurensning".

**Eigeninitierte tilsyn utanom aksjonar.** Vi har gjennomført tre revisjonar. I tillegg vart det gjennomført 28 tilsyn utanom aksjonar og «pilotprosjektet» som er omtalte nedanfor.

Vi har fått til eit godt samarbeid med andre tilsynsetatar, og vi deltok på felles planleggingsmøte.

Pilotprosjekt: Saman med ein kommune og det lokale brannvernet gjennomførde vi ein felles tilsynsaksjon mot 14 verksemder lokalisert på eit industriområde (jf. Avfall og gjenvinning).

### 12.3 Kunnskapsgrunnlag og miljøinformasjon

Vi arrangerte, etter initiativ frå Artsdatabanken, kurs for kommunane, statlege etatar og frivillige organisasjonar i bruk av artskart. Vidare gjennomførde vi opplæring i naturmangfaldlova med stor deltaking frå kommunane.

Som del av fylkesjubileet "Sogn og Fjordane 250 år" utarbeidde vi eit stort kart med temainformasjon om naturarven i Sogn og Fjordane. Kartet vart sendt ut til alle husstandane og alle skulane i fylket.

**Naturtypekartlegging.** Vi gjennomførde ingen ny naturtypekartlegging i 2013. Vi prioriterte heller arbeid med kvalitetssikring av tidlegare kartlagde område.

**Marin naturtypekartlegging.** Oppstartmøte om marin naturtypekartlegging i mai vart avlyst på grunn av lita interesse frå kommunane. Arbeid med kartlegging av ålegraseng starta opp, og alle dei aktuelle naturtypane vil etter planen bli kartlagde i 2014.

**Miljøstatus.** Miljøstatus for Sogn og Fjordane vart overført til ny publiseringsplattform (Episerver) i første halvår. Dette arbeidet tok lengre tid enn planlagt på grunn av fleire feil i den nye plattformen. Feila har gjort at nettsida har vore ustabil og delvis utilgjengelig. Vi valde difor å ikkje marknadsføre nettstaden. Avgjerda i Miljødirektoratet i andre halvår om å leggje ned dei fylkesvise miljøstatussidene har ført til at vi ikkje lenger ajourfører Miljøstatus for Sogn og Fjordane. Vi ventar no på den vidare prosessen for overføring av innhald til Miljøstatus for Norge og Naturbase.

### 12.4 Internasjonalt samarbeid

Kvart år får vi besøk av internasjonale grupper (i hovudsak offentlege myndigheiter innan nasjonalparkforvaltning, verdsarvforvaltning og naturvern) som ønskjer informasjon om regional forvaltning.

Fylkesmannen er medlem av Europarc Federation, og i 2013 deltok ein av nasjonalparkforvaltarane våre på ein internasjonal nasjonalparkkonferanse.

Vi er elles godt oppdaterte på europeisk avfallshandtering.

Vi tok opp att kontakten med ulike offentlege myndigheiter (m.a. Scottish Environment Protection Agency) og frivillige organisasjonar i Skottland. I 2014 planlegg vi ein avdelingstur til Skottland.



## Ressursrapportering

Vi har ingen vesentlege avvik.

Resultatområde	Kapittel 1510	Fagdep.
01-06 Naturmangfold, vannforvaltning og vannforurensning	kr 4 042 777,01	kr 3 959 450,69
09 Giftfritt miljø	kr 140 234,21	kr 0,00
Andre oppgaver under MD	kr 2 187,80	kr 0,00
11 Stabilt klima	kr 159 288,78	kr 0,00
12.1 Planlegging for en bærekraftig utvikling	kr 2 245 454,24	kr 205 237,86
12.2 Tilsyn og konsesjonsbehandling	kr 2 199 886,90	kr 1 074 586,53
12.3 Kunnskapsgrunnlag og miljøinformasjon	kr 147 025,01	kr 0,00
12.4 Internasjonalt samarbeid (Finnmark)	kr 0,00	kr 0,00
Sum:	kr 8 936 853,00	kr 5 239 275,00

## Landbruks- og matdepartementet

### Resultatområde 21 Matsikkerhet

Den viktigaste oppgåva for landbruket er å produsere nok, variert, trygg og god mat.

Vårt bidrag er å stimulere til produksjon på dei områda i fylket der vi har naturgjevne føresetnadar for å produsere mat, i hovudsak for den innanlandske marknaden. Dette handlar først og fremst om volumbasert produksjon som til dømes mjølk, kjøt, frukt og bær. Men vi skal også fremje lokal matkultur og slik sett vidareutvikle fylket som ein del av ein framtidsretta matnasjon.

På nokre område er Sogn og Fjordane blant dei aller fremste, til dømes innan frukt og bær. Husdyrhaldet i vårt småskala-landbruk bidreg i stor grad til den norske matproduksjonen. Samanlikna med andre fylke er vi på andre plass for geitemjølk, fjerde plass for lammekjøt, sjettede plass for kumjølk og sjuande plass for storfekjøt.

#### 21.1 Økt matproduksjon og trygg mat

##### Utviklingstrekk og drivkrefter i utviklinga av jordbruket.

Landbruket i Sogn og Fjordane er i endring til færre og større bruk. Ny teknologi, dyktige og innsatsvillige bønder og investeringsstøtte frå Innovasjon Norge bidreg til denne utviklinga. Det vert investert i nye fjøs til ulike husdyrproduksjonar, hagebruket vert fornya og marknaden etterspør meir frukt og bær. Det kjem stadig nye dyrkingsmetodar og teknologi som betrar kvaliteten på produkta og reduserer arbeidsbelastinga for bonden. Mjølkerobot, radiobjøller og automatisk sortering av morellar er døme på dette. Endringane fører til:

- Auka volum av bringebær og morellar
- Forholdsvis stabilt volum av mjølk, lammekjøt og svinekjøt
- Auka areal med økologisk frukt og bær
- Færre gardsbruk i sjølvstendig drift
- Nedgang i areal av jord til slått og beite
- Nedgang i areal med økologisk drift
- Reduksjon i volum av storfekjøt

Fagmiljø og lokalt engasjement er avgjerande for utviklinga i bygdelag og kommunar.

##### Fylkesmannens arbeid for å auke matproduksjonen

BU-midlane er avgjerande for utviklingsarbeidet i Sogn og Fjordane. Halvparten av tilretteleggingsmidlane går til konkrete utviklingsprosjekt som er retta mot det tradisjonelle landbruket (mjølk, lammekjøt, frukt/bær og skog). Partnerskapen med fylkeskommunen og Innovasjon Norge gjer at Fylkesmannen er ein aktiv bidragsytar i ulike prosessar for å styrkje landbruket og auke matproduksjonen. Vi legg også vekt på å ha god dialog med faglaga, kommunane og media for å setje landbruket på dagsordenen.

##### Resultat frå arbeidet med utviklingsprogrammet for lokal mat og grønt reiseliv

Som del av partnerskapen har Fylkesmannen fått ansvar for å leie arbeidet med programområdet "Bærekraftig

reiseliv", som er ein del av reiselivsplanen for Sogn og Fjordane. Vi ser arbeidet med lokal mat som eitt av våre bidrag inn i dette arbeidet. Her arbeider vi tett med Innovasjon Norge, Kompetansenavet Vest og kommunane for å få med nye aktørar og stimulere til vekst i etablerte bedrifter. Lokal mat er ein marknad i vekst der også enkelte daglegvarebutikkar ønskjer auka volum og fleire lokale produkt. Fylkesmannen har ein matkontakt i heil stilling for dette arbeidet.

## Resultatområde 22 Landbruk over hele landet

Generelt kan vi seie at utviklinga dei siste ti åra har vore 30 prosent nedgang i tal gardsbruk, særleg på kysten, nedgang i jordbrukarealet, men forholdsvis stabilt produksjonsvolum. Det skjer ei indre sentralisering av jordbruksproduksjonen til dei beste områda i fylket. På kommunenivå kan vi trygt slå fast at vi har landbruk over heile fylket, men i enkelte bygder på kysten er det etter kvart ganske ekstensiv produksjon. Aktuelle verkemiddel i slike område kan vere samarbeid om drifta, betre gjerdehald og felles innmarksbeite.

### 22.1 Bruk av landbruksarealer

Vi fekk tildelt 95 000 kroner på kapittel 1144 post 77 til ein ekstra innsats innanfor miljø- og ressursforvaltning, næringsutvikling og kommuneretta arbeid. Desse midlane har vi brukt til å dekkje kostnader og ulike fagmøte i samband med reiselivsplanen, verdsarvområdet, juletreproduksjon og eit fagkurs og ei forskarsamling i skogbruket.

#### Beitebruk

Beitesesongen i utmark var svært god i 2013, og den positive utviklinga frå 2012 held fram. Tapsprosenten på lam var på 5,5 prosent og berre éin kommune hadde over 10 prosent tap. Dette var Vågsøy, som er ein av fire kystkommunar som ligg over landsgjennomsnittet på 7,7 prosent tap. Vi trur nedgangen har samanheng med eit fleirårig målretta kvalitetsarbeid i sauehaldet der vi i samarbeid med Mattilsynet og sauenæringa har prøvd å finne tapsårsaker, og informere om og sette i gang aktuelle tiltak. Dei to siste somrane har vore kjølege, noko som kanskje også har bidrege til mindre beitetap grunna flått og flugemakk.

Generelt hadde vi ikkje store problem med freda rovvilt i 2013, med eitt kraftig unntak for kommunane Sogndal og Leikanger der jerv mest truleg er årsaka til tap av bortimot 300 dyr hjå to gardbrukarar. Dette var ein svært spesiell situasjon og vi gav støtte til helikoptersøk etter dyra, men utan å finne mange dyr. Samarbeidet mellom beitenæringa og miljø- og landbruksforvaltninga på fylkesnivå fungerer godt.

#### Geovekst og Norge Digitalt - Samarbeid om digitale kart

Det er svært arbeidsparande å ha oppdaterte kart og ortofoto. Heile embetet har nytte av dette, men kanskje mest i saker som vedkjem areal, miljøforvaltning og beredskap. For landbruk skulle brukarane frå 2013 bruke digitale kart i søknader til regionalt miljøprogram, mellom anna til å kartfeste bratt areal, steinmurar og verdfulle område.

I 2013 deltok vi i alle geovekstprosjekta som vart planlagde og sette i verk, og det vart brukt kr 490 000 til prosjekta dette året. På vegner av landbrukssektoren har vi delteke i alle geovekstprosjekt til no. Vi har ikkje manglar i kartrettigheitene i forhold til dei andre geovekstpartane. Geovekstprosjekta er stort sett finansierte gjennom midlar frå Skog og landskap og noko midlar som vi sjølve disponerer (skogbruksmidlar). Hittil har vi klart å finansiere geovekstprosjekta i Sogn og Fjordane, men det er viktig å forhandle med dei andre geovekstpartane slik at prosjekta ikkje vert for kostbare for oss.

Landbruk kom godt ut av planen om omløpsfotografering, heile fylket vert fotografert i løpet av 2017. Bileta som vert tekne ved omløpsfotograferinga vil dekkje behova i landbruk, og kostnadene vert forholdsvis låge. Vi følgjer opp kommunane ved ajourføring av kartdata (AR5), men i 2013 hadde vi ikkje behov for felt- eller programvarekurs.

Vi rapporterer til Skog og landskap ein gong per år om arbeidet i geovekst, dvs. om aktiviteten vår og rekneskapstal for prosjekta vi deltek i. Rekneskapsskjema vert sendt i lag med søknad om tildeling av kontantmidlar frå Skog og landskap for det komande året. Vi meiner dette fungerer greitt.

#### **Tapsstatistikk sau på utmarksbeite**

Embeter	Antall sau sluppet (innen organisert beitebruk)		% tilslutning til org. beitebruk i fylket	Tapsprosent		Total tapsprosent	
	Sau	Lam		Sau	Lam	2013	2012

FMSF	64201	101952	92	2,3	5,5	4,4	4,2
<b>Sum</b>	<b>64201</b>	<b>101952</b>	<b>92</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	

## 22.2 Eiendom og bosetting

Vi informerer kommunane om dette regelverket, og i eit eige embetsprosjekt kalla rettstryggleiksløftet, har heile embetet arbeidd med å betre kvaliteten i den kommunale sakshandsaminga.

Vi har også gjeve tilbod til enkeltkommunar om at vi kan orientere både administrasjonen og politikarane om landbrukslovene, og vi bruker ein del tid på å svare på spørsmål per telefon. Vi har inntrykk av at kommunane generelt handterer dette regelverket på forsvarleg vis. Men for buplikta ser vi at ikkje alle legg like stor vekt på å bruke dette verkemiddelet for å fremje busetnaden i bygdene.

Vi har til no ikkje funne grunn til å be om få tilsendt alle vedtak etter jordlova og konsesjonslova i ein kommune for å følgje nærmare med på praktiseringa, jamfør jordlova § 3.

## 22.3 Forvaltning av inntekts- og velferdspolitiske tiltak og kontroll

Inntrykket vårt frå forvaltningskontrollane er at kommunane gjer eit forsvarleg arbeid på dette området. Men regelverket er til dels krevjande, særleg på tema som ulovleg driftsfellesskap mellom fleire bruk, og ein del kommunar nøler eller har ikkje kapasitet til å gå grundig inn i slike saker. Her er det behov for klarare regelverk som gjer det enklare for både brukarane og forvaltninga.

### Kontroll

Kontrollinnsatsen vår skjer ved at dei aktuelle sakshandsamarane sjølve er på forvaltningskontroll i kommunane, og avdelingsleinga deltek også på enkelte kontrollar. Dette betyr at heile ti personar er involvert i dette, men samla arbeidsmengda er truleg ikkje stort meir enn 0,5 årsverk. Tabellane viser kva kommunar og type føretak vi kontrollerte i 2013, og resultatata av dette.

### Landbruksvikartenester i kommunane

Alle kommunane har eit landbruksvikartilbod. I 2013 har fylket i alt 10 avløyssarlag med til saman 20 årsverk. I 2013 fekk vi tildelt kr 5 404 000,- som er fordelte til dette. Vi rapporterer på bruken av midlane til Statens landbruksforvaltning.

Sjølve administrasjonen av ordninga er tungvint og bør inn i eit nytt digitalt fagsystem, noko vi har meldt frå om tidlegare som eit innspel til jordbruksoppgjeret.

### Erstatning grunna klimatiske forhold

Vi hadde i 2013 svært mange saker med erstatning for katastrofeprega avlingstap på grunn av klimatiske forhold. Det starta først med over 300 saker med vinterskade på eng mot normalt under 10 saker, og sommaren vart slik at mange av desse i tillegg fekk så små avlingar at dei har rett på avlingsskadeerstatning. Nokre bruk fekk også store vinterskadar på frukt og bær, noko som gav svært dårlege avlingar på enkelte bruk. Vi fekk derfor 170 saker med søknad om erstatning for låge avlingar, 45 av desse innan frukt og bær, og ein del av sakene vert ikkje ferdig handsama før i første halvdel av 2014.

Tabellane med klage og dispensasjonssaker gjeld saker der kommunen er førsteinstans og der vi har handsama klager eller dispensasjonar. Dispensasjonane på "andre tilskotsordningar" gjeld tilskot til avløyssing under sjukdom.

### **Oversikt over behandling av klager og dispensasjonssøknader 2012 - antall**

#### **Klagebehandling**

Produksjonstilskudd		Miljøvirkemidler		Andre tilskuddsordninger	
Innvilget	Avslått	Innvilget	Avslått	Innvilget	Avslått
7	6	1	2	0	0

#### **Dispensasjonssøknader**

Produksjonstilskudd			Miljøvirkemidler			Andre tilskuddsordninger		
Innvilget	Delvis innvilget	Avslått	Innvilget	Delvis innvilget	Avslått	Innvilget	Delvis innvilget	Avslått
26	0	3	0	0	0	17	0	2

Fylkesmannens kontroll av landbruksvirksomheten i 2012

1. Hvor mye ressurser er avsatt til kontroll?

Årsverk: 0,5  
Antall personer: 10

2. Gjennomførte kontroller av kommunenes landbruksforvaltning(forvaltningskontroller)

Kommune:	<b>Bremanger kommune</b>
Orninger/omfang:	Produksjonstilskot og tilskot til ferie og fritid
Registrerte avvik:	Fann eit avvik og tre merknader. Avvik: Inhabilitet ved handsaming av ein søknad om PT/AVL frå ein overordna til sakshandsamaren
Oppfølging av avvik:	Avviket skulle utan vidare rettast opp i.

Kommune:	<b>Jølster kommune</b>
Orninger/omfang:	Produksjonstilskot for august 2012 og januar 2013. SMIL-saker i 2010 - 2012
Registrerte avvik:	Fann to avvik og to merknader. Avvik 1: I nokre saker mangla kopi av miljøplan trinn 2, og det var ikkje forklart korleis dette kravet hadde vorte oppfylt. Avvik 2: Ikkje alle sakene var vurderte etter naturmangfaldlova.
Oppfølging av avvik:	Kommunen skulle utan vidare rette opp praksis på desse områda.

Kommune:	<b>Leikanger kommune</b>
Orninger/omfang:	SMIL-saker 2010 - 2012
Registrerte avvik:	Fann to avvik og fem merknader. Avvik nr 1: Vurdering av søknadane etter naturmangfaldlova. Avvik nr 2: I enkelte saker hadde ikkje kommunen kravd skriftleg melding om utbetaling og sluttrekneskap.
Oppfølging av avvik:	Kommunen skulle korrigere praksis på desse punkta.

Kommune:	<b>Stryn kommune</b>
Orninger/omfang:	NMSK-midlar i skogbruket.
Registrerte avvik:	Fann eit avvik og fire merknader. Avvik: Delegasjonsreglementet på landbruksområdet var ikkje oppdatert for denne kommunestyreperioden.
Oppfølging av avvik:	Kommunen lova å gå gjennom delegasjonsreglementet og oppdatere det.

Kommune:	<b>Vågsøy kommune</b>
Orninger/omfang:	Produksjonstilskot august 2012 og januar 2013.
Registrerte avvik:	Ingen avvik, men to merknader om dokumentasjon og arkivrutinar.
Oppfølging av avvik:	Kommunen skulle utan vidare rette på praksis.

3. Gjennomførte foretakskontroller. Foretakene kan anonymiseres ved A, B, C etc.

Foretak:	<b>Samdrift A, Gaular</b>
----------	---------------------------

Orninger/omfang:	Kontrollerte om det førekjem driftsfellesskap på grasproduksjonen hjå bruk som deltek i mjølkesamdrift?
Hjemmel for kontroll:	PT-regelverket
Registrerte avvik:	Førebels konklusjon: Ei viss grad av samarbeid, men ikkje så omfattande at det må reknast som ulovleg driftsfellesskap.
Oppfølging av avvik:	
Foretak:	<b>Samdrift B, Stryn</b>
Orninger/omfang:	Sjekka eventuelle driftsfellesskap på grasproduksjon hjå bruk som deltek i mjølkesamdrift.
Hjemmel for kontroll:	PT-regelverket
Registrerte avvik:	Førebels konklusjon: Sjølv om der er ei viss grad av samarbeid i grasproduksjonen, er det ikkje så omfattande at det må reknast som ulovleg.
Oppfølging av avvik:	
Foretak:	<b>Samdrift C, Gloppen</b>
Orninger/omfang:	Sjekka driftsfellesskap på grasproduksjon hjå bruk i mjølkesamdrift.
Hjemmel for kontroll:	PT-regelverket
Registrerte avvik:	Saka er under arbeid.
Oppfølging av avvik:	

#### 4. Andre kommentarer/ innspill:

Føretakskontrollen vart lagt om slik at vi satsa på kontroll av mjølkesamdrifter der medlemmane produserer graset i egne føretak. Kontrollen skjedde ved at vi bad om å få tilsendt nødvendige dokument. Alle sakene er ikkje ferdig handsama enno.

## 22.4 Regionalt tilpasset innsats

### Styrkje kommunane sitt arbeid

Vi gjennomfører ulike temabaserte kurs gjennom året. Tema i 2013 har vore produksjonstilskot, eStil som er eit nytt fagsystem for regionalt miljøprogram, kulturlandskapsmidlar til bygningar og forvaltning av midlar på skogområdet. I tillegg held vi ei årleg fellessamling for tilsette innan landbruk og miljø der hovudtema var landbruksbasert næringsutvikling. Vi inviterer nyttilsette i kommunane inn til opplæring i alle fagsystema samstundes som dei blir oppmoda om å kontakte oss ved behov.

### Midlar til kommuneretta arbeid

Det har vore ein god prosess ved utarbeiding av Regionalt bygdeutviklingsprogram (RBU) med semje i arbeidsgruppa om målsettingar, tiltak og lokale føringar for bruk av økonomiske verkemiddel på landbruksområdet.

### Samarbeidet om oppfølging av RBU

Det vert laga ein årleg handlingsplan saman med fylkeskommunen, KS, Innovasjon Norge og fagлага. Styringsgruppa for RBU er også styringsgruppe for dette arbeidet og der dei tre delprogramma inngår. Gjennom handlingsplanen er det sett opp tiltak og ansvarleg for gjennomføring.

- Regionalt næringsprogram (RNP): Styringsgruppa har peika ut satsingsområde og gitt rammer for korleis dei næringsretta midlane bør støtte opp om desse satsingane
- Regionalt miljøprogram (RMP): Styringsgruppa fastset kva ordningar det skal vere i fylket og kva

tilskotssatsar som skal gjelde. Fagleg referansegruppe innan kulturlandskap er vidareført og kjem med innspel til styringsgruppa

- Regionalt skog- og klimaprogram (RSK): Tiltak og verkemiddel vert fastsett av styringsgruppa, men oppfølging skjer primært gjennom Fylkesmannen og aktørane i skogbruket. Saman med Innovasjon Norge og fylkeskommunen er det etablert ei eiga stilling som tredivar tilsett hjå Innovasjon Norge.

Vi har rapportert at det var om lag 41 årsverk i den kommunale landbruksforvaltninga per januar 2013, og 18 årsverk ved landbruksavdelinga hjå Fylkesmannen.

## 22.5 Reindriftsforvaltning

Dette er ikkje relevant for Sogn og Fjordane.

## Resultatområde 23 Økt verdiskaping

Arbeidet med auka verdiskaping skjer i godt samarbeid med fylkeskommunen, Innovasjon Norge, kommunane og organisasjonane i næringa. I denne partnarskapen har vi ei leiande rolle for det som gjeld landbruk og landbrukstilknytte næringar. I 2013 var det første året i det nye regionale bygdeutviklingsprogrammet, og utforminga og gjennomføringa av handlingsplanen for første året gjekk fint. Vi hadde eit godt samarbeid.

Fylkeskommunen er samtidig i gang med ein regional plan for verdiskaping, der dei har lagt opp til ei brei involvering og grundig planprosess etter plan- og bygningslova. Her er det plukka ut seks satsingsområde, der landbruk er eitt av dei og der det regionale bygdeutviklingsprogrammet vert lagt til grunn for det vidare arbeidet.

### 23.1 Næringsutvikling innen jordbruk og bygdenæringer

#### Tradisjonelt landbruk

Fylkesmannen har ei sentral rolle som pådrivar for utvikling innan tradisjonelt landbruk i fylket. Eigne tilsette, nettverk og BU-midlar har vore viktig for dei resultatane vi når.

- Arena frukt og bær: Av den nasjonale produksjonen i 2012 kom 74 prosent av bringebæra og 45 prosent av morellane frå Sogn og Fjordane. Fylkesmannen bidreg aktivt til næringsutvikling gjennom arenaprosjektet frukt og bær og programstyret for frukt og bær. Det er bygd gode nettverk som omfattar produsentar, forvaltning, Innovasjon Norge, FoU-miljø, mottaksbedrifter og marknad.
- Prosjektet nye frukt- og bærvekster driv FoU-arbeid og praktisk utprøving
- Storfeprosjektet: I samarbeid med TINE og faglagane arbeider vi med motivasjon, fagkurs, oppfølging av føretak og utviklar driftsplanar fram til finansiering hjå Innovasjon Norge. Siste sju åra har vi fått 65 mjølkerobotar i fylket, og 20 prosent av mjølka vert no mjølka med robot
- Geit i vekst: Prosjektet er eit samarbeid med TINE og Sau og geit og vart avslutta ved nyttår. Dette arbeidet har vore viktig i samband med sanering av besetningane og modernisering av geitenæringa
- Sau i pluss: Prosjektet er eit samarbeid med Norsk Landbruksrådgiving, og vi driv med motivasjon, fagmøte, oppfølging av føretak og utviklingsarbeid på bygningar og driftsopplegg for sau. Det er ein markert auke i saker til Innovasjon Norge på nybygg til sau, og dette heng klart saman med dette prosjektarbeidet.

#### Lokal mat

Gjennom Snøgg-flørtning er det gjennomført mobiliseringsarbeid saman med Innovasjon Norge, kommunane og kompetansenavet i fylket. Det er gjennomført tre regionale arrangement som har fanga opp nye og etablerte personar med engasjement og kunnskap om mat og foredling. Fylkesmannen har tilsett ein eigen prosjektleiar på lokal mat og har definert *lokal mat* og *berekraftig utvikling* som våre bidrag til samarbeidet vi har med fylkeskommunen for utvikling av reiselivet i fylket.

#### Inn på tunet

Sogn og Fjordane har utarbeidd handlingsplan for Inn på tunet 2013-2016 i samarbeid med Innovasjon Norge, fylkeskommunen, kommunane, NAV, faglagane og tilbydarnettverket. Frå Fylkesmannen har personar frå utdanningsavdelinga og helse- og sosialavdelinga bidrege i tillegg til landbruksavdelinga. I samarbeid med Innovasjon Norge er det etablert eit treårig prosjekt med eigen prosjektleiar som skal arbeide vidare med dette. Fylkesmannen har gitt BU-midlar til Inn på tunet-nettverket slik at det kan gjennomførast eit treårig mobiliseringsprosjekt i Sogn og Fjordane. Målet med prosjektet er å styrkje nettverket og generere auka aktivitet og kompetanse hos tilbydarane. Prosjektet er inne i sitt tredje år.

### Frukt og bær rundt neste sving

Prosjektet vart avslutta i 2013, og vi har sendt eigen rapport til Landbruksdepartementet.

### Regionalt næringsprogram

Programmet for 2013-2016 er utarbeidd i samarbeid med partnerskapen og vert lagt til grunn for det vidare arbeidet som fylkeskommunen gjer med regionalt plan for verdiskaping. Planen vert følgd opp med årlege handlingsplanar.

### BU-midlar for tilrettelegging av næringsutvikling

Fylkesmannen disponerte 4,8 mill. kroner som går til tilretteleggingstiltak. Halvparten av midlane går til utvikling av det tradisjonelle landbruket. Midlane er fordelte med 22 prosent på mat og reiseliv, 19 prosent på bygdenæringar, 17 prosent på husdyr og fôrproduksjon, 17 prosent på hagebruk, 16 prosent på skogbruk, 4 prosent på bygde- og lokalsamfunnsutvikling og 6 prosent på andre tiltak.

### BU-midlar for bedriftsretta tiltak, forvalta av Innovasjon Norge

Det er optimisme og investeringslyst i Sogn og Fjordane, og Innovasjon Norge har disponert heile årspotten på 36,24 mill. kroner i tilskot og 82,6 mill. kroner i rentestøtte. Det er framleis eit ønske om fleire søknader om etablerarstøtte. I 2013 er det gitt investeringsstøtte til bygging av 50 fjøs og planting av 16 frukt- eller bærhagar. Totalt er det i 2013 investert for 139 mill. i fjøs og for perioden 2004-2013 (ti år) er det investert 1 milliard kroner i fjøs med støtte frå Innovasjon Norge.

## **23.2 Skogbruk**

Skogbruket her i fylket var i 2013 framleis påverka av stormskadane etter uveret Dagmar i desember 2011. Vi prioriterte alle skogbruksmidlane til vegbygging, hogst og planting på stormskadde felt. Dette har til dels vorte kostbart og vi har måtte bidra med ekstra tilskot, særleg til taubanedrifter i skog i hogstklasse 4.

Den samla hogsten i fylket auka frå omlag 130 000 til 150 000 m<sup>3</sup>, og per i dag ser det ut til at hogsten kjem til å halde seg høg også komande år. Det har vore ein gledeleg auke i interessa og aktiviteten på skogplanting etter hogst. Plantetalet auka frå 130 000 til 438 000 planter, men det var vel å merke samla opp eit stort behov etter fleire år med låge plantetal. Det er ei utfordring at mange kommunar manglar skogfagleg kompetanse og kapasitet. Per i dag er det berre éin forstkandidat (tilsvarande mastergrad) som arbeider aktivt med skogbruk på kommunenivå, og eit fleirtal av kommunane manglar heilt skogfagleg kompetanse i administrasjonen. Vi tek dette opp med dei aktuelle kommunane og argumenterer for fleire interkommunale løysingar.

Vi har ei viktig fagleg rolle i utforming og arbeid med regional skogpolitikk. Dei viktigaste verkemiddela er tilskotsordningane til skogsvegar, drift i vanskeleg terreng, skogkultur og skogbruksplanlegging. Sogn og Fjordane har landets dårlegaste vegdekning i skog, og dermed vert auka vegbygging vesentleg når vi står føre eit hogstpotensiale på 400 000 m<sup>3</sup> tømmer per år om ti år. Vi vil saman med kommunane jobbe vidare for å utvikle bruken av hovudplanane for skogsvegar.

Andre område vi har jobba spesielt med i 2013:

- Vi har teke initiativet til ein forstudie for å vurdere grunnlaget for større treindustri på Vestlandet
- Vi har etablert ei prosjektstilling innan bruk av trevirke (tredivar) i samarbeid med fylkeskommunen og Innovasjon Norge
- Vi fekk i samarbeid med Kystskogbruket laga eit fagleg grunnlag for skogsvegar i alle kommunar. No prøver vi å motivere kommunane til å arbeide vidare med dette utkastet til hovudplan for vegar i skogbruket. To kommunar er i gang med arbeidet
- Vi har delteke i eit samarbeidsprosjekt i Feios i Vik, "Frå ti til ein", der målet er å få fleire skogeigarane til å drifte skogen i fellesskap
- Vi har teke initiativ til å utvikle strategiske driftsplanar for grupper av skogeigedomar, noko som kan betre skogbruksplanlegginga, og vere eit middel til meir samarbeid på tvers av eigeidomsgrensene

### Skogbruksplanlegging med miljøregistreringar

I 2013 vart det ferdigstilt ein områdetakst med miljøregistreringar i Kaupanger i Sogndal, og det vart sendt ut planar for områdetakstane (med MiS) i Gulen kommune og Feios i Vik kommune. Markarbeid for områdetakst med MiS vart avslutta i Leikanger og er ferdig for om lag halve takstarealet i Naustdal kommune. Utbetalingar, løyvingar og data er registrerte i fagsystema ØKS og TSKOG. Vi har fortløpande revidert hovudplan for skogbruksplanlegging, og vi har framleis fleire viktige skogkommunar som ikkje har hatt tilbod om takst til skogeigarane. Planen for dei komande åra er å få oppslutnad om områdetakstar med MiS i Balestrand, Eid, Gaular

og Bremanger kommunar. Hyllestad, Askvoll, Høyanger og Vik unnateke Feios, står da att. Vi er avhengige av samarbeid med Geovekst om etablering av foto og laserhøgder, slik at planen vil kunne verte endra.

## Resultatområde 24 Bærekraftig landbruk

Fylkesmannen har prioritert arbeidet med plansaker og arealforvaltning dei siste åra, med målsetnad om å bidra til at kommunane har oppdaterte planar. Internt er arbeidet koordinert av miljøvernavdelinga, og ein person frå landbruk deltek i dette den interne plangruppa.

Med tanke på landbruksinteressene legg vi mest vekt på å ta vare på dei produktive jordbruksareala, samtidig som vi må tillate ei viss nedbygging der det er naudsynt av omsyn til andre viktige samfunnsinteresser. Generelt sett har vi ikkje stor vekst i fylket, men fleire kommunesenter med vekst ligg i bygder der det tradisjonelt har vore sterk jordbruksdrift. Fare for ras og steinsprang har også ført til auka press på relativt flatt jordbruksareal i dalbotnane. Dette er problemstillingar som kan og bør løysast gjennom langsiktig arealforvaltning.

### 24.1 Jordvern og kulturlandskap

Året 2012 er det siste der vi har oppdatert statistikk, og då vart det omdisponert 225 dekar dyrka jord i fylket. Middels omdisponering frå 2005 til 2012 er litt over 300 dekar. I jordvernstrategien som vart vedteken hausten 2009 av det tidlegare fylkeslandbruksstyret for Sogn og Fjordane, var målet å redusere omdisponeringa til under 250 dekar pr år. Slik sett ser tala frå 2012 bra ut, men det kan vere store årlege variasjonar på grunn av store byggjeprojekt og veganlegg.

Mange kommunar i fylket har diverre for gamle arealplanar, nokre heilt tilbake til 1990-talet. Men i dei kommunane der vi har størst vekst og størst konflikt med jordvern, har kommunane heldigvis satsa på å fornye kommuneplanen. Frå Fylkesmannen har vi vore veldig tydelege på at dette er rette vegen å gå, og vi har invitert oss sjølve til å kome inn i planprosessen så tidleg som mogeleg. Som nemnt innleiingsvis har vi ein ambisjon om at vi skal bidra aktivt til at kommunane skal ha oppdaterte planar. Vi ber kommunane om å peike ut kjerneområda for landbruksareala som eit grunnlag for revidering av arealplanen, og argumenterer for god sentrumsutvikling, god arealutnytting og mest mogeleg klare grenser mellom utbyggingsareala og landbruksareala.

Generelt er dialogen med kommunane god, og vi har svært få saker siste åra der konflikten har vore så stor at det har vore naudsynt å bringe saka inn for sentralt hald gjennom motsegn. Vi tek det som eit teikn på at både vi og kommunane har prøvd å finne akseptable kompromissløyningar, men vi vil også hevde at tydelege politiske signal frå sentralt hald om å ta vare på jordbruksareal, kulturlandskap og biologisk mangfald, har gjeve oss god hjelp i dette arbeidet.

I 2013 hadde vi berre éi sak der vi reiste motsegn, på eit nytt byggjefelt på Kaupanger i Sogndal. Her kom vi etter høyringa fram til eit kompromiss saman med kommunen, før saka kom til formell mekling. Vi hadde ikkje motsegner som måtte sendast til Miljøverndepartementet.

#### Utvalde kulturlandskap

Tiltak som inngår i skjøtselsavtalane i Hoddevik-Liset og Grinde-Engjasete har i stor grad vore utførte også i 2013. Vi ser at tiltaka har positive effektar på vegetasjonsutviklinga i dei mest biologisk verdifulle områda og på areala der det er gjort tiltak mot attgroing og for restaurering av gamal kulturmark. Utfordringane er framleis å få ei sterkare lokal forankring av satsinga i kommunane, og å få fleire grunneigarar til å delta. I tillegg har dei aktive bøndene i områda utfordringar med å få langsikte leigeareal og å finansiere nybygg og modernisering. Desse utfordringane gjer at det har vore lite lokalt engasjement kring tilleggsaktivitetar, til dømes tilrettelegging for ferdsle, oppleving og formidling.

### 24.2 Samfunnsplanlegging

Når det gjeld arealplanlegging i landbruket og bruken av motsegn, viser vi til resultatområde 24.1.

Samfunnsdelen av kommuneplanen legg viktige føringar for kommunane på ulike sektorar og for prioriteringar i arealplanlegginga. Vi oppmodar og kjem med faglege innspel på landbruksområdet til kommunane sitt arbeid med denne overordna samfunnsplanlegginga.

Vi er ferdige med dei store verneplanane her i fylket. No handlar det mest om oppfølging og forvaltning, og vi har



etter kvart eit godt samarbeid innan temaet bruk og vern.

I energisaker, enten det no gjeld kraftlinjer, små og store vasskraftutbyggingar eller vindkraft, gir vi også faglege innspel om landbruksinteressene i fråsegna frå Fylkesmannen.

Vi deltek i arbeidet med Fylkes-ROS (risiko og sårbarheitsanalyse) og bidreg med relevant fagkunnskap. Det handlar om uønskte hendingar innan landbruk som langvarig straumbrot, alvorlege dyresjukdomar og plantesjukdomar. Beredskapsarbeidet hjå Fylkesmannen er i det daglege styrt av fylkesberedskapssjefen som er ein del av staben ved embetsleiinga, og landbruksdirektøren deltek mellom anna i øvingar og ved revidering av plandokumenta.

### 24.3 Klimautfordringene

Vi har rapportert på arbeidet med skogbruksplanlegging med miljøregistreringar under resultatområde 23.2 Skogbruk.

Det vart etablert ein massivtrefabrikk i fylket i august 2013. Potensialet for auka trebruk i fylket er framleis stort, og i 2013 vart det oppretta ei eiga prosjektstilling (tre drivar) som skal arbeide for auka bruk av trevirke.

Vi samarbeider også med næringa om eit bioenergoprojekt som er midtvegs i tredje og siste prosjektperiode. Viktige oppgåver er opplysningsarbeid og rettleiing innan bioenergi. Resultata viser best att på små bioenergianlegg på gardsbruk, men det har også vore jobba med nokre større fellesanlegg. Det vert arbeidd for å få til ein flisterminal og å få eksport av flis til dømes nordover til forbrenningsanlegg i Ørsta. Prosjektet gir også auka kunnskap om bioenergi hjå lokale aktørar og offentlege myndigheiter gjennom fagdagar og studieturar. Forholdsvis låge prisar og rikeleg tilgang på vasskraft talar likevel mot auka bruk av bioenergi. Større aktørar vel derfor lett andre energikjelder enn bioenergi.

Klimatiltak i landbruket er for vår del hovudsakleg retta mot skogbruk og miljøvennleg gjødselhandtering. I skogbruket har vi arbeidd for å auke planting etter hogst, noko som er viktig for å halde ved like skogen si evne til å binde karbon. Plantetalet auka frå 130 000 planter i 2012 til 438 000 planter i 2013, men her var nok samla opp eit behov etter fleire år med låge plantetal.

I samarbeid med Bioforsk Fureneset har vi arbeidd for å få fram meir kunnskap om korleis praktisk jordbruksdrift kan redusere utsleppa av klimagassar. Dette handlar mellom anna om å redusere gassutslepp frå opne lager, tilstrekkeleg lagerkapasitet, rett gjødselhandtering i vekstsesongen, lite jordpakking og god drenering. Totalt sett vil altså god agronomisk drift gje mindre utslepp av klimagassar, betre avlingar og dermed også betre driftsøkonomi. Denne kunnskapen blir no formidla frå Fureneset fagsenter i samarbeid med Norsk Landbruksrådgjeving.

Handtering av husdyrgjødsel i store biogassanlegg kan gje vesentleg reduksjon i metangass, men det er per i dag ikkje økonomisk lønsamt, og det vil også generere eit ekstra transportbehov mellom gardsbruka for å få store nok anlegg. Det er derfor ikkje etablert slikt anlegg her i fylket.

Vi har ikkje konkrete tiltak på utslepp av klimagassar og ammoniakk i vårt regionale miljøprogram (RMP) fordi vi som nemnt under 24.4. har prioritert kulturlandskapet. Vi har heller ikkje funne gode generelle økonomiske verkemiddel som etter vår vurdering kan eigne seg som klimatiltak i RMP.

### 24.4 Produksjon av miljøgoder og reduksjon av forurensninger

#### Regionalt miljøprogram - RMP

I RMP kan kvart fylke definere miljøutfordringane sine og bruke økonomiske verkemiddel for å møte desse, og dermed stimulere til meir miljøvennleg landbruksproduksjon. I Sogn og Fjordane har vi som hovudmålsetnad å ta vare på det særmerkte kulturlandskapet, og tiltaka er innretta deretter. Dette er døme på konkrete tiltak i RMP der vi ser positiv effekt ut frå hovudmålet:

- Skjøtsel av bratt areal, ei ordning som tek halvparten av potten på 25 mill. kroner, hindrar at ein del bratt areal vert lagt ned og at brattlente bruk går ut av drift
- Beite i utmark (tilskot til beitedyr i verneområde) har medført auka beiting innanfor dei store verneområda

- og bidreg dermed til å ta vare på kulturlandskapet i nokre av ei aller finaste fjellområda våre
- Skjøtsel av styvingstre har medført at langt fleire styvingstre vert styvde
- Drift av stolar med mjølkeproduksjon: Tilskotet er svært viktig for at folk skal ta meirarbeidet og meirkostnaden med stølsdrift
- Drift av beitelag: Tilskotet er ein viktig stimuli for organisert arbeid for mindre beitetap. Det hadde vore vanskeleg å oppnå reduserte beitetap i utmarka viss vi ikkje kunne mobilisere beitenæringa gjennom desse laga

Vi fekk nytt elektronisk fagsystem for RMP i 2013. Tanken og funksjonane som ligg i systemet var god, men dataprogrammet hadde dessverre for mange barnesjukdomar, både med kartdelen og kontrollrutinane i programmet. Dette har gjeve enkelte brukarar, kommunar og oss mykje ekstra arbeid. Vi håpar at problema no vert løyste til komande søknadsomgang i 2014.

#### Spesielle miljøtiltak i landbruket - SMIL

Størstedelen av SMIL-midlane i 2013 gjekk til gamal kulturmark og verneverdige bygningar i kulturlandskapet, fordelt med 36 og 44 prosent. Typiske tiltak er rydding og inngjerding for å opne attgrodde beiteareal, og reparasjon av tak og fasadar på gamle låvar og stølshus. Kommunane fekk relativt få søknadar med andre føremål. Denne tendensen har endra seg lite gjennom dei ti åra med SMIL-ordninga. I 2013 gjekk om lag to tredelar av midlane til bønder med produksjonstilskot. Resten vart fordelte på andre som disponerer ein landbrukseigedom, og lag og organisasjonar. Denne fordelinga har heller ikkje har endra seg særleg gjennom åra.

Ved fordeling av SMIL-ramma oppmoda vi kommunane om å stimulere til SMIL-tiltak som kan sjåast i samanheng med målsetnaden i RMP om å ta vare på det opne og særmerkte kulturlandskapet. I samband med rapporteringa på slutten av året, bad vi kommunane om ei kort oversikt over korleis dei har jobba med dette.

#### Biologisk mangfald og kulturminne

Vi har ikkje nok overvaking til å seie sikkert korleis tilstanden og utviklinga er for biologisk mangfald og kulturminne. Vi ser likevel nokre tendensar. Dei mest verdifulle lokalitetane for biologisk mangfald og kulturminne i kulturlandskapet har dei siste åra fått auka merksemd både frå forvaltning, grunneigarar og brukarar. Fleire gode støtteordningar utfyller kvarande og er målretta for å ta vare på desse verdiane.

Viktige ordningar her er RMP, SMIL, utvalde naturtypar, utvalde kulturlandskap og verdsarvområda. Samtidig er det store mangfaldet av kulturmarker og kulturelement svært avhengig av eit aktivt landbruk som kan skjøtte vegetasjonen og halde ved like steingardar, bakkemurar, bygningar og liknande. Utviklinga med attgroing av kystlynghei og anna gamal kulturmark, og forfall av bygningar og strukturar i landskapet, vil diverre halde fram så lenge talet på bønder og dyr går ned.

#### Arbeidet med landbruksureining i vassområda

Stryn vassområde er det første vassområdet i vårt fylke som blir handtert etter vassrammedirektivet. Miljøtilstanden er i stor grad god, men vasskvaliteten i fleire elvar kan bli betre. Nokre av elvane er også påverka av landbruket. Sidan det først og fremst er snakk om diffuse kjelder, har det vore nødvendig å halde fram med overvaking og tiltaksplanlegging før ein kan sette i gang målretta tiltak. Dette må også sjåast i samanheng med tiltak innanfor andre sektorar.

#### Miljøplan på gardbruka

Dei fleste bøndene har miljøplan, men oppfølginga av planen varierer. Bøndene har best kontroll på gjødslingsplan og sprøytejournal, som er knytt til den løpande drifta på bruket. Sjekkliste, tiltaksplan og dokumentasjon er dårlegare følgde opp. Vi har til no prioritert kulturlandskapet og har hatt mindre ressursar til arbeidet med å redusere andre miljølempar. Miljøplanen vert såleis ikkje oppfatta som ein viktig reiskap mot til dømes ureining. Vi oppfattar også at mange bønder framleis er usikre på skiljet mellom KSL (som er næringa sitt eige kvalitetssystem) og miljøplan, og at mange med rette meiner det er ein del dobbelt papirarbeid. Det er derfor behov for forenkling og samordning av miljøplan og KSL, både for bonden og forvaltninga. I tillegg bør miljøplan trinn 2 vurderast integrert i aktuelle søknadsskjema for dei ulike tilskotsordningane. Eventuelle endringar blir viktige å formidle gjennom kurs, samlingar og liknande for brukarane og forvaltninga.

#### Plantevernplan

Vi har i mange år hatt ansvar for kvart år å lage ein samla plantevernplan som skal gje råd om forsvarleg bruk av plantevernmiddel i jord- og hagebruk. Dette heftet blir brukt i dei seks fylka frå Agder til Møre og Romsdal.

**Tilskudd fra regionalt miljøprogram utbetalt 2013 etter søknadsomgang 2012 - kroner utbetalt til hovedområder**

Embeter	Kulturlandskap	Biologisk mangfold	Kulturmiljøer og kulturminner	Friluftsliv og tilgjengelighet	Avrenning til vassdrag og kyst	Utslipp til luft	Plantevernmiddel	Andre miljøtiltak
FMSF	18335620	2128360	3182239	0	0	0	0	602500
<b>Sum</b>	<b>18335620</b>	<b>2128360</b>	<b>3182239</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>		

## 24.5 Økologisk landbruk

Gjennom handlingsplanmidlar har vi støtta opp om tiltak retta mot auka produksjon av frukt og bær og auka foredling og omsetnad av lammekjøtt. Dette har skjedd i nær dialog med Føregangsfylket, Fylkesmannen i Hordaland, Innovasjon Norge og Kompetansenavet Vest. Det kjem for små volum av frukt og bær fram til forbrukarane, og vi har difor gjort eit kartleggingsarbeid saman med Fylkesmannen i Hordaland for å finne avlingsnivå og omsetningskanalar for økobruka. Denne kartlegginga vil vere viktig for det vidare arbeidet med auka produksjon av økologisk frukt og bær der eitt av måla er auka avling per dekar. For å sikre at økologisk lammekjøtt vert omsett som økologisk, er det sett i gang eit prosjekt på lokal foredling og omsetnad der bonden foredlar og lokale butikkar skal stå for salet. Det er reduksjon i tala på økologiske dyr, slåtteeareal og beiteareal, men vi legg no meir vekt på å auke sjølve produksjonen og produktmengda fram til marknaden.

## Ressursrapportering

Vi har ingen vesentlege avvik.

Resultatområde	Kapittel 1510	Fagdep.
21 Matsikkerhet	kr -52 213,17	kr 0,00
22 Landbruk over hele landet	kr -20 588,60	kr 0,00
23 Eiendoms- og bosettingspolitikk	kr 0,00	kr 0,00
24 Bærekraftig kultur	kr -11 548,09	kr 0,00
Andre oppgaver under LMD	kr 10 857 969,06	kr 0,00
Sum:	kr 10 773 619,00	kr 0,00

## Kunnskapsdepartementet

### Resultatområde 31 Tilsyn og forvaltningsoppgaver på opplæringsområdet

#### 31.1 Tilsyn

##### Resultatkrav - eigenvurdering

I 2013 var det utarbeidd sentrale arbeidsskrav på resultatområdet 31.1: Felles nasjonalt tilsyn (30 prosent), prioritert område (20 prosent) og eigeninitierte tilsyn (50 prosent). Vi meldte inn tilsyn til Utdanningsdirektoratet i samsvar med dette kravet. Med nokre mindre justeringar som vi her gjer greie for, har vi gjennomført tilsyna som planlagt.

Felles nasjonale tilsyn: Vi har gjennomført ordinære tilsyn med seks grunnskular og oppfølgingstilsyn med ein grunnskule og ein vidaregåande skule. Når det gjeld det ordinære tilsynet, vart to vidaregåande skular erstatta med to grunnskular i ein kommune. Bortsett frå eitt oppfølgingstilsyn, er det ikkje gjennomført ordinært tilsyn med fylkeskommunen i 2013.

Prioriterte tilsyn: Vi skulle føre tilsyn med fire grunnskular i to kommunar. Tilsynsystema var «Læreplanarbeid og skulebasert vurdering». Tilsyna vart gjennomførte som planlagt på slutten av året.

Eigeninitierte tilsyn: Vi skulle ha oppfølgingstilsyn etter kap. 9a med to grunnskular i same kommune. Desse tilsyna vart gjennomførte som planlagt. Det vart planlagt å gjennomføre dokumenttilsyn med ordensreglementet i

ein kommune og alle tre grunnskulane i kommunen. Undervegs valde vi ein ny kommune, og tilsynet vart utvida til å gjelde alle fem grunnskulane i kommunen. Tilsynsrapporten vår omfattar til saman fem grunnskular.

**Kartlegging:** I 2013 gjennomførte vi kartlegging av alle kommunane (26) for å få fram korleis kommunane praktiserer ordninga med gratis frukt og grønt, gratis leksehjelp og fysisk aktivitet, dvs. om praksis var i samsvar med gjeldande regelverk. Vi følgde også opp Utdanningsdirektoratet og Helsedirektoratet si kartlegging av godkjeningsstatusen til skulane (grunnskular og vidaregåande skular) etter regelverk om miljøretta helsevern. Vi følgde opp med både munnleg og skriftleg kontakt med dei aktuelle kommunane.

### **Resursar og kompetanse - eigenvurdering**

Når det gjeld tilsynsomfanget, meiner vi at det for 2013 har vore tilfredstillande balanse mellom aktivitetskrava og ressursane våre. Dei tilsette som arbeider med tilsyn, har høgare utdanning. Nokre har lang erfaring med tilsynsarbeid og har også lang arbeidserfaring frå kommunal sektor. For å vere mindre sårbare på barnehage- og utdanningsområdet har vi i 2013 internt i embetet styrkt den juridiske kompetansen. Dette har m.a. skjedd gjennom å etablere ei eiga juridisk avdeling som gjer det lettare å ha juridisk dobbelkompetanse på områda.

Tre personar deltek i planlegging av stadleg tilsyn sjølv om det til vanleg er to personar som gjennomfører tilsynet. Dette gjer vi for å kunne gjennomføre tilsynet sjølv om det t.d. skulle bli sjukdomsforfall.

Vi har framleis ei ordning med tilsynslag med ansvar for tilsynsarbeidet på barnehage- og grunnopplæringsområdet. Alle tilsette på avdelinga er representerte i tilsynslaget. Det vert gjennomført regelmessige møte og elles ved behov.

Det er viktig å arbeide systematisk for å sikre at vi alltid har tilstrekkeleg og oppdatert kompetanse på tilsynsområdet, dvs. opplæring av nyttilsette og oppdatering av meir erfarne medarbeidarar. I 2013 har fleire av dei tilsette delteke på nasjonale konferansar som gjeld tilsyn, t.d. i samband med innføring av ny metodehandbok og i samband med felles nasjonalt tilsyn 2014-2017. Avdelinga har også gjeve fråsegner til høyringar som gjeld tilsyn.

Trass i at vi har gjort nokre mindre endringar på innsendt tilsynsplan for 2013, meiner vi tilsynsaktiviteten vår tilfredsstillar aktivitetskrava frå Utdanningsdirektoratet. Under eigeninitierte tilsyn har vi valt å gjennomføre tilsyn med gratis frukt og grønt og gratis leksehjelp. I tillegg har vi gjennomført kartlegging av gratis frukt og grønt, gratis leksehjelp og fysisk aktivitet i alle kommunane.

### **Tema, objekt og dimensjonering - eigenvurdering**

#### *Eigeninitiert tilsyn*

Vi gjorde oppfølgingstilsyn etter kap. 9a med to skular i same kommune. Dette var oppfølging av tilsyn som vart gjennomført hausten 2010. I val og vurdering av kommune vurderer vi både omfanget av pålegga og tilbakemeldingane frå kommunen. Vi har vurdert i kva grad pålegga vil krevje ei større «kulturrendring» ved skulen. Vi vurderer også ev. oppfølgingstilsyn opp mot aktuell statistikk, motekne klagar og meldingar (t.d. telefonar).

Fordi vi ser § 9a-1 som ein viktig paragraf i opplæringslova, har vi i alle kommunane i fylket valt å føre tilsyn med arbeidet i skulane med det psykososiale miljøet. Kvaliteten på dette arbeidet har stor innverknad på vilkår for vekst og utvikling for den enkelte eleven.

Fylkesmannen har dei siste åra gjennomført årvisse regelverksamlingar der vi har løfta fram ulike juridiske tema i grunnopplæringa. Målgruppa har vore skulefagleg ansvarlege, skuleleiing og PPT. Hausten 2012 var ordensreglementet i skulen eit sentralt tema på samlinga der både Utdanningsdirektoratet og kommunenivået hadde innlegg. Difor var tilsyn med ordensreglementet i skulen ei oppfølging av tidlegare gjennomgått stoff. I samband med gjennomføring av tilsyn på kap. 9a, hadde vi også vurdert dette som eit aktuelt tilsynsystema under eigeninitiert tilsyn.

#### *Hendingsbasert tilsyn*

Det vart gjennomført hendingsbasert tilsyn med ein kommune som gjorde politisk vedtak om å fjerne den lovfesta ordninga med gratis frukt og grønt og gratis leksehjelp. Fylkesmannen vart gjort merksam på vedtaket gjennom media og gjennom spørsmål frå føresette. Våre nærare undersøkingar avdekte ein lovstridig praksis i kommunen. Dette førte til at vi gav pålegg til kommunen om å rette opp forholdet, og dermed tilby gratis frukt og grønt og gratis leksehjelp. Kommunen retta seg etter pålegget.

I brev (11.06.2013) bad Utdanningsdirektoratet oss om å følge med på om elevar som har rett til gratis leksehjelp, fekk dette. Arbeid med GSI-rapporteringa for 2012/2013 hadde ikkje gitt oss indikasjonar på at kommunane ikkje følgde opp. Men på bakgrunn av eit påvist lovbrøt i ein kommune både for leksehjelp og ordning med gratis frukt og grønt, gjennomførte Fylkesmannen ei eiga kartlegging av alle 26 kommunane. Kartlegginga omfatta ordningane med gratis frukt og grønt, gratis leksehjelp og fysisk aktivitet. Kartlegginga viste at ytterlegare to kommunar hadde teke bort ordninga med frukt og grønt. Kommunane retta opp lovbrøtet relativt raskt, og vi trong difor ikkje å varsle tilsyn eller gje pålegg.

### **Retting av lovbrøt avdekkja gjennom tilsyn**

Inntrykket vårt er at kommunane rettar lovbrøt som følgje av varsel om pålegg eller pålegg i samband med tilsyn, men i nokre høve må vi diverre purre mykje for å få tilbakemelding etter avdekte lovbrøt. Det er mogeleg at dei nye reglane i den nye metodehandboka kan gjere dette enklare.

### **Anna**

#### *Læring gjennom tilsyn – utprøving av ny modell*

I årsrapporten for 2012 opplyste vi at vi ville prøve ut ein ny modell for å sikre meir læring gjennom tilsyn, som vi kallar læringstilsyn. I 2013 har vi prøvd ut modellen gjennom tilsyn med kap. 9a. Modellen inneber at vi i forkant av tilsyn inviterer til eit formøte der vi informerer både tilsynskommunen og nabokommunar om kontrollspørsmåla og lovforståinga. I samband med dette utarbeidde vi også eit eige informasjonshefte som vart delt ut under møtet. Denne gjennomgangen gjorde at både tilsynskommunen og nabokommunane kunne setje i verk ulike tiltak – både strakstiltak og tiltak som kravde meir langsiktig arbeid. Strakstiltak er t.d. gjennomgang av dokument, rutinar eller malar og feil samansetjing av samarbeidutval eller skulemiljøutval i skulane. Tiltak som krev meir langsiktig arbeid kan vere tiltak for å endre haldningar til krenkjande åtfærd og felles forståing om varsling til skuleleiing.

I tillegg til tilsynskommunen inviterte vi nabokommunar der vi tidlegare ikkje hadde gjennomført tilsyn etter kap. 9a. Vinteren og våren 2013 gjennomførte vi felles formøte i region Indre Sogn og region Nordfjord. Hausten 2013 planla vi å gjennomføre felles ettermøte med dei same regionane, men desse vart i staden gjennomførte i januar 2014.

Vi har fått svært positive tilbakemeldingar frå kommunane på denne modellen. Inntrykket vårt er at kommunane går inn i tilsynet på ein annan måte enn tidlegare. Gjennomgang av kontrollspørsmål og lovgrunnlaget i forkant kan sjå ut til å gjere kommunane tryggare og meir aktive til å rette opp eventuell lovstridig praksis.

## **31.2 Klagesaksbehandling**

### Vurdering av eiga måloppnåing

Vi vurderer å ha god måloppnåing, og størstedelen av sakene vart handsama innan fristane gitt i serviceerklæringa vår. I serviceerklæringa vår har vi sett ei saksbehandlingstid på fire veker for klage på spesialundervisning, skyss og standpunktarakter. På slutten av året inkluderte vi også klager på elevane sitt psykososiale miljø i serviceerklæringa, og også her reknar vi maksimalt fire veker saksbehandlingstid. Samla saksmengde er tilnærma lik året før for dei fleste sakstypene. Vi motteke ni klager på det psykososiale miljøet i 2013 mot to slike saker i 2012.

I hovudsak er det jurist som behandlar klagesakene. I tillegg er det fleire med høgare utdanning (pedagogikk og spesialpedagogikk) som også behandlar klagesaker som gjeld spesialpedagogisk hjelp, spesialundervisning, psykososialt miljø og standpunktarakter.

Sakene vert behandla skriftleg og i tråd med opplæringslova, forvaltningslova og andre forvaltningsrettslege prinsipp. Vi registrerer sakene som kjem inn, og brukar informasjonen som ein del av grunnlaget for val av tilsynsobjekt.

Vi samarbeider om enkeltsaker og brukar klagelaget til å sikre felles lovforståing, god gjennomføring av klagebehandlinga og fordeling av saker.

I nokre kap. 9a-saker ser vi at det kan ta lang tid før skulen eller skuleeigar behandlar klagen og sender denne vidare til oss. Klagaren tek ofte kontakt med oss, og vi purrar på skulen/kommunen og set gjerne ein frist for behandling og oversending. Dette skjer også i nokre saker om spesialundervisning. Vi har også blitt kontakta i nokre få saker der vedtaket ikkje blir følgt opp av skuleeigaren. Vi er ikkje blitt kjent med klagesaker gjennom

media.

Vi har dei siste åra hatt to saker etter opplæringslova § 13-4 andre ledd der kommunen og fylkeskommunen ikkje har blitt einige om organisering og finansiering av skuleskyssen, og bedt Fylkesmannen gi pålegg. Utfordringa med saker etter § 13-4 andre ledd er at føresegna gjev vage føringar for korleis sakene skal avgjerast, og at det heller ikkje er andre kjelder som kan kaste lys over dette. Vi er kjende med Utdanningsdirektoratets skriv av 11.06.2010 om at det ikkje er føremålstenleg å detaljregulere korleis fylkesmennene skal fastsette skyssansvaret. Likevel vil vi nemne at vi skulle ønskje oss nærare rettleiing for kor langt vi konkret skal prøve kostnader til skyss opp mot pedagogiske og praktiske omsyn i undervisninga, eller om vi først og fremst skal halde oss til å vurdere kva samråding fylkeskommunen og kommunen har hatt.

Klage i grunnskolen (opplæringsloven med forskrifter)

Type Klage	Sum	Medhold/Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevet	Avvist	Kommentar
Standpunkt (fag og orden og oppførsel)	33	24	9	0	0	
Bortvisning, § 2-10	2	0	0	2	0	
Skoleplassering, § 8-1	3	0	3	0	0	
Skyss, § 7-1	2	1	1	0	0	
Psykososialt skolemiljø, § 9a-3	4	2	2	0	0	Vi har mottatt 9 saker totalt sett i 2013, dei andre fem vart sendt kommunen for behandling på slutten av året,og ei av desse sakene løyste seg i kommunen.
Lokalt gitt muntlig eksamen	3	0	3	0	0	
Spesialundervisning, § 5-1	11	4	3	4	0	
Sentralt gitt skriftlig eksamen	457	105	352	0	0	Klagesensur for sidemål i grunnskulen. 105 fekk medhald og høgare karakter. 17 fekk nedsett karakter
Sum	515	136	373	6		

Klage i videregående opplæring (opplæringsloven med forskrifter)

Type Klage	Sum	Medhold/Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevet	Avvist	Kommentar
Videregående opplæring for voksne, § 4A-3	1	1	0	0	0	
Sentralt gitt skriftlig eksamen	1040	53	987	0	0	
Sum	1041	54	987	0		

Klage i forbindelse med spesialpedagogisk hjelp til barn under opplæringspliktig alder (opplæringsloven)

Type Klage	Sum	Medhold/Delvis medhold	Ikke medhold	Opphevet	Avvist	Kommentar
Spesialpedagogisk hjelp, § 5-7	2	1	0	1	0	
Sum	2	1	0	1		

### 31.3 Grunnskolens informasjonssystem (GSI)

For å kvalitetssikre og følgje opp arbeidet med GSI i Sogn og Fjordane har vi dei tidlegare åra gjennomført regionale samlingar. Vi gjekk også i år ut med eit slikt tilbod til kommunane, men det kan sjå ut som om kommunane har kontroll på området, for det var lita interesse for regionvise samlingar. Sidan vi ikkje hadde samlingar, la vi i staden meir vekt på å følgje opp nye leiarar gjennom e-post og telefon.

Etter ferdigstilling av GSI-tala har vi arbeidd med å kvalitetssikre og revidere innrapporterte data. Vi har hatt særleg merksemd på assistenttimar, leksehjelp og fysisk aktivitet i grunnskuleskjemaet. I tillegg har vi konsentrert

oss om vaksenopplærings skjemaet og kulturskuleskjemaet der det har vore rapportert på interkommunale løysningar.

Fylkesmannen har med utgangspunkt i GSI-tala tenkt å følgje opp at kommunane rapporterer på forsvarleg gruppestorleik. Vi avventar her rapportar frå Utdanningsdirektoratet. Vi har ikkje funne avvik på gruppestorleik dei siste åra.

Vi har delteke på nasjonale samlingar om GSI og i sørvest-samarbeidet på området.

Tal frå GSI blir nytta aktivt ved tilsynsarbeid.

Vi vurderer at vi har god kompetanse til å løyse oppgåvene våre, og gjennomføringa har gått etter planen.

## **31.4 Informasjon og veiledning**

Vi har sju tilsette som er involverte i arbeid på dette området. Vi har god kompetanse til å løyse oppgåvene våre, og gjennomføringa har gått etter planen. Vi informerer og rettleiar på telefon og gjennom brev, og vi publiserer aktuell informasjon på nettstaden vår. Oppdraget er utført etter krava, og vi når mange sidan vi har svært god oppslutnad om tiltaka våre.

Vi har etablert faste samarbeids- og møtestrukturar i fylket i lag med KS, kommunane, fylkeskommunen, Høgskulen i Sogn og Fjordane og Utdanningsforbundet. I fellesskap har vi utarbeidd ein samordna møteplan for denne verksemda, som inneheld tidspunkt for ulike møte og konferansar. Dette gir oss høve til å planlegge og arbeide strategisk, og til å sjå tiltak i samanheng. Det gir gode vilkår for koordinert innsats, kontinuitet og tett oppfølging. Samarbeidspartane forpliktar seg, og det er god oppslutnad og sterkt engasjement for dei ulike tiltaka. Kommunane er organiserte i fire stabile regionar som har omfattande samarbeid.

Fordi vi har strukturert arbeidet på denne måten, legg vi møteplassane til grunn for omtale av ulike oppdrag og tiltak. Det som ikkje er nemnt her, er nemnt under andre resultatområde.

### **Utdannings- og oppvekstmøte**

I samarbeid med KS arrangerer Fylkesmannen tre to-dagars møte per år for kommunane ved skule- og barnehageansvarlege, der m.a. informasjon og opplysningar om regelverk og satsingar inngår som ein fast del av programmet. Fylkeskommunen deltek også. Sentrale tema har m.a. vore tilsyn, rettleiar om beredskap, nytt inntaksreglement for vidaregåande opplæring, tilstandsrapport og funksjonar i Skoleporten, rettleiarkorps, betre læringsmiljø, leing for eit inkluderande læringsmiljø, forholdet mellom spesialundervisning og tilpassa opplæring og strategi for ungdomstrinnet.

### **Utdanningsprogram for skuleeigar**

Vi har i samarbeid med KS og Høgskulen gjennomført eit skuleeigarprogram med deltaking frå 20 av 26 kommunar og fylkeskommunen. Deltakarar har vore politisk og administrativ leing i kommunane. Gjennom fire to-dagars-samlingar og mellomliggjande arbeid har vi hatt som målsetnad å gi deltakarane auka kunnskap og ferdigheiter i dialogbasert styring av skulen. Vi har mellom anna lagt vekt på å synleggjere og stimulere til bruk av Skoleportens verktøy for kvalitetsvurdering og skuleutvikling. Bruk av tilstandsrapporten som verktøy for sikring og utvikling av kvalitet har vore sentralt. Programmet er evaluert av IMTEC, og rapporten vart presentert på ein skuleleiarkonferanse hausten 2013. Programmet blir følgt opp med årlege samlingar der temaet vil vere vidareutvikling av kvalitetsvurderingssystem.

### **Forum for skule- og barnehageutvikling**

Dette er ein fast møtearena for Fylkesmannen, KS, regionansvarlege i kommunane, fylkeskommunen, høgskulen og Utdanningsforbundet. Her set vi sentrale tema på dagsordenen for å få koordinerte tiltak og prosessar til beste for skulane og barnehagane. Sentrale tema har vore: Vidare- og etterutdanning, leiarutdanning, skuleeigarrolla, strategi for ungdomstrinnet, Ny-GIV, spesialundervisning og tilpassa opplæring.

### **Skuleleiarkonferanse**

Fylkesmannen arrangerte i oktober saman med KS, høgskulen og Utdanningsforbundet den årlege skuleleiarkonferansen. Skuleleiarar frå dei fleste skulane i både grunnskule- og vidaregåande deltok, i tillegg til skulefagleg ansvarlege. Eit sentralt tema var forholdet mellom spesialundervisning og tilpassa opplæring. Peder Haug heldt hovudforedraget med tittelen: Best mogleg læring - med eller utan enkeltvedtak.

## Rektorkonferanse

Dette er ein konferanse der deltakarane er rektorar og skulefagleg ansvarlege på ungdomstrinn og i vidaregåande opplæring. Tema i 2013 var vurdering for læring, Ny-GIV og ungdomstrinnsatsinga.

## Regelverksamling

Fylkesmannen har fleire år i slutten av oktober arrangert dagssamling om regelverk. På samlinga har vi vanlegvis hatt eitt hovudtema med eit hovudinnlegg, gjerne supplert med informasjon om lovkrav, erfaringar frå klagebehandling og tilsynsarbeid. I tillegg har vi også bedt om innspel frå kommunar og skular. Målgruppa for konferansen er skuleeigarar og skuleleiarar i grunnsopplæringa, PPT og lærarar.

Med bakgrunn i oppdrag frå Utdanningsdirektoratet fann vi det i 2013 praktisk å utvide samlinga til to dagar. I 2013 deltok rundt 160 personar.

På den første dagen var temaet «skulen sitt systematiske arbeid med læringsmiljø» der det også vart vektlagt å informere om «Bedre læringsmiljø» som ressurs i arbeidet med læringsmiljøet. Hovudinnlegget vart supplert med erfaringar frå arbeidet med kap. 9a i ein kommune, saksbehandlingsreglar i samband med klage på det psykososiale miljøet, informasjon om målretta støtte og rettleiing til skular med vedvarande høge mobbetal, felles nasjonalt tilsyn 2014–2017 og informasjon om ungdomstrinnsatsinga.

Den andre dagen var temaet «lokalt læreplanarbeid». Utdanningsdirektoratet hadde hovudansvar for innhaldet. Overskriftene på bidraga var m.a. «Kva veit vi om lokalt arbeid med læreplanar?», «læringsmiljøet - skulen sitt breie mandat», «grunnleggjande ferdigheiter - ny forståing av kunnskap», «dei reviderte læreplanane i engelsk, matematikk, naturfag, norsk og samfunnsfag» og «kvalitetsvurderingssystemet.»

Det vart også gjennomført ei evaluering av konferansen gjennom eit individuelt spørjeskjema. Oppsummeringa av samlinga var svært positiv og denne er også sendt Utdanningsdirektoratet.

## Kommunekonferansar og kommunebesøk

Fylkesmannen i samarbeid med KS inviterer til tre samlingar i året der to er for rådmenn og ordførarar og ei er for rådmenn. Vi har nytta desse samlingane til å ta opp krav til skuleeigarrolla og har gitt ein tilstandsanalyse av sektoren i tråd med sentrale mål i statsbudsjettet. Utdanningsavdelinga deltek også når Fylkesmannen held generelle kommunemøte, og tar opp aktuelle tema innanfor utdanningsområdet.

## Områdeovervaking

Gjennom eit eigenutvikla system for områdeovervaking lagar vi oversikt over tilstanden i kommunane for m.a. læringsresultat, læringsmiljø og omfang av spesialundervisning. Vi hentar data frå Skoleporten og kommunale tilstandsrapportar. Kunnskapen nyttar vi som grunnlag for dialog på kommunebesøk og som grunnlag for risikovurdering i samband med tilsyn og anna strategisk informasjonsarbeid. Vi informerer om "Bedre læringsmiljø" som ressurs når det er behov for det. Vi har også utarbeidd kommunebilete med viktige data og informasjon frå ulike avdelingar. Bileta er til god hjelp i samband med kommunebesøk.

## Nettportal [www.kunnskapsdeling.no](http://www.kunnskapsdeling.no)

Fylkesmannen har sidan 2010 drifta nettportalen [kunnskapsdeling.no](http://www.kunnskapsdeling.no), der føremålet har vore å formidle sektorinformasjon som årlege tilstandsrapportar frå kommunane og utviklingsprosjekt som PRAKUT-prosjektet Lærande regionar.

Treffstatistikken for 2013 syner at nettstaden hadde vel 1500 visningar av framsida og 1000 unike besøkande.

I samband med etableringa av nye nettsider for fylkesmannsembeta januar 2013 vart det gjort ei vurdering av det vidare arbeidet med [kunnskapsdeling.no](http://www.kunnskapsdeling.no). Konklusjonen vart at portalen skal leggest ned i løpet av våren 2014. I staden tek vi sikte på å presentere tilstandsrapportar på Fylkesmannen si nettside [www.fmsf.no](http://www.fmsf.no). Høgskulen i Sogn og Fjordane har frå 01.01.2014 teke over ansvaret for informasjon om prosjektet Lærande regionar.

Fylkesmannen ønskjer m.a. på denne måten å medverke til at arbeidet med tilstandsrapportane frå kommunane vert kopla opp mot utvikling av skuleeigarrolla. Dei årlege tilstandsrapportane frå kommunane er og eit sentralt dokument for oss i samband med tilsyn med grunnsopplæringa.

## Vurdering i kroppøvingfaget



Den 11. september deltok 55 deltakarar på konferanse i kroppsøvingsfaget. Tema var vurdering i kroppsøvingsfaget. Tilbakemeldinga frå deltakarane var positive.

### **Forsøk med arbeidslivsfag**

Fire kommunar og seks skular deltok i forsøket i Sogn og Fjordane.

Vi inviterte skuleeigarar, skuleleiarar og lærarane i faget til ei nettverkssamling 7. mars 2013. Tema var arbeid med lokalt gitt eksamen. Grunna få påmelde vart det i staden gjennomført eit arbeidsmøte med kommunane Eid og Stryn. Møtet førte til eit eksamenssamarbeid utover våren. Desse kommunane gjennomførte og lokal gitt eksamen i arbeidslivsfag våren 2013.

### **Erfaringar frå ein av forsøksskulane (Stryn ungdomsskule)**

Sju elevar var oppe til eksamen, fordelt på ein individuell og tre pareksamenar. Elevane var godt førebudde sidan det var gjennomført prøveeksamen to gonger siste skuleår, og siste del av året var øving til eksamen.

Elevane presterte omtrent det skulen meinte å forvente av dei, og det var godt samsvar mellom standpunkt- og eksamenskarakter. Elevane var godt kjende med kriteria for måloppnåing og hadde brukt desse til eigenvurdering.

Skulen opplevde forsøket og erfaringane med eksamen som positive. I arbeid med elevvurdering har arbeidslivsfag vore med på å setje ein ny standard for korleis det pedagogiske personalet lagar læringsmål og kriterium, noko som dei meiner kan overførast til andre fag.

### **Inn på tunet**

Utdanningsavdelinga har vore med og utarbeidd handlingsplanen for Inn på tunet (IPT) i Sogn og Fjordane for perioden 2013-2016. Gruppa var samansett av representantar frå Fylkesmannens avdelingar innan landbruk, helse- og sosial, utdanning, Innovasjon Norge, KS, NAV, Sogn og Fjordane Bondelag, Sogn og Fjordane bonde- og småbrukarlag, Sogn og Fjordane skogeigarlag, Sogn og Fjordane fylkeskommune og tilbydnernettverket.

Hovudmålsetnaden for planen er å utvikle kvalitetssikra og samfunnsnyttige velferdstenester med garden som arena. Utdanningsavdelinga har vore særleg oppteken av å sikre at regelverket som regulerer bruken av alternative opplæringsarenaer i grunnopplæringa, vart knytt opp til planen.

Sjå elles rapportering på resultatområde 23.1 Næringsutvikling innan jordbruk og bygdenæringa.

### **Minoritetspråklege elevar**

Vi har saman med NAFO hatt eit årleg møte for fokuseiningar. Vi har i fylket etablert eit nettverk for skule- og barnehageeiningar som har eit særleg fokus på minoritetspråklege. Det er også gitt rettleiing til kommunane om regelverk og materiell knytt til minoritetspråklege elevar.

## **31.5 Eksamen, nasjonale prøver og kartleggingsprøver**

Oppdraget er utført etter krava og med godt resultat.

### ***PAS og PGS***

Embetet har generelt god kompetanse på PAS. På dei meir spesielle oppgåvene som eksamensavvikling, er kompetansen tilfredstillande. Vi er ei lita avdeling og kan vere sårbare, men vi har prøvd å styrkje arbeidet ved å innføre eit eige eksamenslag. Systema er i ferd med å setje seg. I hektiske registreringsperiodar trengst det brukarstøtte. Vi opplever at PAS sviktar i periodar, og at det kan vere vanskeleg å få brukarstøtte frå Udir.

Med eksamenssvara levert i PAS oppnår vi større tryggleik fordi vi ikkje risikerer at oppgavesvara blir borte i posten. Sensorane kan starte arbeidet dagen etter gjennomføringa av eksamen, og med gode rutinar ved skulane blir oppbevaring av kopiar enklare. Det gjer også arbeidet under fellessensur meir oversiktleg og sikkert.

### ***Nasjonale prøver***

Vi har god kompetanse i embetet på dette feltet. I perioden for gjennomføring av dei nasjonale prøvene har vi noko brukarstøtte og oppfølging ut mot skuleeigar og skular.

Vi opplever at skuleeigarar og einiskildskular nyttar seg systematisk av resultatata for vidare utvikling. Mange har gitt positive tilbakemeldingar på dei nye verktøya i PAS (analyse av grupperesultat).

Nasjonale prøver for elevane i Sogn og Fjordane syner eit bilete med variasjon i resultat. Vårt fylke er mellom fylka med færrest fritak.

Resultata syner at femte trinn presterer under eller likt med landsgjennomsnittet på alle tre prøvene. Åttande trinn presterer likt med landsgjennomsnittet i lesing og engelsk, medan elevane er i landstoppen i rekning. Niande trinn er i landstoppen både i lesing og rekning.

### ***Eksamen***

I 2013 hadde vi tre sakshandsamarar på området. Den samla kompetansen i embetet på dette området vurderer vi som god, og gjennomføringa har gått etter planen. I hektiske periodar er vi sårbare, med få sakshandsamarar og absolutte tidsfristar.

### ***Sentralt gitt eksamen i grunnskulen***

Eksamen vart gjennomført med god kvalitet og etter gjeldande retningslinjer.

Sogn og Fjordane dannar felles sensorregion med Møre og Romsdal. I 2013 gjennomførte vi felles sensorskulering for dei tre eksamensfaga for begge fylka, medan fellessensuren vart fordelt med matematikk til Sogn og Fjordane og norsk og engelsk til Møre og Romsdal.

Sensurarbeidet i matematikk for regionen omfatta 1574 elevsvar. Av desse vart det klaga på karakteren på 33 svar. Ei god blanding mellom rutinerde sensorar og engasjerte nykommarar sikrar høg kvalitet på sensuren.

### ***Klagesensur NOR0215***

Sogn og Fjordane hadde nasjonalt ansvar for klagesensuren i sidemål. Sensorane var samla i Sogndal 9.–10. juli. Dei handsama 457 klager. I alt 105 av klagene fekk medhald (høgare karakter) medan 17 klagarar fekk dårlegare karakter.

Embetet har laga seg gode og sikre rutinar for gjennomføring av klagesensur.

### ***Lokalt gitt eksamen i grunnskulen***

Fylkesmannen gir skuleeigarar råd om lover og forskrifter om gjennomføring av munnleg eksamen. Vi har eige møte med dei eksamensansvarlege på dei vidaregåande skulane.

Vi har ikkje for gjennomføringa registrert avvik frå forskrift til opplæringslova. Det har elles vore stor pågang etter rådgjeving om den nye forskrifta. Der har vi vore tilbakehaldne i påvente av nytt rundskriv.

### ***Sentralt gitt eksamen i vidaregåande opplæring***

Eksamen vart gjennomført etter gjeldande retningslinjer. Vi deltok på møte med dei eksamensansvarlege for alle dei vidaregåande skulane i Sogn og Fjordane.

### ***Lokalt gitt eksamen i vidaregåande opplæring***

Eksamen vart gjennomført i fylket på forsvarleg måte. Vi har svært god dialog med dei eksamensansvarlege på dei vidaregåande skulane.

### ***Klagebehandling for hausteksamen nasjonal oppgave***

Fylkesmannen har nasjonalt ansvar for klagebehandling for hausteksamen. For hausten 2012 vart det klagebehandla 1062 klager på dei fagkodane vi har ansvar for. I dette var det også primærsensur av oppgåver.

Vi har god kompetanse på området, men er svært sårbare sidan hovudansvaret ligg på berre éin sakshandsamar og oppgåva er tidskritisk. Vi må setje inn fleire sakshandsamarar på feltet for å redusere risiko for svikt. Dersom auken vi har sett dei siste åra viser seg å halde fram, må vi vurdere å be om meir personalressursar på feltet.

## Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Særskild Rapportering	Spesifiser dersom avvik fra landsgjennomsnittet totalt eller på enkeltprøver)	Spesifiser dersom stor variasjon mellom skoleeiere innad i fylket	Vurdering av årsak til avvik	Beskrivelse av tiltak over skoleeiere med høy andel elever med fritak
Hvor stor andel av elevene har fått fritak fra deltakelse på nasjonale prøver	Sogn og Fjordane har høgare gjennomføringsrate enn landsgjennomsnittet.	Ein viss grad av variasjon.	Mange kommunar har små årskull, og dette medfører store utslag i fritaket målt i prosent. I hovudsak dreier det seg om kommunar som har eit forholdsvis høgt innslag av framandspråklege elevar.	Embetet har hatt telefonisk kontakt med skuleeigar for å sjekke ut årsakene til fritak.

### 31.7 Tilskuddsforvaltning

#### Tilskot til folkehøgskular

Fylkesmannen mottok årsrekneskapen for 2012 med revisjonsmelding innan 1. juni 2013 frå alle dei fire folkehøgskulane i fylket. Alle skulane hadde fått rekneskapen godkjend av revisor. Vi rapporterte vidare til Utdanningsdirektoratet innan fristen 1. september.

Vi vurderer økonomikompentansen i embetet til å vere god. Vi nyttar økonomimedarbeidarar i embetet til å sikre kontrollen med rekneskapen til folkehøgskulane.

#### Tilskot til leirskuleopplæring

Fylkesmannen har handsama tilskot til leirskuleopplæring etter gitte retningslinjer og fristar. Vi har sendt ut til alle kommunane eige informasjonsskriv om tilskotsordninga og søknadsfristar. Vi kontrollerer at faktura for opphald (ev. stadfesting av opphald) ligg ved søknad om tilskot og at leirskuleopphaldet har minst tre overnattingar i samanheng. Eventuelle feil i tal og utrekning blir retta opp i tilskotbrevet til kommunen. I tildelingsbrevet tek vi atterhald om kontroll med at tilskotsmidlane blir nytta etter føresetnadene. Vi har sendt til Utdanningsdirektoratet tertialrapportering på bruk av tilskotet. I gjeldande retningslinjer for tilskotet står det: "Det kan fortas stikkprøvekontroller etter en vurdering av vesentlighet og risiko". Vi har så langt ikkje avdekt vesentleg risiko, men har heller ikkje kome fram til ein ressurseffektiv måte å utføre eventuelle stikkprøvekontrollar på.

#### Kontrollansvar for kap. 225 post 60 Tilskot til landslinjer

Fylkesmannen har gjennomført formalia- og rimelighetskontroll av elevlister frå Sogn og Fjordane fylkeskommune. Det er ikkje avdekt avvik for 2013.

#### Tilskot til opplæring av barn og unge i statlege asylmottak

Vi har kontrollert at elevar og talet på månader stemmer med lister tilsendt frå UDI. Eventuelle manglar og avvik er retta opp i dialog med kommunane før utbetaling av tilskotet. Ansvarsområdet vart overført til ny sakshandsamar frå 01.01.13. Lite kunnskap om rutinar for utbetaling av tilskot gjorde at fire søknader frå hausten 2012 vart liggjande og ikkje betalte ut før hausten 2013. Vi gjennomførte ikkje stikkprøvekontroll på tilskot utbetalt i 2013. Årsaka er at vi ikkje har funne ein god metode for å gjennomføre stikkprøvekontroll av dette tilskotet utover det å kontrollere listene frå UDI. Fylket har fem kommunar som har mottak og dermed kan søkje om tilskot. Vi har levert tertialrapportar til Utdanningsdirektoratet med kommentarar på for sein utbetaling av tilskot for 2012.

## Resultatområde 32 Oppgaver for økt kvalitet i grunnopplæringen

## 32.2 Kompetanseutvikling

### Kompetanse for kvalitet

Vidareutdanning for lærarar som ein strategi og eit partssamarbeid i *Kompetanse for kvalitet* er i 2013 i sitt fjerde år. Etter at finansieringsordninga vart endra (før studieåret 2012-2013), auka talet på godkjende deltakarar. Fylkesmannen forvaltar dei statlege midlane og utfører ulike kontrolloppgåver i det elektroniske søknads- og oppfølgingssystemet etter nærare krav frå Utdanningsdirektoratet. Det vart primo juni (som del av embetsoppdraget) levert ei kortfatta vurdering av arbeidet med kompetanseutviklinga i fylket. I løpet av året avdekte vi m.a. nokre faktafeil i registreringa frå enkelte søkjarkommunar. Dessverre var utviklinga også slik at ikkje alle skuleeigarane rapporterte innanfor sperrefristen. Dette førte med seg at både direktoratet og Conexus måtte yte ekstra god brukarstøtte til oss for å rette opp feila.

Godkjente søknader for studieåret 2013-2014 syner at dei fleste lærarane nyttar kompetanseutviklinga til å ta tilpassa vidareutdanning i regi av Høgskulen i Sogn og Fjordane (HiSF). Ein skuleeigar prioriterer alle pedagogisk tilsette på same skule.

Fylkesmannen deltek aktivt i GNIST-samarbeidet. Informasjon om statlege kompetanseutviklingstiltak blir gitt i ulike møte med skuleeigarar. Høgskulen i Sogn og Fjordane prioriterer tilbod om vidareutdanning i tråd med ønske frå skuleeigarane. Skuleeigarane forpliktar seg til å mobilisere for deltaking.

### Strategi for etter- og vidareutdanning av tilsette i PPT (SEVU PPT 2013 -2018)

Dei siste åra har PPT i liten grad vore involvert i dei ulike satsingane innafor grunnopplæringa. Vi har difor sett i verk fleire tiltak for å betre situasjonen, m.a. deltek tilsette i PPT på den årlege regelverksamlinga, og i 2013 var læringsmiljø, læreplanar og mobbing sentrale tema.

I 2013 har vi også følgd opp SEVU PPT 2013- 2018 m.a. med informasjon til tenesta og til PPT-eigarane. Etter avtale med PPT-eigarane har vi i 2013 retta dei tildelte midlane for 2013 (kr 126 000) mot eitt fellestiltak for PPT-leiarane i fylket. For 2013 kunne kommunane difor ikkje søkje på desse midlane på den måten Utdanningsdirektoratet la opp til, men vi meiner vi har nytta midlane på ein god måte som er i tråd med ønska til PPT-eigarane.

Så langt har det vore sentralt å få fram dei ulike aktørane sine forventingar til tenesta og behov for etter- og vidareutdanning i tenesta i samband med SEVU PPT 2013-2018. Vi ser leiarane som viktige både når det gjeld det interne systemarbeidet på PPT-kontora og det systemarbeidet som er retta mot barnehagar, skular og andre tenester. Rolla til PPT-eigaren i desse prosessane har også vore viktig og er blitt lagt vekt på.

I 2013 nytta vi mykje ressursar for å sikre at satsinga vart best mogeleg forankra både hos tilsette i PPT og hos PPT-eigaren.

Det er avtalt møte i januar 2014 mellom dei tre embeta i regionen og Statped vest om organisering av det regionale nettverksarbeidet i samband med SEVU PPT 2013-2018.

## 32.3 Skoleporten

Embetet har tilfredsstillande kompetanse på området, og krava er innfridde.

Embetet har ikkje hatt eigne samlingar med berre Skoleporten som tema, men verktoya har vore tema både på rektorkonferansen, kommunekonferansar for rådmenn og ordførarar og utdannings- og oppvekstmøte for skuleeigarar. Informasjon om resultat og analyseverktøy har vore sentrale tema i tillegg til at vi har gått gjennom ståstadsanalysen som grunnlag for m.a. arbeid med ungdomstrinnsatsinga. Verktøya har og vore sentrale i programmet «den gode skuleeigar» som har hatt som formål å styrkje skuleeigarskapet. Det er særleg tilstandsrapporten som har vore tema her. Fleire av kommunane våre deltek i forskingsprosjektet "Lærande regionar" som er ein komparativ studie mellom fire fylke der sentrale tema er resultat på nasjonale prøver og arbeid for å styrkje grunnleggjande ferdigheiter. Fylkesmannen deltek i dette arbeidet for å stimulere til bruk av informasjon for å sikre og utvikle kvalitet i opplæringa.

Det vert og gitt ein del brukarstøtte til skuleeigarar via telefon.

Alle kommunar nyttar seg av skoleporten som grunnlagsmateriale for tilstandsrapporten. Vi ber kommunane sende oss rapportane slik at vi kan få ein oversikt over innhaldet i dei. Alle kommunane og fylkeskommunen lagar

ein tilstandsrapport som blir lagt fram for kommunestyret eller fylkestinget, men mange erkjenner også at det er eit stort forbettringspotensiale i måten dette blir gjort på. Dei har ønskje om betre analysar som munnar ut i klare målsetjingar for vidare arbeid. Dei arbeider også med å involvere skulenivået i dette rapporterings- og analysearbeidet, men her har mange ein veg å gå. Analyse og involvering har vore eit sentralt tema i skuleeigarprogrammet vårt. Dette programmet blir følgt opp med ei årleg samling.

## 32.4 Erfarings- og kunnskapsinnhenting

### Dronning Sonjas skolepris

Utdanningsdirektoratet bad fylkesmannen nominere inntil to kandidatar til Dronning Sonjas skolepris for likeverd og inkludering i 2013. Det var opp til embetet å finne ein høveleg nominasjonsprosess.

Vi inviterte alle skuleeigarar i grunnopplæringa i fylket til å kome med framlegg til kandidatar og valde å nominere *Gaupne skule* i Luster kommune.

Vi vurdert resultatata frå den siste elevundersøkinga og såg at skulen hadde gode resultat i forhold til både fylket og landet på læringsmiljøindikatorane sosial trivsel (4,6), trivsel med lærarane (4,4) og elevdemokrati (4,3). Skulen låg og godt under snittet for fylket og landet når det gjaldt indikatoren mobbing på skulen (1,1). Det var ikkje registrert klagesaker hos Fylkesmannen som gjaldt elevane sitt læringsmiljø ved skulen, og vi hadde eit generelt inntrykk av at leiinga ved skulen var aktiv og engasjert. Skulen har arbeidd med Olweusprogrammet i over ti år og er sertifisert som Olweusskule. Vidare har skulen delteke i Utdanningsdirektoratet si satsing «Vurdering for læring» og har vore ein pådrivar for godt vurderingsarbeid i sin region.

Erfaringa vår er at det er vanskeleg å få skuleeigarane til å på eige initiativ fremje kandidatar til denne prisen. Arbeidet med å få fram dei gode kandidatane kan vere ressurskrevjande.

### Rettleiarkorpset

Fylkesmannen har over år medvirka til å spreie informasjon lokalt om tilbodet frå rettleiarkorpset i regi av Utdanningsdirektoratet. Det er også rekruttert fleire rettleiarar frå fylket fram til no. Frå 2012 kunne også *skuleeigarar* i Sogn og Fjordane søkje om å få tilbod om rettleiing. Trass i omfattande informasjonsspreiing lukkast ikkje dette i 2012. Men i 2013 kunne vi innstille søknader frå to skuleeigarar i fylket som både representerer grunnskulen og vidaregåande opplæring. Begge skuleeigarane er med blant dei 20 søkjarane som direktoratet har laga avtale med.

### Mobbing - nytt oppdrag (tillegg til eksisterande oppdrag på resultat område 32.4)

Elevundersøkinga viser at vårt fylke scorar høgt på trivsel og at tala for elevar som er utsette for mobbing er på landsnivået eller lågare.

Med bakgrunn i tilsendt informasjon frå Utdanningsdirektoratet har vi vurdert skular i tolv kommunar som hadde indikatorverdiar over definert tiltaksgrense. Vi såg på om det var behov for å setje inn ekstra støttetiltak på bakgrunn av data frå elevundersøkinga. Våren 2013 tok vi difor munnleg kontakt med dei skulefagleg ansvarlege i dei aktuelle kommunane, og dei svarte på nokre problemstillingar som var sende ut på førehand. Det vart laga eit kort referat frå samtalen. Dei skulefagleg ansvarlege hadde før samtalen også hatt kontakt med dei aktuelle skulane i eigen kommune. To kommunar ønskte i første omgang rettleiing, men dette vart seinare trekt attende. Hausten 2013 vart det teke ny kontakt med dei skulefaglege ansvarlege i dei aktuelle kommunane.

Ut frå tilbakemeldingane frå kommunane våren og hausten 2013 vurderte vi at det ikkje var behov for eigne tiltak frå vår side sidan dei aktuelle kommunane alt hadde sett i gang eller var i ferd med å setje i gang eigne tiltak. Etter vårt syn er tiltaka tilfredsstillande. Arbeidet med læringsmiljøet var tema på den årlege regelverkskonferanse for 2013. Leiingar frå dei fleste skulane i fylket deltok, og dei fekk også informasjon om det oppdraget vi har fått frå Utdanningsdirektoratet.

Vi har også sett temaet på dagsordenen i møte med dei skulefagleg ansvarlege hausten 2013, og vil følgje opp temaet i ein rektorkonferanse i februar 2014 for ungdomstrinn og vidaregåande opplæring. Vi vil vidare følgje opp med drøftingar med dei skulefagleg ansvarlege i etterkant av konferansen.

Temaet blir også aktualisert gjennom tilsyn med kommunane etter kap. 9a. I løpet av våren vil alle kommunar og fylkeskommunen hatt tilsyn på korleis dei oppfyller retten elevane har til eit godt psykososialt miljø.

## 32.5 Tiltak innenfor tilpasset opplæring, spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning

Vi meiner at vi har innfridd resultatkrava på dette området på ein tilfredsstillande måte ut frå dei ressursane vi rår over. Dei tilsette som arbeider med dette området har både høgare utdanning innafor feltet og lang arbeidserfaring frå kommunal sektor.

### *Informasjon og rettleiing*

Vi får ofte førespurnader om kva rettar barn og elevar har til spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning og svarar både på telefon og e-post. Det er etablert faste møteplassar mellom Fylkesmannen og skule- og barnehageeigarar og bestemte målgrupper for informasjon, rettleiing og drøfting. Tilpassa opplæring og spesialundervisning er eit viktig tema på dei ulike møteplassane.

På bakgrunn av områdeovervaking og dialog med kommunane vurderer vi kva som er aktuelle område for oppfølging i form av t.d. informasjon, rettleiing eller tilsyn.

Som eitt verkemiddel under informasjon og rettleiing gjennomfører vi årleg ei eiga regelverksamling i oktober. Målgruppa er PPT-tilsette, skuleleiarar og skulefagleg ansvarlege. Sjå meir informasjon om konferansen hausten 2013 under pkt. 31.4.

### *Tverrfagleg og tverretatleg nettverk*

Det er gjort avtale om at det skal vere minimum to møte per år mellom Statped vest og Fylkesmannen for å utveksle informasjon. I 2013 har det vore eitt møte mellom FMRO, FMHO og FMSF og Statped vest og universitets- og høgskulesektoren i regionen. Føremålet med møtet var å drøfte ein samla strategi for korleis vi skal få vidareutvikle den spesialpedagogiske kompetansen som trengst i kommunane.

Vi har fire faste møte i året mellom utdanningsavdelinga og Høgskulen i Sogn og Fjordane. Her drøftar vi felles utfordringar overfor skule- og barnehagesektoren, og vurderer kva behov sektoren har for tilbod om etter- og vidareutdanning også innanfor det spesialpedagogiske feltet. Temaet har også vore sentralt i dei faste møta våre i Forum for skule- og barnehageutvikling.

I alt 18 av dei 26 kommunane i fylket har inngått såkalla rammeavtale med Statped vest. Statped får invitasjon og har delteke på møte som Fylkesmannen og KS har med kommunane. Rammeavtalane inneber også at tilsette i skular og barnehagar har tilbod om å delta i ulike nettverk der også PPT deltek.

Les også om arbeid med strategi for etter- og vidareutdanning av tilsette i PPT 2013-2018 (SEVU PPT 2013-2018) under pkt. 32.2.

I lag med Kriminalomsorgen har vi etablert eit nettverk for fengselsundervisning på Vestlandet. Også i 2013 har tilpassa opplæring og spesialundervisning vore tema på samlingar vi har hatt i nettverket.

### *Samanstilling av dokumentasjon*

Vi utarbeider årleg statistikk som viser status både for det aktuelle året og data som syner utviklinga over tid. Vi tilpassar også statistikk og samanstillingar til ulike føremål, t.d. i samband med kommunebesøk, regionsamlingar og fylkeskonferansar.

For skuleåret 2013/2014 varierer det totale omfanget av spesialundervisning i grunnskulen i kommunane mellom 4,2 og 14,3 prosent. Forholdet mellom tilpassa opplæring og spesialundervisning er eit aktuelt tema både i møte med enkeltkommunar, regionar og på fylkeskonferansar.

I 2013 presenterte vi m.a. statistikk på området på den årlege skuleleiar konferansen vår der dei fleste grunn- og vidaregåande skulane i fylket er representerte. Forholdet mellom spesialundervisning og tilpassa opplæring var eit sentralt tema på konferansen. Her viste vi data for omfanget av spesialundervisning i kommunane i og fylkeskommunen skuleåret 2012/2013, og også data som syner utvikling over tid.

Dersom vi ser omfanget av spesialundervisning per årstrinn over fleire år, ser vi at fram til sjuande årssteget ligg Sogn og Fjordane over landsgjennomsnittet, medan på ungdomssteget ligg vi under landssnittet.

Som ein del av områdeovervakinga vår oppdaterer vi også med nye data etter kvart som det ligg føre nye tal i Skoleporten og i GSI. Når det gjeld område 32.5, følgjer vi særleg med på omfanget av spesialundervisning og fordelingsprofil.

## Sektortiltak for barn og unge med samansette problem

Samansette problem hos barn og unge som gjerne har fleire diagnosar eller vanskar.

Fylkesmannen er inne i siste året av treårsperioden med embetsprosjektet sjumilssteget - til beste for barn og unge. Målet er å setje i verk FN's barnekonvensjon i kommunane i Sogn og Fjordane. Vi har særleg merksemd på samansette problem hos barn og unge med fleire diagnosar eller vanskar. Dette punktet gjeld spesielt å sikre betre koordinering av sektortiltak og særleg å auke gjennomføringa i vidaregåande opplæring.

Fylkesmannen har etablert samarbeid både internt og med kommunane for å koordinere arbeidet for barn og unge. Vi har hatt eit godt samarbeid med fylkeskommunen og Nav om målretta tiltak for elevar som står i fare for ikkje å gjennomføre vidaregåande opplæring. Vi har m.a. hatt ein konferanse om den psykiske helsa til barn og unge. Det var 55 deltakarar frå kommunane og fylkeskommunen.

I 2013 gjennomførte vi ein sjumilsstegkonferanse med brei tverrfagleg deltaking frå kommunane. Vi har oppmoda kommunane om å utnemne ein eigen sjumilsstegskoordinator som kan vere vår kontaktperson i prosjektet. I alt 16 av 26 kommunar har følgd opp dette. Prosjektmedarbeidarane hjå oss har delteke på ei nasjonal samling i regi av Fylkesmannen i Troms for å dele erfaringar med andre embete som har starta liknande prosjekt. Ein av prosjektmedarbeidarane har gjennomført eit nettbasert studium på 10 studiepoeng om barnekonvensjonen. Vi ser at arbeidet med prosjektet er kome godt i gang i dei kommunane som har fått ei forankring på leiarnivå og utnemnt eigne koordinatorar. Vi har tildelt fornyingsmidlar til interkommunalt prosjektarbeid og gjennomført arbeidsmøte med koordinatorane og dei frivillige organisasjonane for at samhandlinga skal bli betre i den enkelte kommunen. Det er gjennomført ei intern kartlegging i dei ulike avdelingane i embetet. Kartlegginga viser at sjumilssteget vil fremje tettare intern samhandling. Målet er å koordinere embetet sine aktivitetar overfor kommunane og fylkeskommunen slik at det bidrar til betre samhandling mellom dei tenestene som skal ivareta barn med samansette problem.

## Resultatområde 33 Tilsyn og forvaltningsoppgaver på barnehageområdet

### 33.1 Tilskuddsforvaltning

Vi har ikkje motteke søknader om investeringstilskot eller tilskot til midlertidige lokale i 2013. Det er ikkje gjennomført stikkprøvekontroll på tilskot som er utbetalt tidlegare. Grunnen er at avdelinga har hatt for dårlege rutinar for å arkivere vedtak på område 231 post 61 og post 64. I vårt arkivsystem ligg det vedtak om investeringstilskot utbetalt frå 2004 og fram til 2012. Ut frå vår kjennskap til sektoren og sjekk i årsmeldingane, vurderer vi det slik at det ikkje har vore nedlegging av ordinære barnehagar. Tiltak i midlertidige lokale har blitt flytta til nybygde lokale og blitt eit permanent barnehagetilbod. Vi har difor ingen indikasjonar på at det er grunnlag for tilbakebetaling av tilskot.

### Tilskot til tiltak for å betre språkforståinga blant minoritetsspråklege førskulebarn.

Vi har kontrollert tal minoritetsspråklege barn per 15.12. Desse er rapporterte inn i Basil. Det er i 2013 ikkje gjennomført stikkprøvekontroll om tilskotet vert nytta i samsvar med rundskriv F01/2011. Sist vi gjennomførte stikkprøvekontroll var i 2012 då vi kontrollerte åtte kommunar. I 2011 kontrollerte vi alle kommunane. Kontrollane synte då at kommunane, med unntak av Førde kommune, nytta tilskotet i samsvar med rundskrivet. Vi har motteke klage frå ein ikkje-kommunal barnehage i Førde, og har i 2013 rettleia kommunen på regelverket og ansvaret dei har for å forvalte tilskotet. Førde kommune har gitt tilbakemelding på at dei frå 2014 endrar rutineane for tildeling og bruk av tilskotet. Ut frå dette meiner vi å ha god oversikt og kontroll på området, og har retta innsatsen vår mot behov for informasjon og rettleiing.

### 33.2 Klagesaksbehandling

I 2013 har vi hatt to klagesaker etter forskrift om likeverdig behandling av ikkje-kommunale barnehagar, og ei klagesak som gjeld dispensasjon frå utdanningskravet. Det er i hovudsak ein jurist som handsamar desse sakene, men i samarbeid med pedagogar som har erfaring på området. Klagebehandling etter forskrift om likeverdig behandling krev både juridisk og økonomisk kompetanse, og det er ei utfordring at vi ikkje har økonomisk kompetanse i avdelinga. Det er nyleg sett i verk eit sør-vest samarbeid som vil styrke kompetansen på dette

området.

Vi har behandla klagen fortløpande og hovudsakleg innanfor sakshandsamingstida på tre månader. Samla sett har vi få klager etter barnehagelova. Klageleg, barnehageleg og samarbeid kring enkeltsaker sikrar felles lovforståing og god gjennomføring av klagebehandlninga.

Type Klage	Medhold/delvis medhold	Ikke medhold	Opphevet	Avvist	Sum
Barnehageloven § 10	0	0	0	0	0
Barnehageloven § 16	0	0	0	0	0
Forskrift om familiebarnehager § 7	0	0	0	0	0
Forskrift om foreldrebetaling § 5	0	0	0	0	0
Forskrift om likeverdig behandling av barnehager i forhold til offentlige tilskudd	0	2	0	0	2
Forskrift om midlertidig og varig dispensasjon og unntak frå utdanningskravet for styrer og pedagogisk leder § 4	0	0	1	0	1
Forskrift om pedagogisk bemanning § 3	0	0	0	0	0

Merknad

### 33.3 Informasjon og veiledning

#### 33.3 Informasjon og veiledning

I embetet har vi tilstrekkeleg med ressursar og kompetanse på barnehageområdet. Vi har og ein god dialog med kommunane. Barnehageområdet er synleg både på etablerte møteplassar og på nettstaden til Fylkesmannen. Vi har nytta utdannings- og oppvekstmøta og regionsamlingar til å informere om statlege satsingar og prioriteringar på barnehageområdet.

Vi har jamleg vurdert vår bruk av kommunalsjefane si tid. Vi får tilbakemelding på at krav om rapportering, tilsyn og møte til tider er i overkant av kva dei maktar. Dette må vi ta på alvor, på same tid som vi har trong for tilbakemelding om kommunal drift for å støtte krav til rapportering til Utdanningsdirektoratet. Det er ei utfordring i møte med kommunane å gje barnehagesakene same tid og plass som andre saker i utdanningssektoren. Vi har blitt flinkare til å prioritere saker som treng drøfting i møte med kommunane. Reine informasjonssaker vert formidla skriftleg. Dei kommunane som har tilsett nye personar i stilling som oppvekstsjef eller kommunalsjef, har fått informasjon og rettleiing per telefon eller på e-post.

Kompetanseløftet for kommunane i rolla som barnehagemyndigheit ser vi på som eit svært godt informasjons- og rettleiingstiltak som har ført til at fleire av kommunane jobbar meir systematisk med kvalitet og kompetanseheving. Vi syner til 34.2. Vi opplever at skule- og barnehagefagleg ansvarlege har fått auka kunnskap på barnehageområdet. Dei tek meir kontakt med Fylkesmannen for informasjon, men òg for å drøfte aktuelle lokale barnehagesaker. Vi vurderer det slik at måla i oppdraget er nådde.

I møte med skule- og barnehagefaglege ansvarlege har vi informert om:

- innhald og mål i den nasjonale barnehagepolitikken
- økonomisk likeverdig behandling
- kompetanse for framtidens barnehage
- manifest mot mobbing
- rettleiaren «Barns trivsel - voksnes ansvar»
- tilsyn og kommunen si rolle som barnehagemyndigheit

Vi har hatt ei regelverksamling for kommunale og ikkje-kommunale barnehageeigarar. Regelverksamlinga hadde svært godt oppmøte, 18 av 26 kommunar møtte, i tillegg var det 6 private eigarar. Årsaka til at så få private eigarar ikkje møter, er truleg at informasjonen ikkje vert vidare sendt frå kommunane. Utdannings- og oppvekstmøta har jamt godt oppmøte. Det vi ser, er at kommunar som har tilsett barnehagefagleg rådgjevar, i tillegg til oppvekstsjef, i stor grad møter på utdannings- og oppvekstmøta.

Vi har følgd opp undersøking frå Udir. Undersøkinga syner at alle kommunane fyller kravet om å tilby plass til alle som har rett. Rett til plass har ikkje vore tema på møte med kommunane.

### 33.4 Tilsyn



Utdanningsavdelinga har i 2013 ført tilsyn med åtte kommunar. Fem tilsyn er gjennomførte som systemrevisjon og tre som dokumenttilsyn. Alle tilsyna var planlagde, og kommunane vart varsla i god tid før oppsett dato for tilsyn.

Vi meiner at vi ikkje har kommunar som ut frå spesielle grunnar bør prioriterast for tilsyn. Denne vurderinga er gjort på grunnlag av resultat frå tidlegare tilsyn og ut frå kunnskap om kommunen si organisering på skule- og barnehageområdet. I tillegg har vi sett på deltaking på møteplassar og årstal for siste tilsyn.

Tema for tilsyna har vore:

- kommunen som barnehagemyndigheit (§ 8),
- kommunen som godkjenningssmyndigheit (§§ 10 og 11)
- kommunen sitt tilsyn med barnehagane (§ 16)
- kommunen si handtering av regelverket om pedagogisk bemanning, pedagognorm og dispensasjonar (§ 18).

Val av tema for tilsyna heng saman med satsinga vi har hatt på kommunen som barnehagemyndigheit. Vi har sett på avvik frå tidlegare tilsyn på §§ 10, 11 og 16, og dette har vi ønskt å følgje opp. Ut frå det vi har sett av rapporteringar i Basil har vi valt å sjå nærare på § 18 i enkelte kommunar.

I to av kommunane fann vi i alt tre avvik. Ein kommune fekk to avvik. Kommunane som fekk avvik har mangelfulle rutinar for å sikre at barnehagane har godkjenning etter barnehagelova. I tillegg har éin kommune ikkje rutine for å gjennomføre tilsyn med barnehagane. Nye godkjenningsvedtak og dokument som viser plan og rutine for tilsyn, er sendt oss i samband med lukking av avvik. Vi legg vekt på god dialog og læring ved tilsynet med kommunane. Det er alltid to rådgjevarar på barnehageområdet som gjennomfører tilsynet.

Tilsynsrapportane for sju kommunar er sende Udir og lagt ut på nettstaden vår. Det siste tilsynet vart gjennomført i desember og vert sendt i etterkant av årsrapporteringa.

Vi vurderer tilsynsaktiviteten som høg. Vi har gjennomført eit høgare tal tilsyn enn det oppdraget krev, og i tillegg tre dokumenttilsyn. Alle avvik har hatt tett oppfølging, og ein kommune har fått utsett frist for lukking av avvik. Alle funn som er gjort i tilsyn er tema på samlingar med kommunane og er lagde ut som informasjon på nettstaden vår. Slik ønskjer vi å heve kompetansen til kommunane som barnehagemyndigheit.

Rådgjevarane på barnehageområdet har vore deltakarar på alle samlingane som Udir har gjennomført der ny tilsynsprosedyre har vore tema. Fylkesmannen har gitt tilbakemeldingar på høyringar. Vi ser det som positivt at det no er utarbeidd ein felles metode som er lik metoden for tilsyn etter opplæringslova. Ny tilsynsprosedyre vil vere ein god reiskap for vidare arbeid med tilsyn. Vi har valt å starte med ny metode for tilsyn i 2014, når alle nye malar er komne på nynorsk. Det er ei ulempe for oss når felles malar på bokmål og nynorsk ikkje vert ferdigstilte på same tid.

### **33.5 Kontroll av årsmelding per 15/12 og årsregnskap for ikke-kommunale barnehage**

Vi har gjennomført kvalitetskontroll av årsmelding og årsregnskap innrapportert i Basil. Der vi har vore usikre på tal som er innrapporterte, har vi teke kontakt med kommunane for avklaring. Fylkesmannen har delteke på Basil-samling med Udir. Informasjon om endringar i skjemaet har vorte gitt på felles møteplassar med kommunane, samtidig som det er publisert som eigen artikkel på nettstaden vår. Vi har tilbydd kommunane rettleiing og oppfølging i samband med årsrapporteringa, men ingen kommunar har meldt behov for dette. Vi vurderer det slik at arbeid med årsmelding og årsregnskap er vorte betre etter endringane i skjemaet. Men vi ser likevel ein auke i feil og manglar i rapporteringa for 2013. Dette vil vi følgje opp i 2014 med å rettleie kommunane i bruk av Basil. Arbeid med vidare forbetring og evaluering av Basil vil vere nødvendig. Dette kan gjerast i samarbeid mellom Udir, embeta og SSB. Vi vurderer det slik at arbeidet er i tråd med føringane i embetsoppdraget.

## **Resultatområde 34 Oppgaver for økt kvalitet i barnehagen**

### **34.2 Kompetanseutvikling og rekruttering**

## 34.2 Kompetanseutvikling og rekruttering

I 2013 fekk vi 990 000 kroner i kompetansemidlar, 170 000 kroner i likestillingsmidlar og 640 000 kroner til KOMPASS. I tillegg fekk vi 750 000 til grunnkompetanse og fagbrev for assistentar. På slutten av året fekk vi midlar til å styrke tre ulike område: 155 000 til tiltak for minoritetsspråklege barn, 68 000 til kompetanseheving og 14 000 til GLØD.

Vi informerte om kompetansestrategien «Vennskap og deltaking» i skriv til kommunane, på møte i Forum for skule- og barnehageutvikling, i regionale møte med kommunane og på konferanse for styrarar. Kompetansemidlane vart fordelte til dei fire kompetanseregionane i fylket ut frå ein fordelingsnøkkel basert på tal barnehagar og tal barn i regionen. Det er utarbeidd ein felles mal for både kompetanseplanar og rapportering om bruk av tildelte midlar. Dette har gjort arbeidet vårt enklare, både ved vurdering av om planen gjev grunnlag for tildeling av midlar og i kontrollen med bruk av midlane. Planar som ikkje var i tråd med sentrale føringar, vart returnerte, og regionen måtte lage ny. Innkomne kompetanseplanar syner at regionane har spissa tiltaka slik at dei er i tråd med sentrale føringar i kompetansestrategien, samtidig som dei òg tek i vare lokale behov og vidareføring av gode eksisterande tiltak. Tiltaka er eit tilbod til alle barnehagane og heile personalet. Rekneskap for midlane er rapportert i tråd med gjeldande retningslinjer.

I 2012 delte Fylkesmannen ut FoU-midlar til fem ulike prosjekt i fire barnehagar og ein region. Midlane gjekk til prosjektarbeid med tema vennskap og deltaking, og til prosjekt om minoritetsspråklege barn og fleirkulturell pedagogikk. Krokane barnehage i Flora kommune fekk midlar, og er fokusbarnehage for NAFO i Sogn og Fjordane. Prosjekta var avslutta 31.12.12. Vi har motteke rapportar som syner at det har vore gjort svært godt arbeid i alle prosjekta. Vi vurderer at tildeling av midlar til konkrete prosjekt har ført til at barnehagane kan jobbe systematisk med tiltak over tid. Prosjektarbeidet har gitt den enkelte barnehage auka kunnskap og betre arbeidsmetodar på området. Vi ønskjer å spreie erfaringar frå prosjektarbeida og inviterer enkelte barnehagar eller kommunar til å dele dette på konferansar og andre møteplassar vi har med kommunane.

Tema for den årlege styrarkonferansen 2013 var leiaren si rolle i tverrfagleg arbeid, etikk, og mobilisering av kompetanse i organisasjonen. Det var ca. 130 styrarar og barnehagefagleg ansvarlege til stades. Vi har 175 styrarar og assisterande styrarar i fylket, på konferansen var det ca. 115. Resten var tilsette frå helsestasjonar, PPT, barnevern og oppvekstsjefar. Det er stor oppslutnad frå leiarnivå på barnehageområdet, men svært få oppvekstsjefar prioriterte konferansen. Det var få deltakarar frå dei andre målgruppene, truleg er årsaka at vi ein månad tidlegare arrangerte sjumilsstegs-konferansen, der både PPT, helsestasjonar og barnevern deltok. Leiarkonferansen er eit samarbeid mellom KS, Utdanningsforbundet, høgskulen og Fylkesmannen. Tilbakemeldingane syner at dette er ein viktig møteplass for fagleg påfyll og erfaringsutveksling. Leiarar i PPT, helsestasjonar og barnevern deltok også første dagen av konferansen der temaet var: Tverrfagleg samarbeid - innhald, moglegheiter og fallgruver.

Barnekonferansen 2013 vart arrangert for første gong hausten 2013. Tema for konferansen var tverrfagleg samarbeid til beste for barnet. Barnekonferansen er eit resultat av embetsprosjektet sjumilssteget. Konferansen var ei samanslåing av to tidlegare konferansar: Barnehagekonferansen arrangert av utdanningsavdelinga, og fylkessamlinga for barnevern er arrangert av helse- og sosialavdelinga. Barnekonferansen er eit samarbeid mellom KS, Utdanningsforbundet, høgskulen og Fylkesmannen.

Innhaldet i begge konferansane byggjer på embetsprosjektet sjumilssteget og kompetansestrategien. Rettleiaren «Barns trivsel – voksnes ansvar» vart presentert på utdannings- og oppvekstmøtet vi hadde med kommunane våren 2013 og på styrarkonferansen. Vårt ansvar er å informere og oppmode kommunane og barnehagane til å bruke rettleiaren til samtale og refleksjon. Vår vurdering er at konferansane har høg kvalitet og det er god deltaking frå alle kommunane i fylket. Gjennom tett samarbeid med dei andre arrangørane legg vi til rette for innhald som er i tråd med regionale behov og sentrale føringar. Tema for konferansane er sett inn i ein samanheng og har eit langtidsperspektiv. Det vert stilt krav om at deltakarane er bidragsytarar og gjennomfører for- og etterarbeid.

På oppdrag frå oss tilbyr Høgskulen i Sogn og Fjordane deltidstudiet Kompetanseheving for assistentar (KOMPASS). For midlane i 2013 har vi i nært samarbeid med høgskulen og regionane tilpassa tilbodet etter behovet til kommunane i regionen. Midlane for 2013 er tilpassa kompetanseplanen til region Nordfjord og midlane for 2014 vil bli tilpassa kompetanseplanen til region HAFS. Skal ordninga halde fram, må vi få signal om midlar tidleg på året slik at høgskulen kan lyse ut dette i lag med dei andre studietilboda. Satsinga må og ha ein samanheng med dei andre kompetansesatsingane for assistentar i barnehagen. Vår vurdering av dette tiltaket er at det ikkje har vorte godt nok følgt opp av kommunane. Det har vore få deltakarar og låg interesse for studiet. Vi erfarer at vurdering av studiekompetanse har vore krevjande. Enkelte søkjarar har vegra seg fordi studiet er lagt til høgskulen og kan opplevast som altfor krevjande for assistentar utan studiekompetanse. Slike satsingar får truleg

betre oppslutnad dersom dei vert sett i system saman med resten av kompetansesatsingane.

## Rettleiing av nyutdanna/leiarutdanning

Vi har ikkje sett i verk tiltak på området rettleiing av nyutdanna i 2013. Informasjon om ordninga vart gitt i 2012. Partnerskapen i Forum for skule- og barnehageutvikling bestemte hausten 2013 at vi skulle gjennomføre ei kartlegging av ordninga for slik å kunne vurdere tenlege tiltak for å styrke henne. Kartlegginga blir gjennomført i februar 2014. Region Nordfjord gjennomfører, som den siste av dei fire regionane våre, styrarutdanning. Til saman har ca. 120 styrarar og nokre pedagogiske leiarar gjennomført styrarutdanning i regi av Høgskulen i Sogn og Fjordane. Dette tilbodet vart utvikla og tilrettelagt på oppdrag frå regionane og i tett samarbeid med samarbeidspartnarane våre.

**Rekruttering.** Vår utfordring i Sogn og Fjordane er mange små kommunar, små barnehageeiningar og ein avgrensa arbeidsmarknad som kan gjere det mindre interessant å søkje jobb som barnehagelærar. Omdømmebygging og synleggjering av kvalitet i barnehagane var hovudsatsingsområde i 2013. GLØD- satsinga i Sogn og Fjordane må rette innsatsen mot dei ungdommane vi har, og i tillegg styrke kompetansen for å behalde dei barnehagelærarane som arbeider i barnehagane. Vi har ikkje dei store utfordringane med mangel på barnehagelærarar. Målretta satsing på desentralisert utdanning i tett samarbeid med kommunane, har gitt resultat. Tal tilsette på dispensasjonar er ikkje urovekkande når vi veit at 32 av 67 dispensasjonar er i to kommunar. I alt 36 personar avslutta desentralisert utdanning våren 2013, og dei aller fleste var frå desse to kommunane. Svært mange av dei andre 35 dispensasjonane er pedagogar som av ulike grunnar arbeider redusert stilling. Søkjartalet til barnehagelærarutdanning ved Høgskulen i Sogn og Fjordane er stabilt, og det var stor søknad til desentralisert tilbod og arbeidsplassbasert tilbod i 2013. Høgskulen legg til rette for etterutdanning og desentraliserte tilbod. Kommunane og regionane jobbar aktivt for å rekruttere til studietilbod frå Høgskulen.

Mediestrategien for rekrutteringsarbeidet i fylket har vi ikkje lukkast med. Svært få av lokalavisene tok inn artikkelserien vår «Den gode starten», om kvalitet og innhald i barnehagen. Ein region fekk midlar til prosjektet "Arbeid med fagområda i rammeplanen", og ein kommune fekk støtte til opplæring i metoden «Beste praksis». Begge handlar om å auke kompetansen og behalde kvalifisert personale i barnehagen. Prosjektet «Gutar som leikeressurs» vart presentert for kommunane i november 2013, og seks kommunar ønskjer å starte i 2014.

**Likestilling.** Fire prosjekt har i to år fått tett oppfølging med rettleiing og nettverksmøte. På nettverksmøta har deltakarane delt erfaringar og drøfta utfordringar og framdrift i prosjektet. Tilbakemeldingane syner at dette har vore inspirerende og lærerikt. To av prosjekta vart presenterte på likestillingsdagen til høgskulen, på leiarsamling og kurs i ein av regionane. Det har vore ein fagdag for mannlege barnehagetilsette. Denne vart svært godt motteken og fekk god omtale i NRK Sogn og Fjordane. Tal mannlege tilsette i fylket låg på 8,7 % i 2012. Tal for 2013 er ikkje tilgjengelege i Basil. Ut frå kjennskap til sektoren har truleg talet på mannlege tilsette auka litt.

Vi har hatt eit tett samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane og delteke på likestillingsdag for 1. og 2. klasse på barnehagelærarutdanninga. Informasjon og haldningsskapande arbeid blant studentane er viktig for å oppnå mål om endra kjønnsrollemønster blant barn. Å drive pedagogisk likestillingsarbeid er eit langsiktig haldningsarbeid. Vi ser at rettleiing, oppfølging og bruk av Verdispelet har vore ein viktig faktor for å lukkast.

## Grunnkompetanse for assistentar/fagbrev

Dette tiltaket fekk særskild god oppslutnad, trass i at oppdraget kom seint på vårhalvåret. Kommunane mobiliserte, og totalt 246 assistentar melde seg på. Av desse har 164 gjennomført tre dagar med Kari Pape, dei resterande 82 skulle starte 8. og 9. januar 2014. Grunna sjukdom måtte dette flyttast til mars 2014. Sidan tiltaket var planlagt tidleg i januar 2014 gjorde vi avtale med økonomiavdelinga i Udir om overføring av kr. 300 000 til KS slik at vi kunne betale kursrekkeja i januar. Tilbodet vart gjennomført tre stadar i fylket. Fylkesmannen var ansvarleg for opplegget på tre dagar med Kari Pape, dei resterande to dagane vart gjennomførte i regi av kommune eller region. Kommunane og regionane har etter søknad fått midlar til oppfølging. Deltakarane får eit kompetansebevis når alle fem dagane er gjennomførte.

Vi fekk svært gode tilbakemeldingar på innhaldet i kurset. Kommunane har prioritert tiltaket, og dette meiner vi er eit resultat av auka kunnskap om området og arbeidet vi har sett i gang med kvalitetsutvikling i sektoren. Skal vi lukkast i dette arbeidet, må alle tilsette ha god barnefagleg og barnehagefagleg kompetanse. Vi har gjennomført ei undersøking om tal assistentar som ønskjer fagbrev. Denne er drøfta med fylkeskommunen. Tiltaket blir teke att i 2014 og lagt inn i prosjektet til høgskulen «Lærande barnehagar», som er finansiert av Udir. Vi vurderer at oppdraget er løyst på ein tilfredsstillande måte, og vi veit at andre embete i ettertid har nytta same malen for gjennomføring.

«Kompetanseløft for kommunane i rolla som barnehagemyndigheit» er eit satsingsområde. Dette er eit

samarbeidsprosjekt mellom oss og Dronnings Mauds Minne. Bakgrunnen er at vi gjennom tilsyn med kommunane har sett ei uklår myndighetsrolle. Målet er å auke kunnskap om rolla kommunane har som barnehagemyndigheit. Det vart gjennomført ståstadsanalyse i alle kommunane, møte i kvar region og eit arbeidsseminar på Lesvos. I alt 18 av 26 kommunar deltok på Lesvos. Arbeidsseminaret tok utgangspunkt i stortingsmelding 24, Framtidas barnehage - leiing og kvalitetsutvikling i barnehagesektoren. Gjennom forelesing, rettleiing i gruppe, refleksjon og arbeid i regiongruppe fekk deltakarane kunnskap om mål og innhald i den nasjonale barnehagepolitikken. I tillegg tok vi opp regelverk og lover som er relevante for myndighetsrolla. Deltakarane fekk konsentrere seg om barnehageområdet og lagt ein strategi for kvalitetsarbeidet lokalt og regionalt. Tilbakemeldingane var svært gode. Kommunane forventa at arbeidet vart følgt opp og at temaet får ein større plass i møte og konferansar. Vi opplevde at deltakarane fekk auka forståing og innsikt i myndighetsrolla, rettleiingsmetodikk og kunnskap om sektoren. Fylkesmannen ser at mange av kommunane har fått auka merksemd på kvalitetsarbeid i barnehagen, og dei set barnehage meir på dagsorden lokalt. Vi vil følgje opp dette arbeidet også i 2014.

Kompetansetiltak	Samarbeidspartner/UH-institusjoner m.fl.	Antall deltakere totalt	Antall deltakere fra kommunale barnehager	Antall deltakere fra ikke-kommunale barnehager
Videreutdanning i barnehagepedagogikk		0	0	0
PUB-studier		0	0	0
Kompetansehevingsstudie for assistenter	Høgskulen i Sogn og Fjordane	10	8	2

Kompetansetiltak jf 20 mill.	Samarbeidspartner/UH-institusjoner m.fl.	Antall deltakere totalt	Antall deltakere fra kommunale barnehager	Antall deltakere fra ikke-kommunale barnehager	Midler pr tiltak (kr)
Fagbrev (praksiskandidatordningen)	Høgskulen og fylkeskommunen	0	0	0	0
Basiskompetanse for assistenter	Kari Pape, kommunane og regionane	164	129	35	450000

### 34.3 Andre satsingsområder

Tolv kommunar har fått tildelt midlar til språkstimulering og fleirkulturell pedagogikk. Vi har kommunar som har arbeidd systematisk med området sidan 2011. Det er blitt utarbeidd materiell som kan nyttast av andre kommunar og barnehagar. I 2014 vert det viktig å formidle det gode arbeidet som er gjort. Barnehagane melder tilbake at dei midlane dei får tildelt, gjev dei høve til å jobbe systematisk over tid og utvikle materiell til bruk i direkte arbeid med barn og foreldre. Arbeidet er med på å gi barn og foreldre ein god start i møte med eit nytt land og ein ny kultur. Det gir kompetanseheving for tilsette i arbeidet med inkludering og mangfald. Vi vurderer det slik at arbeidet er i tråd med mål i embetsoppdraget, og at målet er nådd.

## Ressursrapportering

Vi har ingen vesentlege avvik på ressursrapporteringa.

Vi har nytta kr 1.216.471,- på godtgjersle til sensorar.

Resultatområde	Kapittel 1510	Fagdep.
31.1 Tilsyn	kr 1 490 706,92	kr 9 187,32
31.4 Informasjon og veiledning	kr 610 728,09	kr 0,00
31.5 Eksamen, nasjonale prøver og kartl. prøver	kr 250 100,03	kr 1 297 744,57
31.9 Annet tilsyn og forv. på utd.omr. (rest 31)	kr 658 606,36	kr 10 000,00
32.2 Kompetanseutvikling	kr 393 499,97	kr 627 057,13
32.3 Skoleporten	kr 52 094,25	kr 0,00
32.9 Andre oppg. for økt kval. i gr.oppl.(rest 32)	kr 351 967,29	kr 0,00
33.1 Tilskuddsforvaltning	kr 53 009,44	kr 0,00
33.2 Klagesaksbehandling	kr 52 511,99	kr 0,00

33.3 Informasjon og veil. bh	kr 0,00	kr 0,00
33.4 Tilsyn	kr 434 147,94	kr 0,00
33.5 Kontroll av årsmelding og årsregnskap	kr 0,00	kr 0,00
33.9 Andre tilsyn og forv. på b.hageomr. (rest 33)	kr 367 110,57	kr 0,00
34 Oppgaver for økt kvalitet i barnehagen	kr 439 934,58	kr 15 967,36
36 Landsdekkende oppgaver KD	kr 0,00	kr 0,00
Andre oppgaver under KD	kr 1 162,00	kr 0,00
Sum:	kr 5 155 579,00	kr 1 959 956,00

## **Statens Helsetilsyn**

### **Resultatområde 41 Tilsyn og klagesaksbehandling etter barnevernloven**

#### **41.1 Hendelsesbasert tilsyn**

Vi har mottatte 23 tilsynsklager mot kommunar i 2013. Dette er om lag like mykje som året før. I tillegg var det 13 saker frå 2012 som ikkje var avslutta innan årsskiftet. I alt 27 av desse sakene vart handsama i 2013, og 8 vart ikkje avslutta innan årsskiftet.

I tre av dei ferdighandsama sakene har vi konkludert med lovbrøt.

Felles for fleire av tilsynssakene, er at dei handlar om fleire tema i sakshandsaminga etter barnevernlova.

Døme på saker er gjennomføring av undersøking, kommunen si oppfølging av barn som er plassert i institusjon og fosterheim, partsrettar og partsstatus, teieplikt, mistanke om vald og overgrep, og klage på sakshandsamarar.

#### **41.2 Planlagt tilsyn**

Vi har gjennomført tilsyn som systemrevisjon med tre kommunale barneverntenester i 2013. Det tilsvarar lovkravet for landsomfattande tilsyn med kommunalt barnevern.

Alle tilsyna gjekk inn i det landsomfattande tilsynet med det kommunale arbeidet med oppfølging av barn i fosterheim, initiert av Statens helsetilsyn.

Det vart i alle tilsyna funne brot på krav som følgjer av lov eller forskrift. Nokre døme på lov- og/eller forskriftsbrot er:

«Kommunen sikrar ikkje i tilstrekkeleg grad dokumentasjon av barnevernfaglege vurderingar i arbeidet med oppfølging av barn i fosterheim.»

«Kommunen sikrar ikkje at det ved frivillige plasseringar vert fortløpande vurdert om kommunen skal legge fram sak om omsorgsovertaking for fylkesnemnda i saker der foreldra i lengre tid ikkje vil kunne gje barnet forsvarleg omsorg.»

«Kommunen sikrar ikkje dokumentasjon av nødvendige og relevante opplysningar og vurderingar i arbeidet med oppfølging av barn i fosterheim.»

Vi gjennomførte systemrevisjon på Stiftelsen Klokkergården i 2013. Tema var tilsyn med tilrettelegging av fritid og fritidsaktivitetar, og bebuarane sin rett til medverknad. Det blei gitt ein merknad: «Institusjonen har etablert praksis for at bebuarane skal opphalde seg minst mogleg på eige rom, også på fritida».

I 2013 utførte Fylkesmannen 20 individtilsyn på barnevernsinstitusjonane i fylket. Det tilsvarar 100 prosent av det som er lovpålagd. Halvparten av tilsyna var umelde.

#### **41.3 Klagesaker**

Vi har motteke sju klagesaker på kommunal barnevernteneste i 2013. I tillegg var det tre saker som ikkje var avslutta innan utgangen av 2012. Alle sakene var ferdighandsama innan utgangen av 2013.

Fem av sakene vart handsama innan tre månader eller mindre, og i fem av sakene vart det brukt meir enn tre månader. Sakene gjeld:

- partsinnsyn og rett til informasjon i kraft av foreldreansvaret,
- klage på manglande innsyn
- habilitet
- avslutting av hjelpetiltak
- klage på manglande hjelpetiltak

Ingen saker vart avviste. I tre av sakene vart barneverntenesta sitt vedtak oppheva, eitt vedtak vart endra og seks vedtak vart stadfesta.

Vi har i 2013 handsama åtte klager frå bebuarar på institusjonane eller frå deira føresette. Seks av klagene gjeld klager over enkeltvedtak, jf. §§ 24 første ledd og 27 andre ledd. To saker gjeld andre brot på rettighetsforskrifta, jf. § 27 andre ledd. Dette er ein stor auke frå året før. Det er vanskeleg å seie kva årsaka til dette er, men vi tenkjer oss at det ofte oppstår ein «dominoeffekt», slik at dersom ein bebuar klagar på noko, klagar gjerne fleire. Desse sakene gjeld klage på bruk av tvang, restriksjonar på bruk av elektroniske kommunikasjonsmiddel, klage på bruk av skjermingstur og klage på oppførsel hjå tilsett.

I tillegg har vi motteke førespurnader under individtilsyn og på telefon som ikkje er formelle klager. Desse har vi avklart med institusjonen eller ungdommen direkte.

## **41.9 Andre oppdrag**

Fylkesmannen har oppnemnt settekommune i tre saker.

## **Resultatområde 73.1 Klager på økonomisk stønad og kvalifiseringsprogrammet etter lov om sosiale tjenester i NAV**

Klagesaker på individuelle tenester er registrert i NESTOR ved innkomst og saksavslutning. Vi har behandla 33 klagesaker om økonomisk stønad, og alle er behandla innan tre månader. Vi har ikkje behandla klagesaker på nokon av dei andre individuelle tenestene. Ved årsskiftet hadde vi ei sak i restanse.

## **Resultatområde 74 Tilsyn etter lov om sosiale tjenester i NAV**

### **74.1 Hendelsesbasert tilsyn**

Vi har behandla to saker. I den eine saka konkluderte vi med at brukaren ikkje hadde fått forsvarleg hjelp til rett tid. I den andre saka konkluderte vi med at kommunen si behandling var i tråd med regelverket.

### **74.2 Planlagt tilsyn**

Vi har gjennomført landsomfattande tilsyn med Kvalifiseringsprogrammet i kommunane Bremanger og Vik. Vi fann avvik i Bremanger og ventar på plan for retting frå kommunen.

Vi har gjennomført tilsyn med tema økonomisk stønad til personar med forsørgingsansvar for barn i Jølster kommune. Dei har retta avviket og tilsynet er avslutta.

I tillegg gjennomførte vi læringstilsyn i samband med tilsynet i Jølster. Seks kommunar deltok og gjennomførte

eigenkontrollar i sine kommunar.

## 74.9 Andre oppdrag

Det har ikkje vore gjennomført kartlegging innafor dette området i 2013.

## Resultatområde 82 Tilsyn og klagesaksbehandling som gjelder helse- og omsorgstjenester

Helse- og sosialavdelinga er delt i seksjonar som handsamar saker kvar for seg. Helseseksjonen handsamar saker som gjeld helsetenester, og sosialseksjonen handsamar saker som gjeld omsorgstenester. I samansette saker, der klagen omhandlar både helse- og omsorgstenester, set vi saman lag på tvers av seksjonane.

### 82.1 Hendelsesbasert tilsyn

I løpet av 2013 avslutta vi 54 hendingsbaserte tilsynssaker i seksjon for helsesaker. Restanse ved årsskiftet var 26. Gjennomsnittleg behandlingstid var i underkant av fire månader, og i tolv saker var saksbehandlingstida over fem månader. Dette skuldast at sakene har vore svært tidkrevjande å behandle. I nokre av sakene har vi brukt sakkunnig.

Vi ser at talet på samansette saker aukar. Dette er saker som gjeld samhandling mellom kommune og spesialisthelseteneste, der det kan vere fleire tilsynsobjekt, både på systemnivå og individnivå. Sakene er tidkrevjande. Vi har elles, som i 2012, også i 2013 hatt fleire sjølvordssaker i psykisk helsevern. Dei fleste av desse sakene er varselsaker, jf. spesialisthelsetenestelova § 3-3-a, og det vert som oftast oppretta tilsynssak.

Omsorgstenester - vi handsama to tilsynssaker på dette området i 2013. Ei av sakene hadde ei sakshandsamingstid over 5 månader. Vi hadde ei sak i restanse ved årsskiftet.

### 82.2 Planlagt tilsyn

Vi har for det meste klart å gjennomføre tilsynsplanen for 2013.

Vi har gjennomført tilsyn med helsestasjonstenesta for barn 0-6 år i seks kommunar. Utover dette har vi hatt sjølvvalde tema, blant anna rehabiliteringstilbodet i sjukeheimar.

Regionalt tilsynslag gjennomførte tilsyn med Helse Førde, Nordfjord BUP. BUP Sogndal og BUP Førde leverte eigenrapportering. Samarbeidet i tilsynslaget fungerte fint, og vi gjennomførte alle systemrevisjonane i helseføretaka i Helse Vest i løpet av april. Eitt sjølvvalt tilsyn i spesialisthelsetenesta er utsett til 2014 grunna sjukdom.

Vi har hatt det vi kallar læringstilsyn også i 2013. Nabokommunar vert inviterte til å gjere eigenvurdering på same tema som vi gjer systemrevisjon på i ein kommune. Deltakinga i læringstilsyna har vore god. Kommunane som vil delta i læringstilsyn er med i eit utvida opningsmøte og sluttmøte. Ikkje alle tilsyna vi gjennomførte i 2013 er avslutta.

### 82.3 Klager på helse- og omsorgstjenester etter pasient- og brukarrettighetsloven m.fl.

Vi avslutta behandlinga av 67 rettighetsklager i 2013. Restanse ved årsskiftet var elleve saker. I to av sakene var sakshandsamingstida så vidt over tre månader. Dette skuldast blant anna at vi venta på ei avklaring frå Helsedirektoratet. Dei fleste klagene gjeld rett til sjuketransport og rett til nødvendig helsehjelp, som plass i sjukeheim. Nokre saker gjeld krav om innsyn og retting eller sletting i journal.

I tillegg er det handsama 23 omsorgssaker i 2013. I ei av sakene vart sakshandsamingstida 3,0 månader, dei andre sakene vart handsama på under 3 månader. Restansen ved årsskiftet var her fire saker.

#### Pasient- og brukarrettslova kapittel 4A:

I 2013 fekk vi kopi av vedtak om helsehjelp gitt med tvang etter pasient- og brukarrettslova kapittel 4A for 47

pasientar. I alt 27 av tiltaka skulle vare i tre månader eller meir. Dei mest nytta tvangstiltaka som varte i meir enn tre månader, var følgjande: Rørslehemmande tiltak (17), bruk av legemiddel på resept (10) og tilbakehald i institusjon (4). For tvangstiltak som varte tre månader eller mindre var følgjande tiltak mest nytta: Rørslehemmande tiltak (8), tannbehandling (4) og bruk av legemiddel på resept (3).

I alt 16 av 26 kommunar i fylket har i 2013 sendt inn kopi av vedtak. Helse Førde har sendt inn fire og fylkeskommunen to.

Sjukepleiar stod som ansvarleg for dei fleste vedtaka, uavhengig av varigheit.

Vår vurdering er at kvaliteten på vedtaka er betre enn tidlegare, men det er framleis behov for rettleiing.

Sakshandsamingstida var for 46 av 47 mottekne saker saker frå null til ein måned. Ei sak tok det meir enn ein måned å handsame.

For saker med varigheit lengre enn tre månader var tida frå vedtaksdato til gjennomgang og følgande kontroll ein til to månader for ei sak, to til tre månader for to saker, tre til fire månader for 14 saker, fire til fem månader for sju saker og fem til seks månader for ei sak.

Fylkesmannen har hatt opplæring i regelverket for tre kommunar (omlag 30 deltakarar) og for tilsette i Helse Førde (om lag 100 deltakarar). I tillegg til dette har vi rettleiing til helsepersonell på telefon. Vi har gitt tilbod om undervisning til fylkeskommunen. Lovverket er tema på leiarnettverksamlingane som vi har to gonger kvart år.

Vi har hatt tilsyn med regelverket i ein kommune i 2013.

Vi deltek i nettverk med Fylkesmannen i Hordaland og Rogaland og har jamlege møter der tema er pasient- og brukarrettslova kapittel 4A.

## **82.9 Andre oppdrag**

## **Resultatområde 83 Folkehelse**

Vi har prioritert arbeid på dette feltet i samsvar med embetsoppdraget.

### **83.2 Planlagt tilsyn**

Vi har planlagt å gjennomføre tilsyn på folkehelseområdet i tre kommunar hausten 2014.

## **Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet**

### **Resultatområde 41 Tilsyn og klagebehandling etter barnevernloven**

Sjå rapportering under Statens Helsetilsyn.

### **Resultatområde 42 Familierett**



## **42.1 Ekteskapsloven**

### 42.1 Ekteskapsloven

I 2013 gav vi separasjonsløyve i 201 saker, noko som er 43 fleire enn i 2012.

Vi gav skilsmisселøyve i 167 saker, noko som er 11 færre enn i 2012.

Vi gav løyve til fritak for å legitimere skifte i 19 saker.

## **42.2 Anerkjennelsesloven**

I 2013 hadde vi 21 saker som gjaldt godkjenning av utanlandske skilsmisser, noko som er 4 fleire enn i 2012.

## **42.3 Barneloven**

Vi har i 2013 slutført to saker om tvangskraft for avtaler, jf. barnelova § 55. I den eine saka blei det gitt tvangskraft for avtalen, i den andre vart dette avslått.

## **42.4 Veiledning og informasjon**

Vi informerer om reglane i barnelova og om oppgåvene til familievernkontora til brukarar som tek kontakt. Vi viser også til informasjon på internett, og sender ut informasjonsmateriell ved behov.

## **Resultatområde 43 Føre tilsyn med kommunenes plikt til å sørge for et krisesentertilbud**

Det er ikkje i 2013 gjennomført tilsyn eller anna form for kontroll med kommunane sitt tilbod innafor dette området. Vi gjennomførte i 2012 ei kartlegging av området. Vi har ikkje motteke informasjon som gav grunnlag for å undersøkje krisesentertilbudet nærare i 2013.

## **Resultatområde 44 Føre tilsyn med familievernkontor**

Vi har gjennomført tilsyn ved begge dei to familiekontora i fylket i 2013. Det eine kontoret har to avdelingar på ulike stader i fylket. Tilsynet vart gjennomført som systemrevisjon. Tema for tilsynet var journalføring etter lov om familievernkontor § 11, jf. forskrift om føring av klientjournal og meklingsprotokoll ved familievernkontor m.v.

Det vart ikkje funne avvik ved nokon av kontora, og det vart heller ikkje gjeve merknad.

## **Resultatområde 45 Barn og unge**

Ved utgangen av 2013 var det 19 barneverntenester som utførte oppgåver for dei 26 kommunane i fylket.

Det har vore ei auke i talet på tilsette i barnevernet som følgje av midlane frå departementet, men framleis slit ein del kommunar med å halde fristane på undersøkingar og med å oppfylle kravet om tiltaksplanar i alle saker.

Vi har teke kontakt med åtte kommunar i Sogn og Fjordane for å få ei nærare klargjering av årsakene til fristoverskridingar. Ein av kommunane vert følgt særleg opp på bakgrunn av fristoverskridingar over lengre tid.

Eit fleirtal av sakene som kjem inn til oss, gjeld foreldre og andre pårørande som er misnøgde med måten barnevernet har handsama ei sak på.

Det er få som klagar på manglande hjelpetiltak.

## 45.1 Informasjonsvirksomhet og samordning

Fylkesmannen skal i perioden 2012 til 2014 gjennomføre embetsprosjektet *sjumilssteget til beste for barn og unge*. Målet er å følge opp FNs barnekonvensjon i kommunane i Sogn og Fjordane. Sjumilssteget skal medverke til at kommunane vert meir medvitne på oppvekstvilkår og å styrke tverrfagleg samarbeid til beste for barn og unge. Det er sett ned ei tverrfagleg prosjektgruppe internt i embetet. Prosjektplanen tek utgangspunkt i sjumilssteg-satsinga som Fylkesmannen i Troms har utarbeidd. Vi nyttar eigne midlar til å finansiere prosjektet.

I medhald av barnevernlova § 2-3 fjerde ledd bokstav a skal Fylkesmannen sørge for at kommunane får råd og rettleiing. Vi har løyst denne oppgåva på følgjande vis:

- Råd og rettleiing på telefon, e-post og i brev
- Konferansen «Rus og vald i nære relasjonar», der Tonna Brix var føredragshaldar
- Deltaking på kommunesamlingar i regi av Bufetat to gonger per år
- Vi har arrangert to kurs, begge over to dagar. Tema: Korleis få til medverknad i praksis, lov og regelverk, «barnevernet - eit arbeid med mening» og «Klemetsrudmodellen»
- Årleg fylkessamling for barneverntilsette i stat og kommune. I år hadde vi ein dag felles med barnehagetilsette, med tema samarbeid mellom barnehage og barnevern, barnehagen som barnevernstiltak og utstillinga «Viss klede kunne fortelje». På dag to tok vi opp lovendringar, spesielt barnevernlova § 1-3 om forsvarlegheit
- Embetsprosjektet «sjumilssteget - til beste for barn og unge» i perioden 2012-2014, med tilhøyrande tverrfagleg konferanse der vi blant anna presenterte kommunekartlegginga og hadde innlegg frå Barneombodet

## 45.2 Fritak for taushetsplikt

Saker om fritak for teieplikt gjeld i dei fleste tilfella søknad om fritak for fleire profesjonsgrupper. Ofte gjeld teieplikta fleire personar i same sak, til dømes sysken. Sjølv om sakene er samansette gir vi nedanfor ei oppsummering av dei lovene vi har behandla fritak for teieplikt for, sidan dette etter vårt syn gir god oversikt over området.

Saksbehandlingstida er kort, normalt berre eit par dagar. Saka med lengst behandlingstid i 2013 brukte vi sju dagar på å slutføre.

Oppsummert har vi behandla fritak for teieplikt for 57 tilsette i forvaltninga i 2013. Sakene involverte til saman 39 privatpersonar.

Vi har behandla søknader for fem tilsette med teieplikt etter helse- og omsorgstenestelova i 2013. I tre av sakene var det ikkje nødvendig med fritak, sidan det var gitt eksplisitt samtykke frå dei sakene gjaldt.

Det kom inn søknader for 33 tilsette om fritak for teieplikt etter opplæringslova, for tilsaman 13 born. Fritak vart innvilga for alle.

Vi har behandla søknader for seks tilsette om fritak etter barnehagelova. Sakene gjaldt sju born. Alle vart innvilga.

Det vart søkt om fritak for teieplikt for 13 tilsette etter barneverntenestelova. Det var 14 barn involverte i sakene. Ei sak vart trekt, resten vart innvilga.

## 45.4 Biologisk opphav

Fylkesmannen har handsama fem saker der personar har bede om opplysningar om biologiske foreldre.

I tillegg har vi handsama ei sak som gjeld rettferdsvederlag.

## 45.7 Tilskudd til kommunalt barnevern

Vi har tildelt midlar til fem stillingar i 2013. I tillegg vart dei 8,9 stillingane frå 2011 og 2012 vidareførte. I 2014 vert desse 13,9 stillingane framleis vidareførte, og i tillegg vert det ei ytterlegare styrking med 2,9 stillingar i 2014.

Dessutan tildelte vi midlar til kompetansehevande tiltak, der ein kommune søkte på vegne av alle barnevernstenestene i fylket.

Vi følgjer opp satsinga gjennom rapportering og fortløpande kontakt med kommunane.

## Resultatområde 46 Universell utforming

Fylkesmannen har samarbeidd med fylkeskommunen om nokre tiltak om universell utforming.

I samarbeid med fylkeskommunen, Miljøverndepartementet og Flora kommune arrangerte vi K1-samling i Florø. Det var ei flott samling med god deltaking frå heile landet. Kommunane Sogndal og Flora presenterte planarbeida sine med gode løysingar for universell utforming i nærmiljøet og i sentrum.

I etterkant av samlinga vart det sett i verk ei kartlegging av sentrumsnære turveggar i kommunane i fylket. Vi henta inspirasjon frå arbeidet som er gjort i Telemark. Vi nytta Asplan Viak som samarbeidspart. Rapporten er no ferdig trykt. I alt 15 av 26 kommunar har delteke i kartlegginga. Dette arbeidet skal vidareførast i 2014.

## Resultatområde 47 Integrering av innvandrere

Utdanningsavdelinga har ansvaret for intern koordinering av oppdrag som gjeld asylsøkjjarar, flyktningar og innvandrarakar.

Dette ansvaret inkluderer:

- Formidle aktuell informasjon internt og eksternt
- Å halde oversyn over embetet sine oppgåver og tiltak
- Invitere til innspel, vurdere og foreslå felles tiltak
- Vere kontaktpunkt mot ulike samarbeidsforum
- Planleggje årlege dialogmøte med UDI, IMDI, KS og Nav

### 47.1 Statsborgerseremonier

Vi hadde seremonien på Operahuset Nordfjord på Nordfjordeid laurdag 27. april. Seremonien vart leia av fylkesmann Anne Karin Hamre, medan fylkesordførar Åshild Kjelsnes heldt gjestetalen.

Vi sende invitasjon til 100 nye statsborgarakar, der 17 takka ja til å delta på seremonien. Deltakarane kom frå Eid, Flora, Førde, Gloppen, Høyanger, Leikanger, Stryn, Vik, Vågsøy og Årdal.

#### Statsborgerseremonier

Embeter	Antall seremonier	Prosent nye statsborgere som har deltatt
FMSF	1	17
<b>Sum</b>	<b>1</b>	

### 47.2 Bosetting av flyktningar

Vi har etablert eit samarbeid med KS, Nav og Sogn og Fjordane fylkeskommune. Prosjektet "Felles innsats for inkludering og samfunnsdeltaking" kom som eit resultat av erfaringar vi gjorde oss i 2012. I 2012 prøvde vi i lag med Nav å gjennomføre ein konferanse på området, men på grunn av dårleg påmelding vart denne ikkje gjennomført. Etter det årlege samarbeidsmøtet mellom Nav, KS, Fylkesmannen, IMDI og UDI sette vi i lag med Nav i gang ei prosjektgruppe. Vi har gjennomført to nettverkssamlingar for tilsette i kommunane som arbeider med busetting av flyktningar.

Busetjing av flyktningar har også vore tema på kommunekonferansen, som er eit samarbeid mellom KS og Fylkesmannen. Dette er også eit fast tema på dei årlege samarbeidsmøta vi gjennomfører. Målet med drøftinga er at alle aktørane skal ha grunnlag for påverknadsarbeid i sine ulike forum og kanalar.

### **47.3 Introduksjonsordning for nyankomne innvandrere (introduksjonsloven)**

Fylkesmannen har ikkje i 2013 hatt klagar som gjeld introduksjonslova.

Vi har i tett samarbeid med Nav informert om krav til introduksjonsprogrammet i møte for rådmenn og ordførarar og i møte med enkeltkommunar. Vi har gitt rettleiing til programrådgjevarar og lærarar i norskopplæring på samling for desse, og vi har informert om tilsynet som Fylkesmannen gjennomfører på oppdrag frå Inkluderings- og mangfoldsdirektoratet.

Vi har gjennomført tilsyn i tråd med oppdraget.

Vi ser elles på bakgrunn av erfaringar frå rettleiing og tilsyn, at behovet for rettleiing av kommunane er større enn vi har ressursar til å dekke.

### **47.4 Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for voksne innvandrere og norskopplæring for asylsøkere**

Vi har gjennomført kurs i samarbeid med VOX, for lærarar som arbeider med norskopplæring for vaksne innvandrarar og asylsøkjjarar.

Fylkesmannen har i lag med vaksenopplæringssentra i fylket arbeidd med eit etter- og vidareutdanningstilbod for alle lærarane i fylket. I alt 78 deltakarar søkte seg inn på dette studiet som starta 9. februar 2012. Høgskulen i Sogn og Fjordane og VOX hadde det faglege ansvaret. I 2013 gjennomførte vi fire todagarssamlingar på utdanninga. For deltakarane som gjennomfører vil dette gje 30 studiepoeng.

Vi viser elles til rapportering på resultatområde 47.3

### **47.5 Tilsyn med kommunenes gjennomføring av introduksjonsloven**

Fylkesmannen har sett i gang to dokumenttilsyn, der tema var heilårleg og fulltids introduksjonsprogram. Ved begge tilsyna fann vi avvik.

## **Resultatområde 48 Fremme likestilling og motivirke diskriminering**

### **Om intern forankring av oppdraget**

Eit særleg koordinerande ansvar for likestillingsarbeidet er lagt til utdanningsavdelinga. Vi har laga eit samla oversyn over embetsoppdrag som gjeld likestilling på dei ulike sektorområda våre. Vidare har vi utarbeidd rutinar som sikrar at likestillingsområdet vert vurdert i kommunale planprogram m.v., på linje med fagområdet universell utforming, jf. embetsoppdrag nr. 46.

Til bruk for leiinga i embetet er det laga eit oversyn over kommunane sine plikter etter lovverket på likestillingsområdet. Vi har sikra oss eit godt oversyn over oppgåvefeltet, kva oppgåvene fører med seg internt og eksternt, og dessutan sikra god ansvars plassering og forankring på leiarnivå i organisasjonen.

Fylkesmannen gjennomførte dialogmøte med KUN, senter for kunnskap og likestilling, sommaren 2013. Tema for møtet var informasjonsutveksling om pågåande likestillings- og integreringsarbeid og moglege samarbeidstiltak. Eit konkret samarbeidstiltak i 2014 er planar om ein fagdag for foreldre og tilsette i barnehage-, skule- og helsesektoren i Sogndal kommune. Temaet er tospråklege barn som ressurs i barnehage- og skule. KUN har søkt om midlar til oppstart av slike fagseminar fem stadar i landet, m.a. i Sogn og Fjordane.

### **Oppfølging og rettleiing av kommunane**

Planstrategiar og samfunnsdelen av kommuneplanar er vurderte, og det er gjeve fråsegn i fleire av sakene.

Det er gjennomført kontroll av årsmeldingane til ein del kommunar for 2012.

Gjennom prosjektet *sjumilssteget* forsøker Fylkesmannen å hjelpe kommunane i arbeidet med å konkretisere FN sin barnekonvensjon. Artikkel 23 om barn sin rett til eit fullverdig liv og tilgang til nødvendige offentlege tenester, er eitt av områda som vart undersøkt i [ei kartlegging av tilstanden i kommunane](#) i 2012. Rapporten vart offentleggjort 2013. Kommunane skal halde fram arbeidet med utgangspunkt i funn i kartlegginga, og

Fylkesmannen skal vere ein støttespelar for å sikre dei kommunale tenestene etter FN's barnekonvensjon.

## Aktivitet på ulike sektorar

### Verjemål

Sentrale siktemål med den nye verjemålslova er sjølvråderett over eige liv. Desse siktemåla kjem særleg til uttrykk gjennom vilkår i verjemålslova § 17 fjerde ledd om at born over 12 år skal høyrast, § 20 andre ledd om samtykke til oppretting av verjemål for vaksne og § 33 om at verja så langt som mogleg skal høyre personar under verjemål før det vert gjort disposisjonar "av større betydning" og elles når det er naturleg.

Etter at vi overtok som lokal verjemålsmyndigheit, har vi vore opptekne av å ta omsyn til dei sentrale siktemåla og vilkåra i vår handsaming av enkeltsaker. Mellom anna har vi forsøkt å leggje til rette for kommunikasjon på ein forståeleg måte i saker som involverer born og personar som på grunn av helsetilstanden har vanskar med å kommunisere. I saker som involverer einslege mindrearige asylsøkjjarar må vi leggje til rette for kommunikasjon ved bruk av tolk. Men førebels har vi ikkje hatt slike saker der dette har vore aktuelt. I praksis har vi mellom anna gjennomført samtalar med born over 15 år og andre, i enkeltsaker der vi meiner dette har vore av betydning for opplysninga av saka.

I vår dialog med verjene har vi også lagt stor vekt på å informere om vilkåret i verjemålslova § 33 om at verja så vidt mogleg skal høyra med den som er sett under verjemål, før det blir utført viktige disposisjonar.

### Landbruk

I strategien for bygdeutviklingsmidlane frå Landbruks- og matdepartementet prioriterer vi kvinnelege søkjarar og kvinneretta tiltak. Dette gjeld til dømes ved etablering og utvikling av nye næringar. Kvinner kan få inntil 75 prosent støtte til såkalla mjuke investeringar (etablerarstipend og bedriftsutviklingstiltak) og 60 prosent (maks kr 200 000) i etablerartilskot ved generasjonsskifte på gardsbruk. Tilsvarende støttesatsar for menn er 50 prosent og maksimalt kr 150 000 ved generasjonsskifte. Denne type prioriteringar har vi hatt i fleire år og det fører til at kvinnelege søkjarar og kvinneretta tiltak får ein høvesvis større del av midlane. Om lag 15 prosent av dei som søker om produksjonstilskot, er kvinner, og i 2013 fekk kvinnelege søkjarar 24 prosent av BU-midlane.

### Barnehage

Vi har hatt eit tett samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane og delteke på likestillingsdag for 1. og 2. klasse på barnehagelærarutdanninga. Informasjon og haldningsskapande arbeid blant studentane er viktig for å oppnå mål om endra kjønnsrollemønster blant barn.

Å drive pedagogisk likestillingsarbeid er eit langsiktig haldningsarbeid. Fire likestillingsprosjekt har i to år fått tett oppfølging med rettleiing og nettverksmøte. Deltakarane har delt erfaringar og drøfta utfordringar og framdrift i prosjekta. To av prosjekta vart presenterte på likestillingsdagen til høgskulen, på leiarsamling for barnehagesektoren og kurs for ein av regionane i fylket.

Tal mannlege tilsette i fylket ligg på 8,7 prosent (Kjelde: Basil 2012-tal). Det er gjennomført ein fagdag for mannlege tilsette i barnehagane. Fagdagen vart svært godt motteken og [fekk god omtale i NRK Sogn og Fjordane](#).

## Utfordringar

På verjemål må vi halde fram med å leggje til rette for ein kommunikasjon som sikrar medverknad og inkludering frå alle som vert omfatta av avgjerder på verjemålsområdet, uavhengig av alder, medisinsk tilstand og språkleg bakgrunn. Ei utfordring er at vi manglar erfaring, men etter kvart som tida går bør vi vurdere å utarbeide eigne rutinar som i større grad sikrar at alle får like moglegheiter til medverknad og inkludering i saker på verjemålsområdet.

I barnehagesektoren ser vi at rettleiing, oppfølging og bruk av Verdispelet har vore ein viktig faktor for å lukkast. Vi ser at det er vanskeleg å halde ut i likestillingsarbeidet over tid. Det er vanskeleg å måle effekten av arbeidet som er gjort, og tilsette blir ofte motlause fordi resultat ikkje er synlege på kort sikt. Utfordringane er å arbeide vidare med haldningane til dei tilsette og få likestilling synleggjort i både plan og praksis.

I samband med kontroll av årsmeldingane til kommunane finn vi at majoriteten rapporterer om den faktiske tilstanden for kjønnslikestilling. Vi finn i mindre grad kommunar som gjer greie for tiltak som er iverksett og kva tiltak som er planlagde for å fremje likestilling og hindre forskjellsbehandling i strid med likestillingslova. Vi finn og at kommunane i liten grad rapporterer på korleis dei arbeider for å fremje siktemåla i diskrimineringslova og i diskriminerings- og tilgjengeligheitslova. Fylkesmannen vil sjå nærare på innhaldet i årsmeldingane for 2013, og ut frå dette vurdere om vi bør setje i verk tiltak som gjeld handlings- og rapporteringspliktene til

kommunane på området.

## Ressursrapportering

Vi har ingen vesentlege avvik.

Resultatområde	Kapittel 1510	Fagdep.
41 Tilsyn med barnevernområdet	kr 547 972,18	kr 0,00
42 Familierett	kr 111 350,50	kr 0,00
43.1 Tilsyn med kommunale krisesentertiltak	kr 0,00	kr 0,00
43.9 Andre krisetiltak (rest 43)	kr 0,00	kr 0,00
44 Familievern	kr 11 289,05	kr 0,00
45 Barnevern	kr 673 332,80	kr 580 954,76
47 Integrering	kr 168 854,63	kr 0,00
47.5 Tilsyn med introduksjonsloven	kr 3 156,00	kr 0,00
Andre oppgaver under BLD	kr 53 536,38	kr 35 272,00
Sum:	kr 1 569 491,00	kr 616 226,00

## Justis- og beredskapsdepartementet

### Resultatområde 51 Siviladministrasjon

#### 51.2 Verjemålsloven

Første juli 2013 tok ny verjemålslov til å gjelde. I 2013 har derfor Fylkesmannen fungert som klageinstans og tilsynsmyndigheit for overformynderia etter tidlegare verjemålslov i første halvår, og som ny lokal verjemålsmyndigheit og førsteinstans på verjemålsområdet frå 1. juli 2013.

Fylkesmannen har ikkje hatt klagesaker etter tidlegare verjemålslov i første halvår 2013. Vi har heller ikkje prioritert å utføre oppgåver som tilsynsmyndigheit i første halvår 2013, fordi vi har prioritert å førebu embetet så godt som mogleg på å overta som ny lokal verjemålsmyndigheit.

Fram til 1. juli 2013 har arbeidet på verjemålsområdet vore organisert som eit lokalt prosjekt, der vi har utført oppgåver som vi har fått av sentralt verjemålsprosjekt i Justis- og beredskapsdepartementet og Statens sivilrettsforvaltning. Sentrale oppgåver som er gjennomførte i første halvår 2013, er mellom anna:

- Oppfølging av kommunane i bruk av Datafangstportalen for registrering og overføring av aktive verjemålssaker. Per 04.03.2013 var alle 26 kommunane ferdige med registrering av sakene. Fylkesmannen har hatt løpande dialog med kommunane om registrering og overføring av nye saker fram til 1. juli 2013. I tillegg har vi hatt dialog og samarbeid med alle kommunane om overføring av verjemålsmidlar i tråd med plan og retningslinjer frå sentralt bankprosjekt. Per 1. juli 2013 hadde vi fått overført om lag 1100 aktive saker frå dei 26 kommunane i Sogn og Fjordane.
- I alt 19 verjesamlingar vart gjennomførte i perioden 12. mars til 6. juni 2013. Her møtte vi omlag 500 verjer frå dei fleste kommunane i fylket. Dei fekk informasjon om dei viktigaste endringane som følgje av den nye verjemålslova. Vi har også delteke på fylkessamlingar med NFU, Nav-leiarar og for leiarar i dei kommunale helse- og omsorgstenestene der vi har informert om verjemålsreforma. Vi sendte ut sentral informasjon om verjemålsreforma til verjer og andre sentrale samarbeidspartar før 1. juli 2013.
- Vi har gjort tilsetjingar på verjemålsområdet i tråd med lokal bemanningsplan. Per 1. juli 2013 var det tilsett 3 personar i fulle stillingar på verjemålsområdet. På same tid var det etablert avtalar for bruk av interne ressursar frå postmottak, arkiv og økonomi. Vi har også sikra organisering og rutinar for å kunne overta ansvaret for verjemålsoppgåvene frå 1. juli 2013.
- Vi har delteke på sentrale prosjektgruppemøter og opplæringsamlingar. Vi har også delteke på regionale

Den 1. juli 2013 tok prosjektperioden slutt, og vi overtok som ny førsteinstans og lokal myndigheit med ansvar for oppgåvene på verjemålsområdet. Utfordringar med sakshandsamingsløysinga for verjemål, førte til at vi etablerte og tok i bruk ei reserveløysing for å handsame sakene på verjemålsområdet allereie den første veka etter overtakinga. Denne løysinga har fungert godt i vårt embete, og gjer at vi stort sett har hatt god oversikt og kontroll over innkomne saker. Vi har i hovudsak nytta reserveløysinga i vår sakshandsaming, men har også nytta den sentrale dataløysinga i enkeltsaker og til søk etter saker, søk i folkeregisteret, kredittsjekk av verjer med meir.

Bruk av reserveløysinga har ført til at vi har hatt behov for å bruke meir interne ressursar enn venta frå postmottak, arkiv og økonomi. Vi ser også at bruk av reserveløysinga medfører at vi vil måtte bruke mykje ressursar til opprydding og etterregistrering av saker. Vi har byrja på arbeidet med å få etterregistrert saker, og har prioritert nye saker om oppretting av verjemål for å sikre at opplysningane om kven som er sett under verjemål, er mest mogleg oppdatert i den sentrale sakshandsamingsløysinga.

Frå 1. september 2013 vart verjemålsoppgåvene lagt til ei nyoppretta juridisk avdeling. I løpet av september 2013 fekk vi også inn ekstra juridiske ressursar på verjemålsområdet. Frå september 2013 har vi også hatt faste statusmøte kvar 14. dag for prioritering og styring av oppgåvene på verjemålsområdet.

På grunn av utfordringane i overgangsperioden har det vore nødvendig å gjere ei streng prioritering av oppgåvene på verjemålsområdet. Vi har prioritert løpande sakshandsaming og tilgjengelegheit. Det betyr at det har vore nødvendig å nedprioritere andre oppgåver som til dømes kontroll- og tilsynsarbeid og utoverretta aktivitetar som opplæring av verjer, informasjonsarbeid med meir. I sakshandsaminga har vi prioritert saker som gjeld oppnemning av verjer og mellombels verje for mindreårige (dommaravhøyr av born), søknader om bruk av kapital, og utbetaling av godtgjersle og dekning av utgifter til faste verjer.

Vi har likevel byrja på kontrolloppgåver som godkjenning av verjemålsrekneskapar frå kommunane for første halvår 2013, og kontroll av at verjemålsmidlane frå kommunane frå 1. juli 2013 er overførte til vår forvaltning på rett måte. Per 31.12.2013 har vi fått inn og godkjent verjemålsrekneskapen for første halvår 2013 frå 18 av 26 kommunar, og vi vil prioritere å få slutført dette arbeidet så tidleg som mogleg i 2014. Når det gjeld overtaking av forvaltningsansvaret for verjemålsmidlar frå kommunane, har vi hatt god dialog med både kommunane og aktuelle bankar slik at vi vurderer å ha god oversikt og kontroll på dette ved utgangen av året.

I dialogen med kommunane er vi også vorte kjende med at nokre verjer forvaltar midlar som er over den gjeldande beløpsgrensa for når Fylkesmannen skal forvalte midlane. Når verjene sender inn rekneskap for andre halvår 2013, vil vi få god oversikt og høve til å følgje opp desse sakene på ein systematisk måte.

Av totalt 492 søknader på verjemålsområdet i perioden 01.07.2013 til 31.12.2013, har vi handsama 374. Det betyr at vi hadde ein restanse på 119 saker per 31.12.2013. Bruk av reserveløysing i sakshandsaminga og relativt stor pågang med spørsmål frå verjer og andre, gjer at vi har hatt utfordringar med å halde sakshandsamingstida på eit tilfredsstillande nivå i alle saker. Men etter kvart har vi fått betre kontroll på dette.

I andre halvår 2013 har vi også fått inn to klager på vedtak om å ikkje opprette verjemål etter den nye verjemålslova. Begge desse klagene har medført at vi som underinstans har sett i verk ei ny sakshandsaming og vurdering av om vilkåra for verjemål er oppfylt. Førebels har vi ikkje hatt klagesaker som er oversendt til SSRF for klagehandsaming.

#### Oppgaver etter vergemålsloven

Embeter	Antall saker	Antall tilsyn
FMSF	0	0
<b>Sum</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

### 51.3 Forlikrådene

I 2013 har vi oppnemnt nytt forlikråd i to kommunar som ikkje hadde valt forlikråd innan fristen 15.10.2012. Forlikråda vart oppnemnt så snart vi fekk melding om val frå kommunane. Vidare har vi oppnemnt eitt nytt medlem og ein ny vara i to ulike kommunar i fylket. Bakgrunnen for oppnemningane var at dei som opprinneleg var valde, av ulike årsakar ikkje kunne halde fram i verva.

Fylkesmannen har også ved eitt tilfelle oppnemnt to setjemedlemmar til eit forlikråd for eitt enkelt høve, jf. domstollova § 59. Vi har ikkje hatt tilsynssaker i 2013.

## **51.5 Tomtefesteloven**

Vi har ikkje hatt saker på området i 2013.

## **Resultatområde 52 Borgerrettigheter**

### **52.1 Fri rettshjelp**

Vi har handsama 494 saker på rettshjelpsområdet i 2013 (medrekna 55 saker for Kontrollkommisjonen). Ved årsskiftet hadde vi ein restanse på 28 saker. Talet på innkomne saker i 2013 har gått ned samanlikna med 2012. Vi har fått inn 76 færre saker i år, samanlikna med i fjor. Vi har sendt kvartalsvise rapportar til Statens sivilrettsforvaltning i tråd med embetsoppdraget, og rapportane inneheld meir detaljerte opplysningar om sakstype og kor mykje vi har utbetalt i salær i løpet av året.

I 2013 har vi fått 25 klager på vedtak på rettshjelpsområdet. To av klagen tok vi til følgje, medan 21 av sakene vart sende til Statens sivilrettsforvaltning for klagehandsaming. To av klagesakene har vi enno ikkje teke stilling til. Klageinstansen har stadfesta ti av vedtaka vi har sendt til endeleg klagehandsaming i 2013, medan tre vedtak vart delvis omgjorde. Åtte av klagen er framleis til handsaming hjå Statens sivilrettsforvaltning.

Vi deltok med to sakshandsamarar på den årlege rettshjelpssamlinga til Statens sivilrettsforvaltning i november.

### **52.3 Navneloven**

Vi har handsama tre klagesaker på dette området i 2013. I to av sakene stadfesta vi vedtaket frå Skatteetaten, med den følgja at det ikkje vart gjeve løyve til endring av etternamn. I den siste saka stadfesta vi eit vedtak frå Skatteetaten om å endre eige vedtak på grunn av ugyldigheit. Skatteetaten hadde gjort eit ugyldig vedtak om at ein person kunne ta namnet til ektemannen med heimel i namnelova § 4 første ledd nr. 4.

## **Resultatområde 53 Forebyggende samfunnssikkerhet**

### **53.1 Oversikt over regionale samfunnssikkerhetsutfordringer (fylkes-ROS)**

Arbeidet med å revidere risiko- og sårbarheitsanalysen for fylket vart avslutta våren 2013. Fleire tema som ikkje var omtalte i den første analysen (frå 2007), er med i den nye utgåva, mellom anna vatn og avløp, radon og uønskte hendingar på sjøen. Konsekvensar av klimaendringar er eit gjennomgåande analysetema i alle kapitla. Ekstremvêret Dagmar i 2011 viste på ein svært tydeleg måte kor sårbart samfunnet kan vere for sterk vind og nedbør. Erfaringane frå Dagmar er difor omtalte mange stader i analysen.

Dei fleste fagetatane i fylkesberedskapsrådet var involverte i arbeidet med analysen, mellom anna gjennom å levere faktagrunnlag, og å gjere analysar innan sine sektor- og fagområde. Som ein del av arbeidet med analysen er det laga ein tverretatleg handlingsplan for oppfølging av funna.

Fylkesberedskapsrådet var involvert i slutføringa av analysen og i utarbeidinga av handlingsplanen. Målsetjinga er at fylkesberedskapsrådet skal ha ein årleg gjennomgang av status i oppfølginga av handlingsplanen.

### **53.2 Regional samordning – forebyggende samfunnssikkerhet**

Vi sendte i juni rapport til DSB om embetet si oppfølging av rapporten frå 22. juli-kommisjonen. Vi gjorde greie for korleis arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap er gitt tydeleg og høg prioritert i embetet, mellom anna gjennom strategiplanen. Vi viste òg til at vår eiga evne til krisehandtering har vore sett på prøve ved fleire høve dei siste åra, og at vi har fått gode tilbakemeldingar på den jobben som har vore gjort. Vi understreka særleg kor



viktig det er å jobbe aktivt for å få til endå betre samvirke, både eksternt (med andre etatar/organ) og internt (mellom avdelingane).

Behovet for å tilpasse samfunnet til klimaendringar er eit gjennomgåande tema i kontakten vår med kommunane, til dømes i ulike møte, konferansar og under tilsyn.

### **53.3 Samfunnsplanlegging**

Ein av hovudstrategiane for samfunnstryggleiksarbeidet vårt er å bidra til ei trygg og robust arealforvaltning. Vi legg vekt på å rettleie kommunane om korleis omsynet til risiko og sårbarheit kan ivaretakast. Arenaer for slik rettleiing har mellom anna vore møte og konferansar. I tillegg har vi teke opp problemstillingane med kommunane i konkrete plansaker, til dømes i Planforum.

Samfunnstryggleik er fast tema i fråsegnene våre ved oppstart av planarbeid. Vi har gått gjennom alle kommuneplanar og hovudtyngda av reguleringsplansaker. Vi har varsla og nytta motsegn i dei tilfella vi har meint at samfunnstryggleiksomsyn ikkje har vore tilfredsstillande ivareteke.

Vi påpeiker alltid overfor kommunane at konsekvensar av klimaendringar må vere ein del av risiko- og sårbarheitsanalysen, og at vi vil bruke motsegn dersom planen ikkje syner kva vurderingar som er gjorde. Vi har laga ei sjekklister for korleis omsynet til klimaendringar kan integrerast i ROS-analysen, og denne er lagt fram for kommunane.

### **53.4 Tilsyn**

Vi starta i 2012 opp med tilsyn med samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet i kommunane. I 2013 har vi gjennomført tilsyn med sju kommunar. Tema har vore sivilbeskyttelseslova §§ 14 og 15, og forskrifta om kommunal beredskapsplikt. Vi fann avvik under seks av tilsyna.

## **Resultatområde 54 Beredskapsforberedelser**

### **54.1 Regional samordning - beredskapsforberedelser**

Fylkesberedskapsrådet hadde møte i januar, der tema mellom anna var oppfølginga av rapporten frå 22. juli-kommisjonen, naudnett, fylkes-ROS og kriseinfo.no. Vi har hatt tett kontakt med etatane i beredskapsrådet ved fleire uønskte hendingar i løpet av året. Under uvêret Hilde hadde vi telefonmøte i rådet seint fredag kveld 15. november. Den viktigaste saka var konsekvensane av at store delar av vegnettet var stengt på grunn av skred og flaum.

Forsvaret (HV) og dei frivillige organisasjonane er blant medlemene i fylkesberedskapsrådet. Vi hadde i løpet av året eit eige møte med leiaren for beredskapsutvalet i fylkeslaget av Norske kvinners sanitetsforening. Vi har hatt tett og god kontakt med Norsk Radio Relæ Liga, og i desember samarbeidde vi om ei øving med bruk av HF-radio.

Når vi har tilsyn i kommunane eller på andre måtar er i kontakt med dei, tek vi svært ofte opp samarbeidet med dei frivillige organisasjonane. Vi har understreka at det er viktig å bruke den ressursen som organisasjonane representerer. Vi oppmodar om å ta med organisasjonane i dei kommunale beredskapsråda. På same måte oppmodar vi om at kommunane òg tar med Heimevernet i råda. Vi har lagt vekt på at både dei frivillige organisasjonane og Heimevernet har kunnskapar og erfaringar som det er viktig for kommunane å nytte seg av i arbeidet med å lage risiko- og sårbarheitsanalysar.

Fritaksordninga for Forsvaret er følgd opp i tråd med forventningane som er stilte til oss.

Vi har delteke i fleire møte med Direktoratet for nødkommunikasjon (DNK), og har informert om naudnett til kommunane (både brann og helse). Vi har jobba mykje med naudstrøm i nettet. Vi har påpeikt at svært mange av vegtunnelane i fylket ikkje vil få naudnett og naudstrøm.

Vi har jamleg sendt situasjonsrapportar til DSB. Rapportane er delte i CIM.

## 54.2 Organisering for krisehåndtering

Beredskapsplanen til Fylkesmannen er oppdatert, og det ligg føre instruksar og planar for krypto- og sambandstenesta. Vi jobbar med nytt planverk og instruksar i samband med innføringa av nytt gradert meldingssystem. Vi har god dialog med Forsvaret i denne prosessen.

Vi brukar DSB-CIM aktivt i beredskapsplanlegginga og i krisehandteringa. Vi har hatt opplæring av eigne tilsette, og har hatt opplæring med fleire av kommunane. Vi er også brukarstøtte for kommunane i fylket. Tre kommunar har fått særskilt oppfølging i forkant av "Øvelse Tyr-2013".

## 54.3 Beredskapsplaner innen samfunnssikkerhet

Oppdatert liste over skjermingsverdige objekt er sendt til DSB, og vi har hatt møte med politiet og Forsvaret om dette temaet.

Kriseplanverket vårt er gjort kjent i organisasjonen, og alle som er tiltenkt ei rolle er kjende med dette. Vi øvde kriseorganisasjonen under øving "Tyr". Kriseorganisasjonen hadde eit eige evalueringsmøte etter infrastrukturøvinga i regi av NVE i 2012.

Vi har ein tett og god dialog med kraftnæringa, særleg gjennom distriktssjefen til kraftforsyninga (KDS). Vi har delteke på fleire møte med beredskapsorganisasjonen til selskapa i kraftforsyninga (KBO). Sårbarheit for svikt i straumforsyninga har vore eit viktig tema på møta. KDS har bidrege med innspel til kapittelet om kraftforsyning i fylkes-ROS. Ved søknader om konsesjon om bygging av kraftproduksjonsanlegg og linjer, tek vi opp forsyningstryggleik som tema når vi gir høyringsfråsegner.

Vi rettleier kommunane i beredskapsplanlegging. I 2012 starta vi eit læringsnettverk for beredskapsplanlegging, der vi inviterte med ti kommunar, Helse Førde og Sogn og Fjordane Røde Kors. Hovudmålet med nettverket var å heve kvaliteten på samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet i kommunane. Nettverket har medverka til å løfte kvaliteten på ROS-analysane og beredskapsplanane i kommunane. Vi hadde ei øving for kommunane i nettverket i september, og arbeidet i nettverket vart avslutta med ein større samfunnstryggleikskonferanse i november.

Kapittelet om atomberedskap er oppdatert i ny fylkes-ROS, og det vart skrive eit nytt kapittel om radon. Atomberedskap var òg eit tema i læringsnettverket for beredskapsplanlegging.

## 54.4 Øvelser

Vi har ein rullerande øvingsplan som viser kva kommuneøvingar vi har hatt og skal ha framover. Øvingsplanen tek mellom anna utgangspunkt i fylkes-ROS, evalueringsrapportar og andre innspel.

Vi deltok i den nasjonale varslingsøvinga i juni, under "CMX2013" og i ei varslingsøving i regi av Statens strålevern. Vi var responselle for ei øving i regi av Mattilsynet, og vi samarbeidde med Norsk Radio Relæ liga om ei sambandsøving i desember.

Vi deltok i planlegginga og gjennomføringa av "Øvelse Tyr-2013" (under leiing av Politidirektoratet). I tillegg deltok vi med fleire personar som evaluatarar og i øvingsstab. Politidirektoratet har avgjort at det ikkje skal haldast evalueringskonferanse etter øvinga slik det var planlagt, på grunn av store utfordringar for politidistriktet. Vi forstår at politidistriktet har utfordringar, men vi vil likevel peike på at læringsutbyttet blir avgrensa på denne måten. Når så mange instansar legg ned så store ressursar i ei øving, er det etter vårt syn viktig å gjennomføre ei evaluering som gjev best mogleg læringsutbyte.

Vi er medlem av øvingsutvalet i fylket, og hadde i 2013 fleire møte for å planlegge regionale øvingar.

## Resultatområde 55 Regional og kommunal krisehåndtering

### 55.1 Håndtering av uønskede hendelser og kriser

Vi har ein låg terskel for å involvere oss i ekstraordinære hendingar, og for å kalle saman heile eller deler av fylkesberedskapsrådet. Vi har vore involvert i mange uønskte hendingar i 2013, der brannen i Gudvangatunnelen, bussulukka i Sogndal, drapsaka i Årdal og uveret Hilde er dei største. Vi har støtta opp om kommunane si handtering av hendingane, og vi har vore involverte i evalueringane.

Vi brukar krisestøtteverktøyet CIM i handteringa av hendingane og til rapportering til sentrale styresmakter.

Vi har vidareformidla varsel om ekstremvær og flaum når DNMI og NVE har sendt ut slike. Rapportering er gjennomført når dette er pålagt, eller når vi meiner det nødvendig.

## Ressursrapportering

Vi har ingen vesentlege avvik.

Resultatområde	Kapittel 1510	Fagdep.
51.2 Vergemålsloven	kr 124 833,27	kr 2 405 340,84
51.9 Annen siviladministrasjon (rest 51)	kr 0,00	kr 0,00
52.1 Fri rettshjelp	kr 844 666,30	kr 36 414,05
52.9 Annet Borgerettigheter (rest 52)	kr 0,00	kr 0,00
53 Forebyggende samfunnssikkerhet	kr 749 621,89	kr 0,00
54 Beredskapsforberedelser	kr 720 385,27	kr 0,00
55 Regional og kommunal krisehåndtering	kr 339 216,48	kr 0,00
Andre oppgaver under JD	kr 14 366,00	kr 0,00
Sum:	kr 2 793 089,00	kr 2 441 754,00

## Kommunal- og regionaldepartementet

### Resultatområde 61 Samordning, omstilling og fornying i kommunene

#### 61.1 Kommunerettet samordning

I 2012 gjennomførte vi ei omlegging av dei faste møta med kommunane, frå enkeltvis til felles møte med tre til fem kommunar. I 2013 hadde vi fem felles kommunemøte. Fylkesmannen har på denne måten møtt 16 kommunar i 2013. I løpet av 2012 og 2013 har vi møtt alle kommunane i fylket, og vi er no i gang med å planleggje nye fellesmøte i 2014 og 2015. Då vil kommunereforma vere eit hovudtema.

Fylkesmannen møter dermed alle kommunane to gonger i valperioden. På møta deltek administrativ leiing, ordførar og andre folkevalde i kommunane. Tilbakemelding frå kommunane fortel at dei er nøgde med møteforma, og at dei set pris på å møte Fylkesmannen på denne måten. Men dei ønskjer framleis å møte Fylkesmannen enkeltvis ved behov. Vår interne evaluering av denne møteforma skjer i første halvår av 2014.

Den tverrfaglege interne gruppa for samordning av informasjon og felles tiltak i samhandlinga med kommunane (kommunegruppa) har i 2013 hatt fire møte. Gruppa utarbeider og oppdaterer kommunebilete (tverrfagleg overordna informasjon om kvar kommune), arrangerer den interne kommunedagen og evaluerer samhandlinga med kommunane.

I 2013 var kommunegruppa deltakar i prosjektet *Kommuneretta samordning*. Oppgåva var å kartlegge nettverk og møteplassar mellom Fylkesmannen og kommunane, og ressursbruken knytt til dette. (Tilsyn er tidlegare kartlagt og vart halde utanfor.) Mål for prosjektet var betre samordning for å sikre at viktige utfordringar vert teke opp i rett forum, og at vi får eit betre grunnlag for å prioritere bruken av ressursar. Kartlegginga viste at tal nettverk og ressursbruk er betydeleg redusert dei siste åra. Fleire av dei eksisterande nettverka må evaluerast.

Forsknings- og utviklingsprosjektet *Rapporteringskrav mot kommunane: eit nedanfrå-og-opp-prosjekt* vart

starta opp i 2013. Samarbeidspartar i prosjektet er Sogn og Fjordane fylkeskommune, Fylkesmannen, KS, Nav, Høgskulen i Sogn og Fjordane og Vestlandsforskning. Målet er fornying og effektivisering i dagens rapporteringsregime, noko som kan gagne heile det norske samfunn. Medan tidlegare forskingsprosjekt om rapportering har teke utgangspunkt i staten sitt perspektiv på kommunane, ønskjer dette prosjektet å sjå det frå kommunen sitt perspektiv. Vi vil undersøke korleis kommunane ser på omfanget, relevansen og nytten av rapporteringa. Forprosjektet har fått tildelt støtte frå Regionalt Forskingsfond Vestlandet.

Fylkesmannen har to faste kontaktmøte per år med KS i tillegg til den løpande kontakten.

Fylkesmannen sin årlege kommunekonferanse gjekk av stabelen i mai. Leiing, rekruttering og organisering i kommunane var hovudtema på konferansen.

Samling for rådmennene vart i samarbeid med KS gjennomført i september.

Fylkesmannen har faste møte på leiarnivå med Nav.

## 61.2 Omstilling og fornying i kommunene

I 2013 delte Fylkesmannen ut 4,8 mill. kroner av skjønnsmidlane til 19 offentlege fornyingsprosjekt. Det er krav om 50 % eigenfinansiering ved tildeling. Den samla ramma utgjorde såleis 9,6 mill. kroner. Samarbeid mellom kommunar er prioritert, og dette har gjort det mogeleg å få til større prosjekt. Tildelinga vart gjort i to omgangar, i januar og juni. Det blir lagt vekt på å spreie informasjon om ulike prosjekt som har fått fornyingsmidlar. Prosjekt har blitt omtala og presentert i møteplassar med kommunane.

Gjennom eit felles programstyre (Fylkesmannen, fylkeskommunen og KS) for fornying av offentleg sektor og IKT, er det felles tildeling av skjønnsmidlar og fylkeskommunale utviklingsmidlar til fornyingsprosjekt. Medrekna fylkeskommunale utviklingsmidlar vart det i 2013 tildelt 6,7 mill. kroner, fordelt på 24 prosjekt.

Vi har hatt samarbeidet med fylkeskommunen og KS sidan 2007. Totalt har vi i denne tida gjeve tilskot til 150 prosjekt, med i alt 65 millionar kr., der 45 mill. kr. er frå Fylkesmannen og resten frå fylkeskommunen. Fylkeskommunen har frå 2014 trekt seg ut av samarbeidet etter at rammene til regional utvikling vart vesentleg reduserte i statsbudsjettet. Fylkesmannen held fram tildeling av midlar til fornying og innovasjon, med KS som rådgjevar.

## 61.3 Samordning av statlig tilsyn

Vi har ei intern tilsynsgruppe der alle avdelingane er representerte. Føremålet med gruppa er å samordne Fylkesmannen sine tilsyn, kommunebesøk og forvaltningskontrollar mot kommunane, og å samordne tilsyn frå andre tilsynsetatar med tilsyn frå Fylkesmannen. Vi har nytte av å utveksle erfaringar mellom avdelingar i embetet og mellom Fylkesmannen og andre tilsynsetatar utover det å samordne tilsynsaktivitet.

Kvart andre år i januar månad legg vi opp til utvida koordineringsmøte, der vi inviterer dei eksterne tilsynsetatane Mattilsynet og Arbeidstilsynet. I tillegg deltek sekretariata for kontrollutvala i kommunane. Kvart år møter vi Sekretariata for kontrollutvala i kommunane.

Tilsynskalender og oversikt over møte og konferansar spesielt retta mot kommunar, vert lagt ut på nettsida vår. Ein gong per halvår sender vi brev til alle kommunane med oversyn over tilsyn, forvaltningskontrollar, rettleiingsmøte og andre møte med kommunane. Mattilsynet og Arbeidstilsynet får kopi av brevet.

Vi har eit godt samarbeid med dei andre tilsynsetatane, men det er ei utfordrande oppgåve å få til god koordinering og samordning av all tilsynsverksemd retta mot kommunane.

## Resultatområde 62 Kommuneøkonomi

### 62.1 Kontroll og godkjenning etter økonomibestemmelsene i kommuneloven

- I 2013 godkjende vi budsjett og økonomiplan for fem Robek-kommunar.

- Utanom Robek-kommunane har det vore gjennomgang av budsjett og økonomiplan for 22 kommunar.
- Vi handsama ein lånesøknad frå eit IKS og åtte kommunale garantisøknader.

## 62.2 Økonomiforvaltning - veiledning

Ved utgangen av 2013 var fire av dei 26 kommunane i fylket i Robek-registeret, Vik, Bremanger, Årdal og Lærdal. Flora kommune vart meldt ut av Robek i juli 2013 etter at rekneskapen for 2012 vart godkjent med inndeckning av resterande underskot. Årdal kommune vart meldt inn i mai etter at kommunen ikkje klarte å følge planen for inndeckning av underskot. Seinare vart vedtaket utvida grunna ubalanse i økonomiplanen og fordi inndeckning av underskot skulle skje over meir enn to år. Lærdal kommune vart meldt inn i juli etter ubalanse i økonomiplanen.

Fylkesmannen har i 2013 hatt åtte møte med kommunar der økonomi var tema. Dette kjem i tillegg til den løpande kontakten vi har med alle kommunane i fylket.

I samband med Kostra-rapporteringa for 2012 følgde økonomistaben tett opp kommunane under rapporteringsperioden. Kommunar som hadde mangelfull innrapportering fekk påminningar anten per e-post eller ved telefonkontakt. Kostra-skjema vart fordelt mellom avdelingane, og det vart knytt kontaktpersonar til dei ulike skjema.

Det er eit eige økonominettverk i fylket, der økonomisjefar og rekneskapsmedarbeidarar i kommunane i fylket vert samla. Kommunerevisjonen er også godt representert i nettverket. I 2013 hadde nettverket to samlingar. Tema i 2013 var m.a. korleis få til samheng mellom kommuneplan og økonomiplan/budsjett, regelverk om Robek, økonomistyring i kommunane med gjennomgang i bruk av Kostra og SSB-statistikkbanken. I tillegg er statsbudsjett, revidert nasjonalbudsjett og kommuneproposisjon faste tema i samlingane. Økonominettverket har eit eige område på våre nettsider: <http://fylkesmannen.no/Sogn-og-Fjordane/Kommunalstyring/Kommuneokonomi/Okonominettverket/>

## Resultatområde 63 Kommunalrett og valglov

Vi har gjeve generell rettleiing om kommunalrettslege spørsmål. Det har særleg vore spørsmål om habilitet, i tillegg til spørsmål om delegering, organisering og nyval til kommunale organ. Ein kommune etterlyser ein overordna rettleiar for intern delegering etter ulike lovverk.

Vi har ikkje i 2013 motteke nokon klager etter kommunelova § 60d fjerde ledd.

### 63.1 Kommunalrett

Vi har gjeve generell rettleiing om kommunalrettslege spørsmål. Det har særleg vore spørsmål om habilitet, i tillegg til organisering og nyval til kommunale organ. Det har og vore ein del spørsmål til reglane om lovlegkontroll.

#### Lovlighetskontroll

Embeter	Saker om lovlighetskontroll etter klage som det er truffet vedtak i			Lovlighetskontroll initiert av fylkesmannen			Vedr. habilitet	Vedr. lukking av møter
	Antall saker	Antall opprettholdt	Antall ulovelig	Antall saker	Antall opprettholdt	Antall ulovelig		
FMSF	4	2	2	0	0	0	0	1
<b>Sum</b>	<b>4</b>	<b>2</b>	<b>2</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>		

### 63.2 Valg

Vi har ikkje hatt aktivitet på området i 2013.

## Resultatområde 64 Forvaltningsloven og offentleglova i forhold til kommunesektoren

Vi har løpande rettleiing av kommunane om problemstillingar innan forvaltningsretten. Det er mest spørsmål om habilitet.

I 2013 har vi starta opp eit embetsprosjekt vi kallar *rettstryggleiksløftet*, med mål om å auka kunnskap og etterleving av grunnleggjande sakshandsamingsreglar både hjå Fylkesmannen og i kommunane. Som ledd i prosjektet har vi arbeidd med å opprette ei elektronisk løysing med ressursar for sakshandsaming, retta mot kommunane. Vi har også i samarbeid med ein pilotkommune utarbeidd materiale for å styrke sakshandsamingsrutinar og informasjonsflyt på enkeltområde.

Vi har i 2013 handsama tre klagesaker som gjaldt manglande dokumentinnsyn etter offentleglova. Ei av klagen vart teken til følgje. I tillegg har vi hatt fire saker som vart avslutta utan vedtak, sidan underinstansen gav innsyn medan saka var under klagehandsaming ved embetet. Vi har handsama fire klagesaker som gjaldt manglande dokumentinnsyn etter forvaltningslova. Tre av desse klagen vart tekne heilt eller delvis til følgje.

Vi har handsama ti krav som gjeld dekking av sakskostnader etter forvaltningslova § 36.

## Resultatområde 65 Kommuneinndeling og interkommunalt samarbeid

### 65.1 Kommuneinndeling

Vi har ikkje hatt aktivitet på området i 2013.

### 65.2 Interkommunalt samarbeid

Det er etablert fleire interkommunale samarbeid i fylket. Nye område for samarbeid i 2013 var m.a.:

- felles ROS-analyse for kommunar i Sunnfjord
- samarbeid mellom kommunane Vågsøy, Selje og Eid om foreldrerettleiing (sjumilssteget)
- kvalitets- og internkontrollsystem for kommunar i Sunnfjord og Ytre Sogn
- e-handel for kommunane i Sogn
- styrking av kompetansen i og rekrutteringa til sjukepleiarfaget

Samarbeidstiltaka er støtta med skjønnsmidlar.

## Resultatområde 66 Bolig- og bygningsrett

### 66.1 Byggesaker

Vi har handsama 116 byggjesaker i 2013. Talet var 146 for 2012. Gjennomsnittleg sakshandsamingstid for 2013 var 90 dagar per sak. Talet for 2012 var 97 dagar.

I 2013 fekk vi inn 81 saker frå eige fylke, medan taler på setjesaker var 34. Ved årsskiftet 2012/2013 hadde vi ein restanse på 28 saker, mot 31 ved årsskiftet 2011/2012.

Vi var ikkje innanfor fristen på tre månader sakshandsamingstid per 31.12.2013. I 2013 har vi hatt 45 saker over fristen. Blant desse sakene fordelte overskridinga seg slik:

- Avslutta innan 16 veker: 16 saker
- Avslutta innan 20 veker: 14 saker
- Avslutta innan 25 veker: 6 saker

- Avslutta innan 30 veker: 6 saker

I tillegg til desse overskridingane har vi hatt tre enkeltsaker som har blitt avslutta etter høvesvis 32, 36 og 46 veker.

### Forlenging av sakshandssamingsfrist

Vi har avtalt fristforlenging i medhald av plan- og bygningslova § 28-1 i ei sak. Handsamingsfristen vart einssidig forlenga av klageinstansen på grunn av "særlige tilfeller" i 29 saker. Vi har ikkje hatt saker i 2013 der vi har forlenga handsamingsfristen på grunn av undersøking på berrmark.

## 66.2 Saker om ekspropriasjon

I 2013 har vi handsama ei sak der det var klaga over vedtaket til kommunen om å oreigne til gjennomføring av reguleringsplan, jf. plan- og bygningslova § 16-2. Vidare har vi handsama ei sak der det var klaga over vedtaket til kommunen om å gje samtykke til å oreigne eit område som er avsett til felles avkøyrsløse i reguleringsplanen, jf. plan- og bygningslova § 16-5 andre ledd. Vi stadfesta vedtaket til kommunen i begge sakene.

Vi hatt to søknadar om samtykke til førehandsovertaking til handsaming i 2013. I begge sakene vart søknadane trekte fordi partane kom fram til minneleg semje.

I 2013 har vi også hatt ei klagesak til handsaming hjå Kommunal- og regionaldepartementet. Departementet stadfesta vårt vedtak om å gje samtykke til førehandsovertaking.

## 66.3 Klage etter eierseksjonsloven

### Klage etter eierseksjonsloven - antall

Embeter	Antall klager	Tatt til følge	Ikke tatt til følge	lovbestemmelser er vurdert under klagebehandlingen
FMSF	0	0	0	Vi har ikkje hatt slike saker i 2013.
<b>Sum</b>	<b>0</b>	<b>0</b>		

## 66.4 Klage på kommunalt vedtak om forkjøpsrett av leiegård

### Klage på kommunalt vedtak om forkjøpsrett av leiegård - antall

Embeter	Antall klager	Tatt til følge	Ikke tatt til følge	lovbestemmelser er vurdert under klagebehandlingen
FMSF	0	0	0	Vi har ikkje hatt slike saker i 2013
<b>Sum</b>	<b>0</b>	<b>0</b>		

## Ressursrapportering

Vi har ingen vesentlege avvik.

Resultatområde	Kapittel 1510	Fagdep.
62 Kommuneøkonomi	kr 601 460,91	kr 0,00
66 Bolig- og bygningsrett	kr 2 618 158,75	kr 0,00
Andre oppgaver under KR D	kr 545 490,51	kr 0,00
Sum:	kr 3 765 110,00	kr 0,00

## Arbeidsdepartementet

### Resultatområde 73 Sosiale tjenester

### **73.1 Lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen**

Vi har innan tre månader behandla alle klagesakene etter lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga.

Vi har gjennomført tilsyn med Kvalifiseringsprogrammet i to kommunar. Tilsyn med økonomisk stønad til personar med forsørgingsansvar for barn, er gjennomført i ein kommune. I tilknytning til dette tilsynet gjennomførte vi også læringstilsyn der seks kommunar deltok og utførte eigenkontroll på tenesta. Internkontrollplikta var eit sentralt tema i gjennomføringa av læringstilsynet.

Vi har halde desse opplæringane om lov, forskrift og rundskriv for Nav-kontora:

- ein dag om Kvalifiseringsprogrammet
- to dagar om økonomisk stønad
- to dagar om hjelp i naudsituasjonar og utlendingars rett og opplysning, råd og rettleiing.

Vi har i tillegg halde dagskurs for nyttilsette i Nav med innføring i denne lova og forvaltningslova.

Fylkesmannen er alltid, så langt det praktisk let seg gjennomføre, med på dei månadlege leiarsamlingane til Nav Sogn og Fjordane. På desse samlingane har vi ansvar for noko av programmet, og nyttar høvet til å ta opp ulike tema som vi meiner det er nødvendig eller nyttig å informere om eller å drøfte med Nav-leiarane. Døme er internkontrollplikta og erfaringar og resultat frå tilsyn. Vi har i tillegg ved fleire høve lagt vekt på Kvalifiseringsprogrammet i leiarsamlingane, med bakgrunn i at fylket har hatt ein nedgang i tal deltakarar.

### **73.2 Sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen – formidlingstiltak og kompetanseutvikling**

Rådgjevarar hjå Fylkesmannen og hjå Nav Sogn og Fjordane har hatt eit tett og godt samarbeid kring felles kompetanseplan for Nav-kontora. På denne måten sikrar vi at alle satsingsområde vert presenterte og gjort kjende for dei tilsette. Vi sikrar også samordning og koordinering. Vi har hatt samarbeidsmøte minst ein gong i månaden. I tillegg deltek Fylkesmannen på alle leiarsamlingar i Nav.

I fellesskap arrangerer Fylkesmannen og Nav Sogn og Fjordane fylkesdekkande fagdagar for Nav-kontora ein gong i månaden. Her tek vi opp sentrale tema som gjeld både kommunale og statlege tenester i Nav.

Fylkesmannen har ytt tilskot til Nav-kontor i samband med deltaking på "Mulighetskonferansen i Nav 2013". Sju Nav-kontor deltok.

I lag med Høgskulen i Sogn og Fjordane har vi arrangert tverrfagleg konferanse i rettleiing med 72 deltakarar frå ulike fagfelt.

### **73.3 Kvalifiseringsprogrammet**

Fylkesmannen og Nav fylke har felles kompetanseplan for Nav-kontora, og har arrangert fagdagar minst ein gong i månaden. Rådgjevarar frå Fylkesmannen og Nav fylke har hatt møte minst ein gong per måned for å planleggje samlingar og styrkje samarbeidet.

Fylkesmannen arrangerte samling på KVP-området i februar, med tema nytt rundskriv og kasuistikkar. Alle Nav-kontora deltok på samlinga. Vidare var det ei samling i august med KVP som tema, og reflekterande team som metode. Alle kontor i fylket har hatt tilbod om regionale fagdagar med arbeid med kasuistikkar og reflekterande team som metode. Dette er samlingar Fylkesmannen og Nav fylke arrangerer i fellesskap.

KVP har og vore tema på fleire leiarsamlingar i 2013, der vi har prøvd å få til refleksjon og diskusjon kring dette arbeidet.

Fylkesmannen har gjeve alle kontor i fylket tilbod om rettleiing og gjennomgang av saksporteføljen. I 2013 var det tre kontor som ønskte og fekk slikt tilbod.

Fire tilsette frå Nav-kontor var og med på samlinga med direktoratet i november, der sosial inkludering var hovudtema.



### 73.4 Utenrettslig økonomisk rådgivning

Fylkesmannen har i samarbeid med regionkontakten vår på området arrangert vidaregåande kurs over to dagar i økonomi- og gjeldsrådgjeving. Det var 15 deltakarar. Fire tilsette i Nav-kontor deltok på "ekspertkurs" i gjeldsrådgjeving arrangert av Fylkesmannen i Hordaland. Kurset var gratis, medan vi dekkja reiseutgiftene.

For å stimulere Nav-kontora til deltaking på den nasjonale konferansen "Penger til besvær", gav vi tilbod om tilskot ved deltaking. Seks kontor nytta tilbodet og deltok.

Alle Nav-kontor deltok i fagleg forum for økonomisk rådgjeving. Det har vore fire regionale nettverk i fylket, som har ulik møtefrekvens med frå to til seks møte i året. Nettverka har samarbeid med namsmennene.

Fylkesmannen har engasjert ekstern konsulent som Nav-kontora kan ringe til for å få rettleiing i gjeldssaker. Han tilbyr også besøk i kontora for å gi opplæring og rettleiing. Konsulenten har dessutan delteke på nokre møte i dei regionale nettverka. Han har arbeidd 90 timar i år.

To nye interkommunale prosjekt har fått midlar frå Arbeids- og velferdsdirektoratet til samarbeid om gjeldsrådgjeving dette året. Dette gjeld eitt prosjekt i Nordfjord (seks kommunar) og eitt i Indre Sogn (tre kommunar). Prosjektet i kommunane Årdal, Lærdal og Aurland, som starta i 2012, driv på framleis.

### 73.5 Boligsosialt arbeid

Fylkesmannen har informert om bustadsosialt arbeid på kommunekonferansen 2013, der rådmenn og politikarar var målgruppa. Tema var forventningar og krav som ligg i lovverket, og tilskotsordningar og hjelp som er å få frå Husbanken og statlege ordningar.

Fylkesmannen har vore med i programrådet for Husbanken sitt boligsosiale velferdsprogram for fylka Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane. I vårt fylke vart kommunane Flora og Førde plukka ut som deltakarar. Det har vore planleggingsmøte og to arbeidsmøte med kommunane årleg. Erfaringskonferanse er planlagt januar 2014, der alle kommunane i fylket er invitert.

I Sogn og Fjordane har fem kommunale prosjekt fått tilskot til bustadsosialt arbeid i 2013. Fylkesmannen følgde opp desse kommunane ved å etterspørje rapportering.

Bustadsosialt arbeid var og tema på leiarsamlingar for Nav-leiarar minst to gonger i 2013.

Det har vore vanskeleg å dokumentere resultatata kommunane har oppnådd. I Kostra er det vanskeleg å tyde tala fordi mange av kommunane ikkje rapporterer eller rapporterer feil.

I vår kontakt med Nav-leiarane seier dei at dei har klart å skaffe midlertidig bustad til alle som trong det. Dei rapporterer at dei ikkje har reelt huslause i sine kommunar, men at det er vanskeleg for dei med små økonomiske ressursar å skaffe bustad.

### 73.6 Barn og unge

To kommunar i Sogn og Fjordane har fått tilskotsmidlar til å etablere tiltak mot barnefattigdom. Fylkesmannen følgde opp desse med råd og rettleiing og rapportering.

I tillegg har barnefattigdom vore tema ved tilsyn med Nav-kontora i 2013, og på leiarsamlingane for Nav-leiarar to gonger.

Barnefattigdom og tilskotsordninga var og tema på kommunekonferansen 2013.

## Ressursrapportering

Vi har ingen vesentlege avvik.

**Resultatområde**

73.3 Kvalifiseringsprogrammet

**Kapittel 1510**

**Fagdep.**

kr 83 761,92 kr 625 306,43

73.9 Andre oppgaver – Sosialtjeneste (rest 73)	kr 515 925,28	kr 248 127,33
74 Tilsyn med sos. tj. i arbeids- og velferdsforv.	kr 347 163,53	kr 127 163,79
Andre oppgaver under AD	kr 9 644,53	kr 78 179,00
Sum:	kr 956 495,00	kr 1 078 776,00

## **Helse- og omsorgsdepartementet**

### **Resultatområde 76 Samhandling, kvalitet og helseberedskap**

Vi har prioritert arbeid i samsvar med embetsoppdrag.

#### **76.1 Samarbeid mellom kommune- og spesialisthelsetjenesten**

Fylkesmannen har ei brei kontaktflate mot helseføretak, kommunar og kommunale helsearbeidarar. Vi er engasjert i opplysningsarbeid om samhandlingsreforma. Vi tek for oss lovgrunnlag og praktiske konsekvensar for kommunane. Målgruppene er fleire typar helsepersonell, kommuneadministrasjon, politikarar og frivillige lag og organisasjonar. Vi har hatt møte med einskildkommunar og med grupper av kommunar, og halde konferansar for alle kommunane i fylket. Vi har hatt to konferansar for leiarar i helse- og sosialsektoren og to møte spesielt retta mot legar. I dette arbeidet har vi også nær kontakt med samhandlingskoordinatoren for Vestlandet med arbeidsstad hjå Fylkesmannen i Hordaland.

Helse Førde og kommunane i fylket har etablert ein formell struktur for samarbeidet mellom kommune- og spesialisthelsetenesta gjennom Koordineringsrådet. Fylkesmannen har ei observatørrolle i dette organet, og deltek aktivt.

Forum for helse, omsorg og folkehelse er ein arena for samarbeid med utgangspunkt i KS sin samarbeidsstruktur. Forumet er breitt samansett av representantar frå:

- Sogn og Fjordane fylkeskommune
- Høgskulen i Sogn og Fjordane
- KS ved representantar for dei fire regionråda i fylket og representantar frå rådmannsutvalet og sekretariatet
- brukarrepresentant
- Fylkesmannen si helse og sosial avdeling
- Samhandlingskoordinator for Vestlandsregionen.

Eit av måla med forumet er å samordne informasjon på tvers av nivå og etatar. Tema på møta er mellom anna gjennomgang av samhandlingsbarometeret, drøfting og innsamling av statistikk og samhandlingsavtalar mellom kommunar og helseføretak.

I kjølvatnet av Utøyatragedien har vi i samarbeid med RBUP Vest etablert kriseteamskule. Vi har delteke som innleiarar for kommunale team.

Vi har gjennom samarbeid med Helse Førde, KS, kommunane og andre lagt til rette for at Meldingsløftet i samhandlingsreforma vert godt organisert.

Fylkesmannen deltek også i andre samhandlingsforum mellom helseføretaket og kommunane, som til dømes temamøte mellom aktuelle kommunar. Fylkesmannen følgjer med på dei andre samhandlingsprosjekta i fylket. For å få til erfaringsutveksling har desse vore presenterte på ulike leiarsamlingar, samlingar for kommunar og for legar. I ein blogg har vi kommentert utviklinga av "Framtidens lokalsjukehus" i Nordfjord.

#### **76.3 Kvalitetsforbedring i helse og omsorgstjenesten**

Vi har ikkje hatt aktivitetar som tek opp kvalitetsstrategi som eige tema, men omgrepsapparatet og tankegangen i strategien vert nytta i dei fleste utoverretta aktivitetane våre. Kvalitetsarbeid er tema på nettverksamlingane for leiarar i helse- og omsorgstenestene som vi held to gonger i året. Internkontroll er eit viktig tema.

I 2013 har vi arrangert to læringsstilsyn. Læringsstilsyn går ut på at Fylkesmannen gjer systemrevisjon i ein tilsynskommune medan fleire omliggande kommunar gjer eigenkontroll på same tema i sine kommunar. Vi arrangerer felles før- og ettermøte for å dele erfaringane, og vi opplever at kommunane som gjer eigenkontroll,

hevar kvaliteten. Seks kommunar har hatt læringstilsyn om behandling av søknad om økonomisk stønad frå personar med forsørgingsansvar for barn. Fem kommunar har hatt læringstilsyn om rehabilitering i sjukeheim.

Fylkesmannen sitt nettverk for sjukeheimslegar planla to møte i året men vårmøtet vart avlyst. Haustmøtet om rehabilitering i sjukeheim samla ca 30 sjukeheimslegar.

Fylkesmannen arrangerte smittevernkonferanse også i 2013. Dette er dels av omsyn til sjølve smittevernet, men det er og eit tiltak for å bygge det samfunnsmedisinske nettverket i fylket. Smittevernkonferansen er tverrfagleg og engasjerer mange legar. Hovudtema var kommunale smittevernplanar basert på ei kartlegging gjort av Fylkesmannen. Vidare presenterte vi aktuell epidemiologisk oversikt over smittevernutfordringane i fylket og eksempel på praktisk smittevernarbeid i kommunane. Etter søknad har Helsedirektoratet gitt bidrag til denne konferansen.

Fylkesmannen og Helse Førde har hatt eitt kontaktmøte om vidare samarbeid om avvikssaker i spesialisthelsetenesta.

Vi har ikkje halde IPLOS-samlingar dette året. I vår handsaming av rettighetssaker etter lov om pasient og brukarrettar og lov om kommunale helse- og omsorgstenester etterspør vi IPLOS- kartleggingar i kommunane si sakshandsaming.

## **76.5 Felles digitalt nødnett**

Naudnettet er ikkje innført i fylket. I samarbeid med Helse Førde og Helsedirektoratet har vi delteke på fleire møte med kommunane om endringar i legevaktordning og legevaktsentralar, og om førebuing til bruk av naudnettsamband i akuttmedisinske tenester.

## **76.6 Helseberedskap og smittevern**

Vi har eit tett samarbeid med beredskapseininga hjå oss. Vi har fått tildelt midlar frå Helsedirektoratet for å etablere eit læringsnettverk for å heve kompetansen til kommunane på beredskapsarbeid. Vi har arrangert fire samlingar i 2013 og avslutta læringsnettverket like før jul. Vi har saman med beredskapsseksjonen arrangert ei tabletop-øving med ti kommunar. I tillegg har vi arrangert ei samling for alle 26 kommunane i fylket der vi gjekk gjennom fleire alvorlege hendingar som har skjedd i fylket i 2013, og såg på læringspunkt.

Fylkesmannen arrangerte smittevernkonferanse i 2013 i samarbeid med Helsedirektoratet og Helse Førde. Målgruppa var blant anna legar, helsesøstrer og andre med interesse for smittevernarbeid. I forkant av konferansen gjennomførte vi ei kartlegging av smittevernplanane i kommunane. Resultatet av kartlegginga blei presentert på konferansen.

## **76.7 Personell og kompetanse**

Fylkesmannen har i fleire forum informert kommunane om ny turnusordning for legar. I tillegg har vi hatt aktiv rettleiing over telefon. Vi har delteke saman med Helse Førde og KS i utarbeiding av ny samarbeidsavtale om turnusteneste for legar. Fylkesmannen har hatt to samlingar kvart halvår med grupperettleiing for turnuslegar. I tillegg har Fylkesmannen arrangert to kurs i offentleg helsearbeid for turnuskandidatar i medisin, fysioterapi og kiropraktikk. Målgruppe for kursa er kandidatar frå Sogn og Fjordane og Hordaland. Det var ca 70 deltakarar på kvart av kursa. Det vart og i november 2013 gjennomført kurs for fysioterapeutar som er rettleiarar for turnuskandidatar i Sogn og Fjordane. Kurset som var planlagt for rettleiarar for turnuslegar, vart utsett til 2014. Vi har vore i dialog med helseføretaket og diskutert om vi skal arrangere ei felles samling for rettleiarane i kommunehelsetenesta og sjukehus i 2014.

Vinteren og hausten 2013 arrangerte vi også kurs i akuttmedisin for turnuslegar saman med Helse Førde. Desse kursa hadde veldig god oppslutning, og fleire allmennlegar deltok også på kurset ettersom det var kapasitet til å ta imot fleire deltakarar.

Forum for helse, omsorg og folkehelse hadde tema om rekruttering og opplæringsbehov som tema på møtet i februar. Representantar frå KS og fylkeskommunen presenterte sine opplegg i Sogn og Fjordane, med spesielt blick på helsefagarbeidarkompetanse. Ein av kommunerepresentantane gjorde greie for tiltak i eigen region og om interkommunalt samarbeid på området. På eit seinare møte hadde ein representant for høgskulesektoren eit innlegg om ansvarsdeling for kompetanseheving mellom høgskulen og omsorgssektoren.

Alle kommunane i Sogn og Fjordane har fått midlar frå tilskotsordninga knytt til Kompetanseløftet 2015. Tilskotet har blitt nytta til å delfinansiere ulike utdanningar, både grunnutdanningar og vidareutdanning. Omfanget på søknadene utgjorde om lag tre gonger tilskotsramma for 2013. Utviklingssenteret i Sogn og Fjordane har gjort ein stor innsats med å få med mest alle kommunane i fylket på ABC-opplæring. Leiaropplæringa "Lederutdanning helse og omsorg - Kompetanseløftet 2015" har til no vore lite etterspurt. Dette kan mellom anna skuldast at fylket har andre gode leiarutdanningstilbod. Alle kommunane har rapportert resultat- og plantal. Nokre kommunar rapporterte ikkje innan fristen slik at purrerunde vart nødvendig. Delar av tilskotsmidlane vart også dette året nytta til utvikling av nye utdanningstilbod i regi av Høgskulen i Sogn og Fjordane. Fylkeskommunen fekk ikkje tildelt midlar frå Kompetanseløftet 2015 til utdanning av helsefagarbeidarar dette året. Dei hadde heller ikkje søkt på tilskotsordninga.

Ein tilsett hjå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane er i gang med utdanninga "Helse og omsorg i plan". Det er også gjeve informasjon om opplæringa på nettverksamling med leiarar i dei kommunale helse- og omsorgstenestene. Vi har samarbeidd med Utviklingssenteret for sjukeheimar og heimetenester og Helse Førde, om Pasienttryggleiksprosjektet. Kommunane har fått tilbod om deltaking i læringsnettverk med første samling i februar 2014.

## 76.8 Rettsikkerhetsarbeid

Kontroll med bruk av tvang og makt etter kapittel 9 i helse- og omsorgstenestelova. Fylkesmannen har følgd opp kommunane ved å minne om vedtak som har gått ut, og vi har godkjent vedtak om forlenging. Vi har og gjeve råd og rettleiing til leiarar, tenesteytarar og pårørande. I tillegg har vi delteke på habiliteringskonferansen til Helse Førde. Vi har og vore pådrivar til å få til desentralisert utdanning for vernepleie ved Høgskulen i Sogn og Fjordane.

Vi har dessutan hatt gjennomgang av relevant regelverk på årsmøtet til NFU.

## Resultatområde 77 Andre oppdrag

### 77.2 Fritak for forvaltningsmessig taushetsplikt

Saker om fritak for teieplikt gjeld i dei fleste tilfella søknad om fritak for fleire profesjonsgrupper, og også gjerne for fleire personar (typisk søsken) i same sak. Sjølv om sakene er samansette gir vi nedanfor ei oppsummering for kvar av lovene vi har behandla fritak for teieplikt for, sidan dette etter vårt syn gir god oversikt over området.

Saksbehandlingstida er kort, i dei fleste berre nokre få dagar. Saka med lengst behandlingstid brukte vi sju dagar på.

Oppsummert har vi i 2013 behandla fritak for teieplikt for 57 tilsette i forvaltninga. Sakene involverte tilsaman 39 privatpersonar.

Vi har behandla søknader for fem tilsette med teieplikt etter helse- og omsorgstenestelova i 2013. I tre av sakene var det ikkje nødvendig med fritak sidan det var gitt eksplisitt samtykke frå dei sakene omhandla.

Det kom inn søknader for 33 tilsette om fritak for teieplikt etter opplæringslova, for tilsaman 13 born. Fritak vart innvilga for alle.

Vi har behandla søknader for seks tilsette om fritak etter barnehagelova. Sakene gjaldt sju born. Alle blei innvilga.

Det vart søkt om fritak for teieplikt for 13 tilsette etter barneverntenestelova. Det var 14 barn involverte i sakene. Ei sak vart trekt, resten vart innvilga.

#### Fritak for forvaltningsmessig taushetsplikt

Embeter	Antall saker	Gjennomsnittlig saksbehandlingstid
FMSF	57	2
<b>Sum</b>	<b>57</b>	

### 77.3 Særfradrag

Vi har i 2013 hatt ei sak til handsaming. Sakshandsamingstida var ei veke. Det vart klaga på vår avgjerd, og saka blei sendt til Helsedirektoratet. Skatteytaren fekk avslag på klagen.

Særfradrag for utgifter til behandling utenfor den offentlige helsetjenesten. Antall saker og gjennomsnittlig saksbehandlingstid.

Embeter	Antall saker	Gjennomsnittlig saksbehandlingstid
FMSF	1	7
<b>Sum</b>	<b>1</b>	

### 77.4 Førerkortsaker

I 2013 har vi vore pådrivar i eit samarbeid mellom Fylkesmannen, Statens vegvesen og politiet. Dette samarbeidet har resultert i ein markant auke i tal personar som mista førarkortet av helsemessige årsaker. Vi har i tillegg hatt eit heildagsseminar om førarkort sett i eit samfunnsmedisinsk perspektiv. Vi har hatt tilsyn mot to legar på førarkortfeltet.

Førerkort. Antall saker og gjennomsnittlig saksbehandlingstid

Embeter	Antall saker	Gjennomsnittlig saksbehandlingstid
FMSF	770	22
<b>Sum</b>	<b>770</b>	

### 77.5 Pasientjournaler

Pasientjournaler. Antall saker.

Embeter	Antall
FMSF	0
<b>Sum</b>	<b>0</b>

## Resultatområde 83 Folkehelsearbeid

Informasjon om folkehelselova har vorte formidla på nokre samlingar i samband med planarbeid og i Planforum.

Fylkesmannen har gitt fråsegn til alle kommunale planstrategiar, planprogram og samfunnsplanar som vert lagt fram for oss, med tilvising til folkehelselova og ny plan- og bygningslov. Vi legg vekt på å gje råd til kommunane om at dei må skaffe seg oversiktsbilete over faktorar som fremjar og skader helsa i befolkninga. Vi legg og vekt på kravet til tverrfagleg vurdering i planarbeidet.

Vi har ikkje hatt eigne tiltak for å styrkje skulemiljøet i tråd med forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular. Helsedirektoratet har i 2013 gjennomført ei eiga kartlegging om miljøretta helsevern i barnehagar og skular.

Vi har informert om krav til kompetanse på forvaltning av alkohollova, men har ikkje arrangert eigne kurs om temaet.

Vi har delteke på sentrale samlingar om utarbeiding av rettleiar til tilsyn med folkehelse i kommunane. Vi har ikkje gjennomført pilottilsyn i vårt fylke.

I 2013 har vi ikkje hatt klagesaker om miljøretta helsevern til avgjerd i 2013.

### 83.1 Folkehelsearbeid

Fylkesmannen har hatt ei klagesak etter alkohollova. Sakshandsamingstida var under ein månad.

Vi har i 2013 ikkje gjennomført tiltak knytt til kommunane si forvaltning av alkohollova eller styrking av kommunane si kontrollverksemd. Vi gjennomførte slik samling i desember 2012, med deltaking frå om lag

halvparten av kommunane våre.

Folkehelsearbeidet og folkehelseleva har vore tema i Forum for helse, omsorg og folkehelse. Forumet er sett saman av representantar frå Sogn og Fjordane fylkeskommune, Høgskulen i Sogn og Fjordane, KS, Nav, Helse Førde, Fylkesmannen og representant frå brukarutvalet. Folkehelsearbeidet vart belyst frå ulike aktørar og ståstader, og lovkrava i folkehelseleva vart løfta fram spesielt i planarbeidet. Fylkesmannen har delteke i to samlingar for folkehelsekoordinatorar som fylkeskommunen har arrangert. Vi har informert om nye retningslinjer og strategiar på området frå helsedirektoratet

«Verdas tobakksfrie dag» 31. mai vart markert rundt om i fylket av kommunane ved helsesøstrer, vidaregåande skular og tannhelsetenesta. Temaet i år var forbodet mot reklame for tobakk. Fylkesmannen har etter søknad delt ut midlar til kommunane Høyanger, Førde og Fjaler, og til arbeidsgrupper som har nytta midlane til tiltak i ungdomskule og vidaregåande skule.

Mindre tobakksbruk er framleis eitt av satsingsområda til folkehelsegruppene ved dei vidaregåande skulane. Fleirtalet av skulane har vedteke røykfritt skuleområde, og fleire har tilbod om røykesluttkurs.

#### Tobakksfri-pris knytt til Fri programmet:

Etter loddtrekning har Fylkesmannen i 2013 delt ut 5000 kroner til fire skular, Selje, Gulen, Florø og Hafslo. Kriterium for å delta i uttrekkinga er at dei har med alle ungdomsskuleklassane i FRI-programmet. Sogn og Fjordane er på tredjeplass i landet på FRI-programmet med 81 % deltaking

Vi har gitt tilbod om eit dagskurs om ernæring for tilsette i helse- og omsorgstenesta. Dette er eit samarbeid mellom Fylkesmannen og Luster vidaregåande skule. Om lag 50 har delteke på kurset, og vi skal gi tilbod til alle kommunar i løpet av våren 2014.

Førebygging av rusproblem, vald og overgrep var hausten 2013 tema på ein stor konferanse med over 120 deltakarar. Tidleg intervensjon og førebygging var sentrale tema.

På Leiarnettverk for helse- og omsorgsleiarar i mai 2013 hadde vi innlegg om erfaringar med folkehelse og frisklivsarbeid frå leiaren ved frisklivssentralen og folkehelsekoordinatoren på Modum. På same konferansen blei det halde føredrag om fysisk aktivitet i eit folkehelseperspektiv av ein førsteamanuensis ved Idrettsseksjonen ved Høgskulen i Sogn og Fjordane.

## **Resultatområde 84 Kommunale helse- og omsorgstenester**

Ti kommunar har oppretta frisklivssentralar. Fylkesmannen har vore med på å arrangere konferanse om helsetenester i eit fleirkulturelt samfunn, og vi har gitt tilskot til opplæringstiltak om kjønnslemlesting.

### **84.1 Allmennlegetjenesten inkludert fastlegeordningen**

Fylkesmannen har gode kontaktpunkt med legar utanfor sjukehus, basert på kommunekontakt, nettverk for samfunnsmedisin, smittevernkonferanse og tilsynslegeforum (sjukeheim).

Det er ein aukande interesse for samfunnsmedisin i fylket. Fylkesmannen har eit eige nettverk for legar i samfunnsmedisinsk arbeid. I tillegg har vi samarbeidd med Legeforeningen om å etablere rettleiingsgrupper i samfunnsmedisinsk vidareutdanning for legar. Det er no to aktive rettleiingsgrupper i samfunnsmedisin med til saman 24 deltakarar.

Samfunnsmedisinsk møte for legar vart i år arrangert over to dagar for å gi rom for både formell og uformell kontakt mellom kommunelegane. Møtet var eit samarbeidsprosjekt mellom dei to utdanningsgruppene og Fylkesmannen. Hovudtema i år var akuttmedisinske tenester utafor sjukehus med vekt på legevaktfunksjon. Tema var elles: Rekruttering av legar, turnustenesta, e-Helse, fastlegeforskrifta, folkehelsesatsing, sjumilssteget til beste for barn og unge og tilsynserfaringar.

Vi arrangerte smittevernkonferanse også i 2013. Dette er dels av omsyn til sjølve smittevernet, men også eit tiltak for å bygge det samfunnsmedisinske nettverket i fylket. Smittevernkonferansen er tverrfagleg og engasjerer mange legar. Hovudtema var kommunale smittevernplanar basert på ei kartlegging gjort av Fylkesmannen. Vidare presenterte vi aktuell epidemiologisk oversikt og eksempel på praktisk smittevernarbeid i kommunane.

Det etablerte nettverket vårt for sjukeheimslegar samlar om lag 15- 20 sjukeheimslegar to gonger årleg. I år var tema for haustmøtet rehabilitering i sjukeheim, basert på fersk ny norsk doktorgrad om emnet. Møtet samla om lag 30 legar. I tillegg til eitt hovudtema blir det lagt til rette for erfaringsutveksling mellom kommunelegane.

Vi gjorde ei kartlegging av rekrutteringa og stabiliteten av fastlegar i fylket i januar 2013 og publiserte denne i helse-, omsorgs- og barnevernmeldinga. Det er framleis rekrutteringsvanskar i fleire kommunar. Det er også problem med å få legar til å bli verande i fylket. Det kom fram av kartlegginga at nær 20 prosent av fastlegane er vikarar. Ny kartlegging er gjort i 2014 og vil verte publisert i helse-, omsorgs- og barnevernmeldinga.

Fylkeslegen har også rettleia sær oppgåva til ein legestudent som har gjort ein studie på stabilisering av fastlegar i Sogn og Fjordane. Denne vil bli publisert som artikkel.

Gjennom samarbeidet med Helse Førde har vi også i 2013 arrangert to kurs i akuttmedisin for legar.

I tillegg til den direkte kontakten med fastlegane har vi møtepunkt med kommunane der legetenesta er tema. Vi har mellom anna teke for oss fastlegeforskrifta. Vi utarbeider også tilstandsanalyse der vi viser dimensjonering av legetenesta i sjukeheimane for kvar kommune. Vi viser også korleis kommunane dekkjer oppgåvene i førebyggjande arbeid i helsestasjon og skule, som mål på dimensjoneringa av bemanninga her.

#### **84.4 Helsetjenesten til innsatte i fengsel**

Vi har hatt møte med leiinga i Vik fengsel, kommunen, fengselssjukepleiar, fengselslege og psykiater og rusmiddelkonsulent frå spesialisthelsetenesta. Kriminalomsorga og kommunen har eit godt samarbeid med spesialisthelsetenesta om rus og psykiatri. Det er skriva ein samarbeidsavtale som vert føljt opp. Fengselet har eit godt samarbeid med legevakta i kommunen. Vik kommune ønskjer å inngå eit samarbeid med andre kommunar om interkommunalt legevaktssamarbeid. Dei tilsette i Vik fengsel er uroa over at dei då får dårlegare tilgang på nødvendig helsehjelp på kveldstid, natt og helg.

Den nye rettleiaren IS:1971 "Helse- og omsorgstjenester til innsette i fengsel" er kjent.

Vi har i 2012 ikkje hatt klagesaker frå innsette i fengsel. Kriminalomsorga og helsetenesta seier at legemiddelassistert rehabilitering og ny legevaksordning i kommunen er dei største utfordringane innan helse- og omsorgstenesta til innsette.

#### **84.6 Helse- og omsorgstjenester i et flerkulturelt samfunn**

Oversikt over bruk av tolk er teke ut av oppdraget, jf. brev i juli 2013.

Fylkesmannen har hausten 2013 delteke på seminar om Nasjonal strategi om minoritetshelse i Oslo.

Fylkesmannen har vore medarrangør og gitt støtte til fagdagar for tilsette ved helsestasjonar i Sogn og Fjordane. Fagdagan hadde minoritetshelse som overskrift. Seksuell helse, kjønnslemlesting og informasjon om tuberkulose var tema. Kurset var meritterande for helsesøstrer og jordmødrer. Det var deltaking frå alle kommunane i fylket.

#### **84.8 Forebyggende helsetjenester**

Fylkesmannen har på fleire samlingar tatt opp frisklivssentralar. På Leiarnettverk for helse- og omsorgsleiarar i mai 2013 hadde vi innlegg om erfaringar med folkehelse og frisklivsarbeid frå leiaren ved frisklivssentralen og folkehelsekoordinatoren i Modum. På same konferansen var fysisk aktivitet i eit folkehelseperspektiv tema for eit foredrag. I november var alle kommunane i Sogn og Fjordane som har oppretta eller planlegg å opprette frisklivssentralar, inviterte til seminar med erfaringsutveksling og diskusjon om korleis dei arbeider med utviklinga av sentralane i vårt fylke. Fylkesmannen gjekk gjennom ny rettleiar for frisklivssentralar. Tre til fire kommunar i Sogn og Fjordane har hatt deltakarar på kurs for frisklivssentralar i Bergen.

På leiarnettverk for helse- og omsorgspersonell tok vi opp "forsvarleg helse- og omsorgsteneste". Helsetilsynet hadde foredrag om kva tilsynet ser etter og om korleis ein sikrar forsvarlege tenester i tråd med lover og forskrifter.

#### **84.11 Tannhelse**

Fylkesmannen deltek saman med tannhelsetenesta, opplæringsavdelinga og Nasjonalforeningen for folkehelse i ei ressursgruppe om ernæring og tobakk. Vi samarbeider med tannhelsetenesta på fleire område om førebygging av tobakksbruk og betre kosthald. Det er utarbeidd eit dagskurs innan ernæring (teori og praktisk) for tilsette i helse- og omsorgstenesta. Dette er eit samarbeid mellom Fylkesmannen og Luster vidaregåande skule og tannhelsetenesta. Tannhelsetenesta samarbeider med Fylkesmannen om markering av Verdens tobakksfrie dag. Tannhelsetenesta har og kontakt med Fylkesmannen for å utvikle samarbeidet med pleie- og omsorgstenesta i kommunane.

## 84.12 Habilitering og rehabilitering, individuell plan og koordinator

Vi har eigen artikkel i Helse-, omsorg- og barnevernmeldinga om kartlegging av koordinerande eining i kommunane.

Fylkesmannen har i 2013 ført tilsyn med rehabilitering av slagpasientar i tre kommunar. I tillegg har vi hatt læringstilsyn med seks kommunar, inkludert ein av dei kommunane som hadde systemrevisjon. Ved læringstilsynet er internkontroll-forskrifta tema for gjennomgang i tillegg til relevant lovverk som er aktuelt for eigenkontrollen dei skal gjennomføre. Dette gjeld lov om kommunale helse- og omsorgstenester, forskrift om individuell plan og forskrift om habilitering og rehabilitering. Kommunane som deltek i læringstilsyn, gir tilbakemeldingar om god læringseffekt.

I tillegg vert tilsynstemaet teke opp på leiarnettverk for helse- og omsorgstenesta. Fylkeslegen formidla erfaringar frå tilsyna i eit læringsperspektiv for at fleire kan få delt kunnskap om dei erfaringane som kjem fram i tilsynsarbeidet.

På leiarnettverket i mai var kvardagsrehabilitering tema, med innlegg om erfaringar frå Voss og frå Arendal. Vidare var det gjennomgang av stortingsmelding nr. 10. *God kvalitet og trygge tenester* ved representant frå Helsedirektoratet. Dessutan var det innlegg om interkommunalt samarbeid om rehabilitering av slagpasientar i kommunehelsetenesta. Frå vårt fylke hadde vi og presentasjon av Inn på tunet, som er eit rehabiliteringstilbod i nokre kommunar. Fylkesmannen har og skrive artikkel om læringstilsynet i Tilsynsmeldinga til Statens helsetilsyn.

Rehabilitering har og vore tema for forum for tilsynslegar i Sogn og Fjordane i 2013.

## 84.13 Omsorgsplan 2015

Vi har i 2013 arrangert to nettverksamlingar for leiarar i helse- og omsorgstenestene. Ulike tema og tiltak knytt til Omsorgsplan 2015 har vore teke opp på desse samlingane. Fylkeslegen nyttar denne møteplassen til å informere om aktuelle saker frå helse- og omsorgssektoren, og om utfordringar og forventningar til kommunane sett frå vår ståstad. Samlingane er også ein møtestad der Helse Førde, Høgskulen i Sogn og Fjordane og Utviklingssenteret har høve til å orientere om aktuelle tema.

På samlinga i mai 2013 var førebygging, frisklivsarbeid og fysisk aktivitet i alle aldrar eit av temaa. Dei ansvarlege for tenestene på Voss og i Arendal heldt innlegg om sine erfaringar med tilrettelegging av kvardagsrehabilitering. Vi hadde invitert kommunane Stord og Bømlo til å snakke om sine interkommunale samarbeid om rehabilitering av slagpasientar i kommunehelsetenesta. Vidare var pasienttryggleik tema på denne samlinga, mellom anna orientering frå Utviklingssenteret for sjukeheimar og heimetenester og Helse Førde om pasienttryggleikprosjekta "Legemiddelhandtering i sjukeheimar" og "Førebygging av urinvegsinfeksjonar". Praktiske døme på dagtilbod for demente som del av Inn på tunet-ordninga, var også tema på vårsamlinga.

På haustsamlinga gjorde Barstad og Svensen greie for Stortingsmelding 29 - *Morgendagens omsorg*. Pasienttryggleik og forvarlege tenester, informasjonstryggleik og elektronisk meldingsutveksling mellom sjukehus og kommunehelsetenesta var også tema på denne samlinga. NRK-journalist Noralf Pedersen snakka om egne erfaringar med å vere pårørande i eldreomsorga.

Vi har delteke på Helsedirektoratet sine kontaktmøte om Omsorgsplan 2015. Samarbeidet med Utviklingssenteret for sjukeheimar og heimetenester fungerer godt, og vi har delteke på møte i fag- og samarbeidsrådet. Deltaking på regional nettverksamling med utviklingssentera og regionalt senter for omsorgsforskning vart ivareteke av ein tilsett hjå Fylkesmannen i Rogaland dette året. Ho tok opp saker etter innspel både frå oss og fylkesmennene i Hordaland og Rogaland. I mai 2013 deltok vi på samarbeidsmøte med Husbanken, i Bergen. Det er liten byggeaktivitet og lite etterspurnad etter investeringstilskot i Sogn og Fjordane.



Det er gitt tilbod om eit dagskurs innan ernæring (teori og praktisk) for tilsette i helse- og omsorgstenesta. Dette er eit samarbeid mellom Fylkesmannen og Luster vidaregåande skule. Om lag 50 personar har delteke på kurset, og det skal gjevast tilbod til alle kommunar i løpet av våren 2014.

## 84.14 Psykisk helse og rus

Fylkesmannen har i 2013 forvalta tilskot til etter- og vidareutdanning i rusarbeid. To kommunar søkte og fekk tilskot. Tre kommunar har fått tilskot til utvikling og utprøving av samhandlingsmodellar på rusfeltet frå ny tilskotsordning.

Rusfagleg forum er eit veletablert forum som har to samlingar over to dagar vår og haust. Dette er eit forum for alle som arbeider på rusfeltet i fylket. Spesialisthelsetenesta er med i planlegginga saman med høgskulen, Helse Førde, KoRus Vest, Rusettervernet og kommunerepresentantar. Invitasjon går ut til ei brei målgruppe i kommunane, i tillegg til brukarorganisasjonar, Nav og politiet.

Tema for samlinga våren 2013 var "Den følsomme hjernen", nevro-affektiv utviklingspsykologi m.m. Dette var ei to dagarssamling i samarbeid med høgskulen, og det var ca 130 deltakarar.

Hausten 2013 arrangerte vi konferansen *Rus, vald og overgrep i nære relasjonar*. Denne samlinga gjekk over to dagar og hadde omlag 130 deltakarar.

Vi har to til tre gonger i året eit samarbeidsforum som vi kallar Ressursgruppe rus. Her deltek representantar frå Helse Førde, KoRus, høgskulen, Rusettervernet, kommunane og Fylkesmannen. Vi har hatt to slike møte i 2013.

Våren 2013 gav vi reisebidrag til dei kommunane som ønskte å delta på den store ruskonferansen i Trondheim. Det var berre to kommunar som deltok.

Våren 2013 vart det i samarbeid med Kompetansesenter rus arrangert samlingar for kommunane om brukarplan.

Hausten 2013 vart det arrangert eit to dagars kurs om blandingstilstandar prega av psykisk lidning og psykiatri: «Kunnskap og samhandling om rus og psykiske lidningar». Bergensklinikkane hadde det faglege ansvaret. Fylkesmannen gav eit reisebidrag til dei kommunane som ville delta, og det var ti deltakarar frå fire kommunar.

Det har vorte arrangert prosessgruppe i rus og psykiske lidningar her i fylket i samarbeid med KoRus Bergen med tre samlingar frå april til september. Det har delteke 32 personar på desse tredagarssamlingane, og samlingane var difor fullteikna.

I samarbeid med Fylkesmannen i Hordaland og KoRus Bergen har det hausten 2013 vorte arrangert ei seminarrekke for skriving av ruspolitiske handlingsplanar.

Vi har forvalta tilskotsmidlar til tverrfagleg vidareutdanning i psykisk helsearbeid og psykososialt arbeid med barn og unge. Vi har samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane og deltek i referansegruppa for utdanningane.

Vi har formidla kontakt mellom Sintef og kommunane i fylket i samband med rapportering IS-24/2012.

Vi har godkjent rapportering i samsvar med IS-8/2012

## Resultatområde 85 Spesialhelsetjeneste

Fylkesmannen har prioritert lovpålagte oppgåver som gjeld rettane til enkeltpersonar, klagebehandling av vedtak etter psykisk helsevernlova om behandling utan eige samtykke.

### 85.1 Abort- og steriliseringsnemndene

Vi har ikkje hatt saker.

### 85.3 Lov om transplantasjon

Antall saker

Embeter	Antall
FMSF	0
<b>Sum</b>	<b>0</b>

## 85.4 Tillatelse til å rekvirere sentralstimulerende midler

Tillatelser til å rekvirere sentralstimulerende legemidler. Antall saker og gjennomsnittlig saksbehandlingstid

Embeter	Antall saker	Gjennomsnittlig saksbehandlingstid
FMSF	75	3
<b>Sum</b>	<b>75</b>	

## 85.5 Kosmetisk plastikkirurgiske inngrep

Kosmetisk plastikkirurgiske inngrep. Antall saker og gjennomsnittlig saksbehandlingstid

Embeter	Antall saker	Gjennomsnittlig saksbehandlingstid
FMSF	0	
<b>Sum</b>	<b>0</b>	

## 85.8 Behandling av klager etter psykisk helsevernloven

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane handsama 13 klagesaker etter psykisk helsevernlova i 2013. Handsamingstida var to dagar.

## 85.9 Øvrige oppgaver knyttet til det psykiske helsevernet

Vi har i 2013 ikkje hatt dispensasjonssøknader om fagleg ansvarleg for vedtak i psykisk helsevern. Vi har heller ikkje hatt andre dispensasjonssøknadar.

Vi rapporterer liste over godkjente psykiatriske poliklinikkar og fagstillingar til HELFO to gonger i året, i samsvar med gjeldande rundskriv. To av dei vaksenpsykiatriske poliklinikkane har ikkje rapportert dei to siste åra. HELFO gir oss ikkje tilbakemelding på dette.

## 85.10 Kontrollkommisjonsoppgaver

Fylkesmannen har oppnemnt medlemmer til kontrollkommisjonane og sendt kopi av oppnemningane til HelseDirektoratet. Vi har forvalta tilskotsmidlane og arkivert dokument frå kommisjonane.

## 85.11 Hjemsendelse, hjemhenting og gjennomføring av tvungen psykisk helsevern for pasienter som ikke har bosted i riket

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har inngått eit samarbeid med Fylkesmannen i Hordaland på dette området. Fylkesmannen i Hordaland handsamar saker som gjeld vårt fylke.

## Ressursrapportering

Vi har ingen vesentlege avvik i ressursrapporteringa.

Vi har betalt ut kr 1.816.946,- i godtgjersle til kontrollkommisjonen.

82 Tilsyn og klagesaksbeh. etter helsetj. loven	kr 2 994 210,19	kr 101 731,07
83 Folkehelsearbeid	kr 375 521,35	kr 0,00
83.1 Folkehelsearbeid generelt	kr 0,00	kr 0,00
83.2 Tilsyn etter folkehelseloven	kr 4 120,50	kr 0,00
84 Kommunale helse- og omsorgstjenester	kr 2 641 758,94	kr 670 266,42
85 Spesialhelsetjenesten	kr 71 859,22	kr 1 629 558,80
76 og 77 Kvalitet og samhandling og Andre oppdrag	kr 911 139,82	kr 2 825,64
Andre oppgaver under HOD	kr 310 435,71	kr 73 580,23
Sum:	kr 7 309 045,00	kr 2 477 962,00

## Samferdselsdepartementet

### **Resultatområde 91 Oppdrag for Samferdselsdepartementet**

#### **91.1 Avkjørselssaker etter vegloven**

Vi har ikkje avslutta saker etter veglova i 2013.

#### **91.2 Konesjon til anlegg og drift av taubaner**

Vi har behandla desse sakene etter kvart, og vi har ikkje hatt klagesaker i 2013 heller.

## Utenriksdepartementet

### **Resultatområde 92 Oppdrag for Utenriksdepartementet**

#### **92.1 Apostiller**

Apostillesaker vert handsama fortløpande. Publikum kan få ordna slike saker både på Statens hus på Leikanger og ved Fylkesmannen si avdeling i Førde. I 2013 vart det skriva ut 821 apostiller, mot 1981 i 2012.

#### **92.2 Forberedelse av saker om honorære konsuler**

Vi har ikkje hatt slike saker til handsaming i 2013. Fylkesmannen i Hordaland handsamar dei sakene som gjeld både Hordaland og Sogn og Fjordane.

## Kulturdepartementet

### **Resultatområde 95 Tros- og livssynssamfunn**

I 2013 vart det utbetalt 373 892 kroner i statstilskot til registrerte og uregistrerte trussamfunn, mot 263 845 kroner i 2012.

I 2013 fekk vi ingen klager på fastsett statstilskot. Vi fekk heller ingen klager over kommunale tilskot.

I 2013 fekk vi ingen søknader om godkjenning av trus- eller livssynssamfunn. To trussamfunn fekk ny prest eller forstandar.

## **Fornyings-, administrasjons- og kirkedepartementet**

### **Resultatområde 93 Konsultasjonsprosedyrer mellom statlige myndigheter og Sametinget**

Resultatområdet er ikkje aktuelt for oss.

### **Resultatområde 96 Gravferdsloven**

I 2013 handsama vi 24 søknader om oskespreiing, mot 17 i 2012. Vi avslo ein søknad.

Vi fekk ingen søknader om privat gravplass i 2013.

I 2013 handsama vi ingen klager over kommunale enkeltvedtak.

### **Resultatområde 97 Lov om helligdager og helligdagsfred**

I 2013 behandla vi 10 søknader om søndagsopne butikkar, mot 13 i 2012. Vi godkjende 9 søknader i 2013, det same som i 2012.

Skei i Jølster kommune og Korssund i Fjaler kommune vart godkjende som typiske turiststader i sommarsesongen.

### **Resultatområde 98 Oppdrag på det administrative området**

Vi viser til rapportering på dei ulike underpunkta.

#### **98.0 Helhetlig og strategisk ledelse**

Vi viser til brev frå FAD om "Fylkesmannens årsrapportering for 2013 - informasjon fra FAD" datert 18. desember 2013, der det står at vi skal rapportere på heilskapleg og strategisk leiing i kapittel 1.

#### **98.1 Rekruttere, videreutvikle og beholde medarbeidere**

Tal tilsette og årsverk pr 31.12.13: 135 tilsette. Dette utgjer 127,6 årsverk.

Totalt sjukefråvær: 4,12 prosent

Legemeldt: 3,12 prosent

Egenmeldt: 1 prosent

Samla gjennomtrekk: 3,88 prosent

Samla gjennomtrekk korrigert for naturleg avgang: 3,88 prosent

IA-området:

Lokal IA-avtale er frå 2011, og vi reviderer vår avtale når overordna føringar vert klare. Sjukefråværet ved embetet var 4,91 prosent i 2012, og 4,12 prosent i 2013. I den lokale IA-avtalen hadde vi sett som mål å komme under fire prosent i løpet av perioden. Vi har avtale med bedriftshelseteneste og brukar denne aktivt, både ved førebygging og i oppfølging av sjukemelde. I 2013 har vi investert i heve- og senkebord for alle tilsette. Vi oppfordrar tilsette til fysisk aktivitet ved å tilby felles trening ein gong i veka, og vi refunderer ein sum til treningsavgift.

Vi har ikkje eigne måltal for rekruttering av innvandrarak. Ved ledige stillingar nyttar vi standardteksten frå staten om mangfald, men vi har få søkjarar med innvandrarbakgrunn. Dårlige norskkunnskapar har gjort det vanskeleg å tilsette søkjarar med utanlandsk opphav til saksbehandlarstillingar. Vi viser til meir informasjon om dette under punkt 98.4.

Vi har heller ikkje eigne måltal for rekruttering av medarbeidarar med nedsett funksjonsevne. Søkjarar opplyser ikkje om at dei har nedsett funksjonsevne, og det er difor også vanskeleg å fange dei opp i tilsetjingsprosessar. Vi har medarbeidarar i denne kategorien, men dei er tilsett gjennom vanlege tilsetjingsprosessar.

Vi har eit mål om å opne for arbeidspraksis og utprøving av arbeidsevne for inntil tre personar kvart år. I 2013 har vi hatt ein person i arbeidspraksis gjennom heile året. Vi var i kontakt med Nav Førde med førespurnad om ein person med nedsett funksjonsevne under 30 år, men det lykkast ikkje å få på plass denne personen i år. Vi har no ein avtale med Nav Leikanger, og får ein ny medarbeidar i arbeidspraksis i løpet av mars.

Vi har ein tydeleg livsfasepolitikk som vi brukar aktivt som eit gode for våre tilsette. Vi har ein god og føreseieleg praksis, m.a. for bruk av velferdspermisjon. Vi legg til rette for livsfasepolitikk ved å ha fleksibilitet for alle tilsette, noko som og kjem seniorane våre til gode. Vi har difor valt å ikkje avtale ekstra fridagar for seniorane, eller andre tiltak som er retta spesielt mot denne gruppa. I medarbeidarsamtalen blir tilsette over 60 år spurde om kva dei meiner er viktig for å halde fram i jobben fram til pensjonsalder.

I 2013 har vi hatt ein IKT-lærling som tok fagbrev i desember 2013. Vi tek inn lærling og trainee annankvart år.

Tilsatte med innvandrerbakgrunn

Tilsatte med innvandrerbakgrunn

Embete	Antall 2012	% 2012	2013	% 2013
FMSF	4	3,15	5	3,76
<b>Sum</b>	<b>4</b>	<b>0</b>	<b>5</b>	<b>0</b>

## 98.2 Risikostyring

Vi viser til brev frå FAD om "Fylkesmannens årsrapportering for 2013 - informasjon fra FAD" datert 18. desember 2013, der det står at vi skal rapportere på risikostyring i kapittel 1.

## 98.3 Medvirkning

Vi viser til resultatområde:

### Rapportering

Fylkesmannen skal i årsrapporten:

- Ingen rapportering

## 98.4 Likestilling og likeverd

### Kunngjering og tilsetting i leiarstillingar i 2012 og 2013

Dei to siste åra har vi lyst ut tre leiarstillingar. Det vart tilsett 66 prosent kvinner og 33 prosent menn i stillingane. Vi viser elles til tabelloversikt som viser leiarar med personalansvar og fordeling kjønn pr 31.12.13.

**Lønn**

		Kjønnsbalanse			Lønn	
		m%	k%	Totalt(N)	m (kr/%)	k (kr/%)
Embetsledelse/direktør	2013	50,0	50,0	100	100	91,7
	2012	57,0	43,0	100	100	93,0
Seksjonssjef/ass. direktør	2013	71,0	29,0	100	100	110,4
	2012	57,0	43,0	100	100	121,0
Saksbehandler I	2013	65,0	35,0	100	100	102,1
	2012	71,0	29,0	100	100	91,0
Saksbehandler II	2013	34,0	66,0	100	100	99,7
	2012	35,0	65,0	100	100	98,0
Kontorstillinger	2013	38,0	62,0	100	100	103,2
	2012	30,0	70,0	100	100	100,0
Fagarbeiderstillinger	2013	0,0	100,0	100	100	100,0
	2012	0,0	100,0	100	100	100,0
Unge arb.takere inkl lærlinger	2013	100,0	0,0	100	100	100,0
	2012	100,0	0,0	100	100	100,0
Totalt i embetet	2013	51,1	48,9	700	100	100,4
	2012	50,0	50,0	700	100	100,6

**Deltid**

		Deltid		Midlertidig		Foreldreperm.		Legemeldt fravær	
		M%	K%	M%	K%	M%	K%	M%	K%
Totalt i virksomheten	2013	12,5	87,5	85,7	14,3	27,0	73,0	33,3	66,7
	2012	22,9	77,1	76,9	23,1	25,0	75,0	25,0	75,0

**Ansatte**

	Ledere med personalansvar			Medarbeidere			Lønn		
	2013	M%	K%	Totalt	M%	K%	Totalt	M%	K/M i %
FMSF	55,0	45,0	100	40,0	60,0	100	100	94,4	

**98.5 Føringer på IKT-området**

**EDU - Elektronisk dokumentutveksling**

Vi har i 2013 halde fram arbeidet med å auke bruken av elektronisk dokumentutveksling (EDU) i det offentlege, mellom anna ved dialog med sentrale styresmakter. Fleire sentrale styresmakter har teke i bruk løysinga, men det er framleis ei utfordring at mange embete ikkje nyttar EDU aktivt. Det er og utfordrande at FAD ikkje har satsa på EDU i eigen organisasjon.

**GIS**

I sakshandsaming vert [www.fylkesatlas.no](http://www.fylkesatlas.no) nytta som kartløyising. Løysinga er eit samarbeid mellom embetet og Sogn og Fjordane fylkeskommune der dei to organisasjonane har eit felles ansvar for drift og utvikling av løysinga. Mange kommunar i Sogn og Fjordane nyttar og same løysing.

På oppdrag frå Miljødirektoratet drifrar, forvaltar og vidareutviklar vi Lakseregisteret i tillegg til Sjøfangstregisteret. Begge løysingane brukar kart/GIS.

**98.7 Trippelnett**

**Status**

Trippelnett hadde i 2013 eit delt leiarskap der ein tilsett i staben hadde ansvaret for nye løysingar basert på Episerver, medan IKT-seksjonen hadde ansvar for Digimaker-baserte løysingar. Gjennom året var det tett dialog med FAD kring status og utfordringar på fylkesmannen.no som er basert på Episerver. Vi viser til dialog om dette i statusmøte og korrespondanse i dei ulike sakene.

## **Drift og forvaltning**

Oppdatering av innhald og funksjonalitet for fylkesmannen.no er implementert i tilknytning til månadlege maskin- og programvareoppdateringar i publiseringsløysinga. Ved kvar ny versjon har vi på trippelnettsida på FM-nett informert om endringar og status. På denne sida er det også oppretta eit eige meny punkt for Episerver-brukardokumentasjon. Vi viser til FM-nett for meir informasjon.

## **Utfordringar**

Drift av to parallelle publiseringsløysingar legg føringar på ressursar og kapasitet, samstundes som forventningar i dei ulike embeta ikkje reflekterer denne situasjonen. Trippelnett har avgrensa kapasitet og ressursar til å setje i verk utviklingsoppgåver av større omfang, samstundes som det i dei ulike embeta er forventningar til at det på fylkesmannen.no vert utvikla og implementert fleire elektroniske løysingar og tenester. Det har vore semje om at vi skal nytte styret i fylkesmennes kommunikasjonsforum som referanseråd for trippelnett si prioritering mellom større vidareutviklingsoppgåver.

## **Overgang Portalprosjekt => Trippelnett**

Portalprosjektet vil overføre nye intranettsider i fleire bolkar, og overføringa av ekstranett vil skje ved avslutninga av prosjektet. Førebels tidsramme for overleveringa er juli 2014. Ulike løysingar for intranett vil aktualisere forventningar til vidareutvikling på grunn av ulik lokal utforming og innhald.

Vi viser til fullstendig rapport for trippelnett per august 2013 for fleire detaljar.

## **98.8 Sentral drift av Fri rettshjelp-ordningen**

### **Status**

Vi er ansvarleg for drift og forvaltning av den elektroniske skjemaløysinga for fritt rettsråd. I tillegg til å forvalte dei ulike leverandøravtalane i løysinga, skal vi gje dei andre embeta generell rettleiing og opplæring i bruken av systemet, sørgje for god brukarrettleiing til dei eksterne brukarane av systemet, og vurdere vidareutvikling av løysinga. Etter lansering av ny versjon hausten 2012 har vi i 2013 marknadsført den nye versjonen og drive opplæring i endringane for å stimulere til auka bruk. Vidare har vi gjort forbetringar og justeringar av den nye versjonen ut frå tilbakemeldingar frå brukarane. Vi har også lagt planar for ei teknisk oppgradering av løysinga med start i første kvartal 2014.

### **Vidare utvikling**

Det vart gjennomført møte mellom oss, FAD og JBD i februar 2013 der utfordringar og ambisjonar knytt til den vidare utviklinga av den elektroniske skjemaløysinga var tema. Før møtet sende vi ut eit notat om moglege vidareføringar av løysinga. Fleire av vidareføringane inneber å gje nye brukargrupper tilgang til systemet. Vi har utarbeidd to notat der vi har kome med framlegg om at advokatsekretærar, privatpersonar og tolkar kan ta i bruk løysinga. Desse er til vurdering hjå JBD.

### **Utfordringar**

I 2013 kom om lag 44 % av rettshjelpssakene i landet inn på papir, og vi får stadig tilbakemeldingar frå sakshandsamarar om at dette fører til ein del ekstraarbeid på grunn av behov for dobbelrutinar for handsaming av fri rettshjelpssaker. For å få full effekt av løysinga held vi fast på våre tidlegare tilrådingar om å innføre eit krav om at alle advokatar og rettshjelparar må sende inn saker om fri rettshjelp elektronisk. Å gjere den elektroniske skjemaløysinga obligatorisk er i tråd med føringar frå Regjeringa om auka digitalisering i staten. Vi viser til dømes til at DFØ no har sett krav om at alle som leverer varer og tenester til statlege verksemdar no skal krevje elektronisk faktura.

### **Planlagde aktivitetar**

Vi planlegg å oppgradere rettsrad.no med start i første kvartal 2014. Målet er å løfte løysinga til dagens teknologi. Hovudpunkt for oppgraderinga er:

- Flytte autentisering til ID-porten i tråd med sentrale føringar
- Gjere løysinga uavhengig av More ved å bruke .NET
- Oppgradere til nyare versjonar av OS og database
- Forenkla sakshandsaminga gjennom oppgraderte skjema

Vi viser til fullstendig rapport per september 2013 for fleire detaljar.

## Resultatområde 99 Partistøtteordningen

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har ansvar for drift, forvaltning og vidareutvikling av den elektroniske løysinga <http://partistotte.fylkesmannen.no/PartistotteWeb/> på oppdrag frå FAD. Denne løysinga var i drift fram til 25. november. Etter den datoen lanserte vi ny løysing -partistøtteportalen: <http://partistotte.no>. Den viktigaste skilnaden på desse to datasystema er at i den nye portalen loggar ein seg på og vert identifisert via ID-porten (DiFi). Vi brukar MinID, Buypas og Commfides i denne løysinga. Vi utvikla den nye løysinga mellom anna fordi lov om partistøtte vart endra 01.03.2013. I den gamle portalen var det ikkje lagt til rette for at partia kunne stadfeste kontoopplysningar, slik det heller ikkje var krav om før lovendringa. I den nye løysinga er kravet om å stadfeste kontoopplysningar er bygd inn i søknadsskjemaet frå starten av.

Vi har ansvar for utbetaling av partistøtte til alle fylkes- og kommuneparti og til ungdomsparti i fylka. Rådata frå løysinga er publiserte på data.norge.no. I tillegg ligg alle utbetalingar på nettsida til Fylkesmannen : <http://partistotte.fylkesmannen.no/PartistotteWeb/>

Alle fylkesmenn og Partilovnemnda er brukarar av løysinga. I tillegg kjem alle partilag som ønskjer å søkje om og få utbetalt statstilskot.

Vi har rapportert til FAD om utvikling og status, mellom anna i tre møte i 2013.

## Andre

### Ressursrapportering

Vi har ingen vesentlege avvik.

	<b>Resultatområde</b>	<b>Kapittel 1510</b>	<b>Fagdep.</b>
91 Andre faglige oppg. på oppd. for statlige virk.	kr 9 296 914,51		kr 0,00
92 Andre faglige oppgaver for ikke-statlige virk.	kr 500,00		kr 0,00
95 Ressursbruk knyttet til adm/felles oppg./drift	kr 23 133 196,95		kr 0,00
Sum:	kr 32 430 611,00		kr 0,00